

PREMISS: KULTUR

REGIONAL KULTURPLAN FOR HORDALAND
2015-2025

museum og kulturminnevern
arkiv
kunstproduksjon og kulturformidling
bibliotek
fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Innhald

1. EIN LEIANDE KULTURREGION.....	4
1.1 Med kultur for utvikling.....	4
1.2 Visjon, kulturomgrepet og kva planen omfattar.....	4
1.3 Planen sitt føremål.....	5
1.4 Kulturpolitiske mål for Hordaland.....	6
1.5 Rammer for planarbeidet.....	6
2. OFFENTLEG ARBEIDSDELING PÅ KULTURFELTET	7
2.1 Forankring av kulturpolitikken	7
2.2 Statleg kulturpolitikk.....	8
2.3 Kommunal kulturpolitikk.....	10
2.4 Fylkeskommunal kulturpolitikk	11
2.5 Verkemiddel og støtteordningar.....	12
3. KULTURSTATUS HORDALAND	17
3.1 Pengebruk til kultur i kommunane	17
3.2 Budsjett for kulturføremål i Hordaland fylkeskommune	18
3.3 Statleg pengebruk i Hordaland	19
3.4 Spørjeundersøkingar	18
3.5 Oppsummering	19
4. KULTURPOLITISKE UTFORDRINGAR.....	21
4.1 Endringar i busetnad og infrastruktur.....	21
4.2 Formidling og deltaking	21
4.3 Verdiskaping	22
4.4 Samordning og samhandling	22
4.5 Kulturminnevern og museum.....	23
4.6 Arkiv	26
4.7 Kulturformidling og kunstproduksjon.....	28
4.8 Bibliotek.....	28
4.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	30
5. INNSATSOMRÅDE	31
5.1 Endring i busetnad og infrastruktur.....	31
1. Urbanisering, stadutvikling, bygningar og landskap	31
2. Arenautvikling – infrastruktur	32
5.2 Formidling og deltaking	34
3. Demokrati og kulturkritikk	34
4. Digital allmenning	35
5. Inkludering	35
6. Nynorsk kulturstrategi.....	36
5.3 Verdiskaping	37
7. Frivilligkeit.....	37

8. Kulturbasert næringsutvikling/Kulturnæringer	38
5.4 Samordning og samhandling	39
9. Samhandling mellom forvaltningsnivåa	39
10. Samhandling mellom private og offentlege aktørar	40
11. Kulturregion Vestlandet	40
12. Internasjonalisering.....	40
13. Verkemiddel og støtteordningar	41
14. Kompetanse.....	41
5.5 Kulturminnevern og museum.....	42
15. Dokumentasjon.....	42
16. Museumsløft	43
17. Kulturminne som ressurs	43
18. Utvalde kulturminnekategoriar	44
19. Verdsarv	45
20. Lokalt kulturminnevern og museum.....	46
21. Forvaltning i kulturminnevernet	47
22. Tradisjonsuttrykk.....	48
5.6 Arkiv	48
23. Heilskapleg samfunnsdokumentasjon	48
24. Lokalhistorisk arbeid	49
25. Fotobevaring.....	49
5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling.....	50
26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet.....	50
27. Kunstmøtet - det profesjonelle kunstfeltet	51
28. Amatørkultur	53
5.8 Bibliotek.....	55
29. Tilgang til moderne og attraktive bibliotek	55
30. Biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt	56
31. Bibliotek til barn og ungdom	56
32. Digitale ressursar – tilgjenge, brukarmedverknad og nyskaping.....	57
33. Lesing og formidling av litteratur.....	58
34. Forpliktande biblioteksamarbeid	58
35. Kompetanse i biblioteka	59
5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	60
36. Fysisk aktivitet	60
37. Idrett.....	61
38. Friluftsliv.....	62
39. Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	63
6. PLANPROSESSEN	66
9. REFERANSAR	67

1. EIN LEIANDE KULTURREGION

1.1 Med kultur for utvikling

Hordaland vil oppleve store endringar i løpet av planperioden 2015-2025. Fylket er inne i ei utvikling med transformasjonsprosessar som gjev utfordringar på alle politikkområda. Folketalet vekst kraftig mot sentra og langsetter kysten, særleg i Bergensområdet. Nokre område opplever fråflytting og folketalsnedgang. Fleire sentra utviklar seg til småbyar. Det er aukande sentralisering og urbanisering i Hordaland, som elles i landet. Av andre utviklingstrekk kan nemnast; klimautfordringar, omlegging i arbeidslivet frå tradisjonell industri til kompetansekrejvande sysselsetting og ei samansetning av befolkninga med fleire eldre og fleire med innvandrarbakgrunn. Det er venta auka sosial ulikskap. Hordaland er eitt av dei sterkeste vekstfylka i landet, internasjonalt orientert og eit av dei tre fremste eksportfylka nasjonalt – alle dei tre ligg på Vestlandet.

Globaliseringa endrar kulturlivet. Fleire kulturaktørar i Hordaland har eit internasjonalt verkefelt. Hordaland har kunst, kulturinstitusjonar, prosjekt og arrangement som markerer seg i europeisk samanheng. I Europa har regionane på visse område blitt meir framtredande, uavhengig av nasjonalstaten. Vestlandet og Hordaland kan spele ei rolle som ein viktig kulturregion i Europa.

Kulturpolitikken inngår i ein vidare samfunnssamanhang. I botn for kulturplanen ligg spørsmål om kva dei venta samfunnsendringane vil tyde for utfordringar og prioriteringar innan kultur og idrett. Kva trengst av areal, anlegg, aktivitetar og tilbod? Korleis bør innretninga og fordelinga vere? Korleis kan vi mønstre ein regional strategi i høve den aukande sentraliseringa av makt og midlar til hovudstaden? Dette er sentrale problemstillingar i PREMISS: KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Regional kulturplan legg til grunn at kultur har sin klare eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde. Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom.

I Hordaland skal kulturpolitikken vere ein grunnleggande premiss for samfunnsutviklinga. Kultursatsinga skal fremje utvikling og livsfremjande aktivitetar hos det enkelte mennesket, i samfunnet og ha verkemiddel for å ta vare på og utvikle verdiar og ressursar. Kultur- og idrettspolitikken skal sikre ein sterk kulturell infrastruktur av kultur- og idrettsarenaer ute og inne og eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Innbyggjarane i heile fylket skal ha tilgang på eit rikt og mangfaldig kulturliv.

Kultur er eit av dei mest sentraliserte politikkområda i Noreg. Det er naturleg at hovudstaden har viktige hovudstadsfunksjonar også på kulturfeltet, men det trengst fleire, tunge kulturelle sentra i landet, som byr Osloregionen konkurranse på kvalitet, nyskapning, merksemd og statlege midlar. Hordaland er eit sterkt kulturfylke og bør gjere kravet om tunge kulturelle sentra i heile landet til felles sak med andre fylke.

Regional kulturplan skal ut frå Plan- og bygningslova «legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen»¹. I samsvar med Plan- og bygningslova omfattar planen heile kultur- og idrettsfeltet i Hordaland, også verksemd som ligg utanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Planen skal vere eit samordnande styringsdokument for alle tre forvaltningsnivåa og peike ut retninga for ein offensiv kultur- og idrettspolitikk i Hordaland fylke.

Omgrepet regionalt vert i høve til nemninga regional kulturplan avgrensa til det geografiske området Hordaland som er fylkestinget sitt verkeområde. Elles er det brukt om geografiske einingar og samarbeid over kommune- og fylkesnivå.

1.2 Visjon, kulturomgrepet og kva planen omfattar

Visjonen for Regional kulturplan er å vidareutvikle Hordaland som ein leiande kulturregion. Visjonen gjev uttrykk for ein ambisjon om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdiar. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå. Visjonen føreset monalege statlege, regionale og kommunale ressursar og samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemder og

¹ Plan og bygningslova §8-2, 2008

forvaltningsnivå. Kultur- og naturarv skal ivaretakast, tradisjonar vidareutviklast og utfordrast og nye uttrykk skal skapast.

Grunntydinga av ordet *kultur* på latin, er avleia av å dyrke, utdanne, danne, oppdra og foredle. Kultur handlar om å vidareutvikle og foredle råstoff og ressursar, både menneskelege og dei ein finn i naturen og i samfunnet. Dermed handlar kulturpolitikken om vilkåra for utvikling for det enkelte mennesket, for menneska i samspele med kvarandre og for tilhøvet mellom menneska og ressursane. Kultur bør vere grunnleggande premiss for alle sider ved samfunnsutviklinga og spenner frå danning og utdanning til næring, stadutvikling og miljø.

PREMISS: KULTUR er Hordaland sin samla politikk for kultur fram mot 2025. Omgrepet kultur vert i planen nytta som eit samleomgrep og inkluderer heile spekteret i kulturlivet: museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kulturformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Utviklinga av dei fysiske omgjevnadane med arkitektur og stadutvikling er sektorovergripande politikkområde. I PREMISS: KULTUR vert den estetiske formainga og forvaltinga av bygningar, omgjevnader og landskap tematisert, likeins samanhengen mellom kulturminne, landskap og ny arkitektur og tydinga for lokal, regional og nasjonal identitetsskaping. Kultur har ei grunnleggjande rolle for utformainga av ein politikk som fremjar ei berekraftig utvikling og bør integrerast som strategisk verkemiddel i regionalt, nasjonalt og internasjonalt utviklingssamarbeid.

Kultur integrert i utviklingsverksemd, bygger på kunsten sin eigenverdi. Kunstpolitikken er ein del av kulturpolitikken, men er i sin karakter avantgarde og dannar fortropp, opnande og grenseoverskridande i høve forståing, erkjenning og nye utrykk. Kunsten let seg ikkje definere eller innordne i utviklingsarbeid, men fremjar undrings- og endringsevna i samfunnet, ved provokasjon og spørjande haldning.

Eit heilskapleg syn på mennesket er berande i planen, med mål om å fremje utvikling av aktive, skapande og samhandlande menneske. Kulturplanen har såleis eit vidt verkefelt, frå eldre kulturhistorie og kulturminne, produksjon og formidling av dagsaktuelle kunstuttrykk til fysisk aktivitet, idrett, og friluftsliv. Planen omfattar både profesjonelt og frivillig kulturliv, arenaer og kulturaktivitetar. Kultur er òg eit fundament i folkehelsearbeidet og bidreg til helse og trivsel for innbyggjarane. Å samle heile kulturområdet i ein plan, er å invitere til eit felles arbeid for å skape eit større, sterkare og meir heilskapleg kulturfelt.

1.3 Planen sitt føremål

Hovudføremålet med planen er å skape grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer, internt i fylket og i høve eksterne aktørar. Kultur er eit sentralisert politikkområde, og verkemidla er fragmenterte og lite samordna. Den sterke satsinga på Oslo som hovudarena for den statlege kultursatsinga, er med og utarmar det regionale kulturarbeidet, og svekker det mangfaldet sterke og ulike regionar kan framvise. Fylkeskommunen har eit særleg ansvar for å sjå dei ulike ressursane i samanheng, for å styrke samvirket mellom forvaltningsnivå og mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Fylkeskommunen bør ta eit samlande grep i høve kommunane, og der statlege verkemidlar er spreidde på fleire departement utan heilskapleg ansvar. Fylkeskommunen bør ha eit særleg ansvar for å fremje ein sektorovergripande kulturpolitikk.

Kulturplanen gjev grunnlag for prioriteringar i den fylkeskommunale kultur- og idrettssatsinga og for den samla kulturpolitiske satsinga i fylket. Planen skal sikre mangfold, men også spissing av satsingar og verkemiddel. Planen bygger på regionale føresetnader og skal styrke Hordaland som kulturelt kraftsenter nasjonalt og internasjonalt. Eit viktig siktemål er å identifisere dei områda Hordaland kan posisjonere seg på.

Kulturpolitikken skal setjast i verk der folk bur og der ressursane er. Dette gjev det beste utgangspunktet for innovasjon og produktutvikling, for menneskeleg utfalding og opplevingar. Koplinga av kunnskap og forsking, kunstnarleg utviklingsarbeid og kulturutvikling er mest produktiv i ein desentralisert modell. Ein aktiv og målretta kulturpolitikk i Hordaland vil vere eit viktig bidrag til den nasjonale kulturutviklinga.

For å kunne peike ut retninga for kultur- og idrettspolitikken i Hordaland, er det avgjerande å identifisere og synleggjere dei kulturpolitiske utfordringane. Dette er gjort i eit omfattande utgreiingsarbeid, som gjev eit kunnskapsgrunnlag med ein verdi ut over det å vere faktagrunnlag for planarbeidet. Kulturstatus for Hordaland er ein del av planen, som forløpende vil verte oppdatert i samsvar med ny kunnskap.

1.4 Kulturpolitiske mål for Hordaland

Visjonen for Regional kulturplan 2015-2025 er:

Hordaland skal vere ein leiande kulturregion

1. *Hordaland skal ha ein offensiv kulturpolitikk*
2. *Kulturpolitikken skal fremje demokrati og ytringsfridom*
3. *Hordaland skal ha eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv, med tilgang for alle*
4. *Kulturpolitikken skal fremje og støtte eit sterkt frivillig kulturliv*
5. *Hordaland skal ha eit sterkt, profesjonelt kulturliv som fremjar skapande og frie kunstuttrykk*
6. *Kulturpolitikken skal identifisere og styrke miljø og aktivitetar der Hordaland er eller kan vere leiande*
7. *Bærekraftig utvikling og forvalting av landskap, miljø og anlegg skal gje grunnlag for eit rikt kulturliv over heile fylket.*
8. *Kultur skal vere integrert i utviklinga av alle samfunnsområde, med kvalitet i både tradisjonar og nyskaping*

Barn og ungdom har ei spesiell merksemd innan alle målområda og er eit gjennomgående tema i planen.

1.5 Rammer for planarbeidet

Regional kulturplan inneholder visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde. Konkrete tiltak finst i det fireårige handlingsprogrammet, som skal rullerast årleg i samband med Hordaland fylkeskommune sin budsjettprosess.

Regional kulturplan erstattar:

Fylkesplan for Hordaland 2005-2008

Regional plan for museum 2011-2015

Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010

Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012.

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland har vore styringsgruppe for planarbeidet. Saksordførar har vore Nils Marton Aadland. Planen har vorte til gjennom ein prosess med vekt på brei medverknad og demokratisk forankring. Frivillige organisasjonar, statlege og kommunale verksemder har vore inviterte inn i planarbeidet. Det har mellom anna vore innspelsmøte i alle regionane i Hordaland. I tillegg har representantar frå institusjonar, organisasjonar og lag vore med på tematiske møte. Oversikt over planprosessen står bak i planen.

Lovverk, stortingsmeldingar, internasjonale konvensjonar, nasjonale strategiar, regionale planar og ulike undersøkingar har lagt føringar for arbeidet med planen. I tillegg har det vore teke omsyn til kommunale planar innan kultur- og idrettsfeltet.

2. OFFENTLEG ARBEIDSDELING PÅ KULTURFELTET

2.1 Forankring av kulturpolitikken

Kulturpolitikken er forankra i nasjonal lovgjeving og politikk og ratifisering av internasjonale konvensjonar.

Noreg ratifiserte 17. januar 2007 Unesco sin konvensjon frå 2005 om eit mangfold av kulturuttrykk. Det vert mellom anna lagt vekt på å styrke kulturdimensjonen si grunnleggande rolle i utforminga av ein politikk som inneber berekraftig utvikling, ivaretaking av verda sin kultur- og naturarv, kunnskap, kommunikasjon og ytringsfridom.²

Kulturlova, som tredde i kraft 1. aug 2007, gjev retningslinjer for kulturfeltet i samsvar med Unescokonvensjonen frå 2005. Lova omfattar ikkje idrett og friluftsliv:

§1: *Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk.*

§3: *Staten skal fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd over heile landet gjennom rettslege, økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak. Staten skal utforma verkemiddel og gjennomføra tiltak for å fremja og verna eit mangfold av kulturuttrykk i samsvar med internasjonale rettar og plikter.*

§4: *Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt.*

§5: *Staten, fylkeskommunen og kommunen skal syta for at*

- a. *at kulturlivet har føreseielege utviklingskår,*
- b. *å fremja profesjonalitet og kvalitet i kulturtilbodet og leggja til rette for deltaking i kulturaktivitetar,*
- c. *at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak.*³

Kulturminnelova omhandlar kulturminnevern som eit felles ansvar :

*Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å ivareta disse ressursene som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og framtidige generasjoners opplevelse, selvforsråelse, trivsel og virksomhet.*⁴

Kulturminne er kjelder til kunnskap, oppleveling og bruk. Vern av kulturminne er grunngjeve i to forhold: ein skal sikre ikkje-fornybare ressursar frå øydelegging, samstundes som ein skal legge til rette for at kulturminna inngår i lokal samfunnsutvikling og verdiskaping.

I tråd med nasjonal politikk og gjeldande lovverk skal omsynet til kulturminne sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Forvaltingsansvaret i kulturminnevernet er delt mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Fylkeskommunen og staten forvaltar kulturminne etter kulturminnelova. Kommunane har eit særleg ansvar gjennom rolla si som lokal styremakt med heimel i plan- og bygningslova.

UNESCO sin konvensjon frå 1972, for vern av verda sin kultur- og naturarv, er ein global avtale som forpliktar partslanda til å identifisere, verne, bevare, formidle og overføre til framtidige generasjonar den delen av verdsarven som måtte finnast på eige territorium. Konvensjonen vart vedteken i Dei sameinte nasjonane i 1972 og ratifisert av Noreg i 1977. Noreg ratifiserte i 2006 Unesco sin konvensjon om vern av den immaterielle

² Utanriksdepartementet. Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 20. oktober 2005 om å verne og fremme et mangfold av kulturuttrykk, 2006

³ Kulturlova, 2007

⁴ Kulturminnelova §1, 1978

kulturarven. Konvensjonen sitt føremål er å verne immaterielle kulturuttrykk og synleggjere og sikre respekt og anerkjenning for samfunnsgrupper og enkeltpersonar sin ikkje- materielle kultur. Konvensjonen legg ansvar på det norske samfunnet for bevaring av immateriell kulturarv.⁵ Norges dokumentarv er den norske delen av UNESCOs Memory of the World-register. Norges dokumentarv skal synleggjere kulturarv i Noreg med blant anna dokumenter, arkiv, manuskript og audiovisuelt materiale.

Arkivlova har som føremål å sikre arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi, eller som inneholder rettsleg eller viktig forvaltungsmessig dokumentasjon, slik at dei vert tekne vare på og gjort tilgjengelege for ettertida.

Folkebiblioteklova definerer kvart folkebibliotek sitt føremål, verksemd og ansvar og oppgåvefordeling mellom forvaltningsnivåa. Ifølgje lova skal folkebiblioteka fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon. Folkebiblioteka skal vere uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt. Kommunane har ansvar for dei lokale folkebiblioteka. Lova slår fast at alle kommunar skal ha eit folkebibliotek. Fylkeskommunen har lovpålagt ansvar for å ivareta regionale bibliotekoppgåver og bibliotekutvikling, medrekna det å gi råd til lokale myndigheter, yte bibliotekfagleg rettleiing og arrangere møte og kurs om bibliotekspørsmål.

Folkehelsearbeidet skal ifølgje Folkehelselova fremje helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege etatar set i verk tiltak og samordnar folkehelsearbeidet.

Pengespellova fordeler overskotet frå speleverksemda med 56 % til idrettsformål, 26 % til kulturformål og 18 % til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, som ikkje er knytt til Norges idrettsforbund. Midlane til idrettsformål og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, som ikkje er knytt til Norges idrettsforbund, vert fordelt av Kongen. Midlane til kulturformål vert fordelt med 11,1 % av Stortinget og 14,9 % av Kongen.⁶

Fylkeskommunane har gjennom kongeleg resolusjon av 3. april 1987 fullmakt til å fordele dei spelemidlane som kvart år vert stilte til disposisjon for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Departementet krev at fylka og kommunane har ein planforankra anleggs- og aktivitetspolitikk.

Friluftslova skisserer kommunen, fylkeskommunen og Fylkesmannen sine arbeidsoppgåver med å fremje allmenne friluftsinteresser. Fylkeskommunen skal medverke i sakshandsaminga av saker som vert handsama av eit statleg organ. Departementet kan gi fylkeskommunen ansvaret for nærmare bestemte oppgåver for å fremje og legge til rette for friluftslivet. Kommunen og fylkeskommunen har rett til å opptre, klage og i tilfelle reise søksmål for å ivareta allmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet.

2.2 Statleg kulturpolitikk

Dei statlege dokumenta som er lista opp bak i planen gjev føringer for regional og lokal kulturpolitikk.

Inkluderingsmeldinga legg vekt på utviklinga av ein kultursektor der alle har like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne. Eit sterkt og dynamisk kulturliv som manifesterer seg i eit mangfold av kulturuttrykk skal vere ein sentral del av eit inkluderande samfunn. Kunst og kultur set dagsordenen, bidreg til meiningsdannninga i samfunnet og gir stemme til menneske som elles ikkje blir høyrt. Slik kan kunsten bidra til endring og inkludering i samfunnet.

Kulturminnevern er ein sektor med klare statlege mål. Målet om ei berekraftig forvalting av kulturminne og kulturmiljø er formulert i stortingsmeldingar frå Miljøverndepartementet: «Regjeringens miljøvernopolittikk og rikets miljøtilstand» og «Leve med kulturminner». Stortingsmeldinga frå Miljøverndepartementet «Framtid med fotfeste», stadfestar retninga på kulturminnepolitikken. Det er etablert ei rekke statlege bevaringsprogram. Dei nasjonale resultatmåla slår mellom anna fast at innan 2020 skal tap av kulturminne frå nyare tid og arkeologi minkast, eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal fredast, og freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå.

⁵ Utanriksdepartementet. Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven, 2006

⁶ Lova vart sist endra i 2013. Lova kan bli endra også i 2014 som konsekvens av stortingsmelding frå Kulturdepartementet; «Den norske idrettsmodellen», med ei endring av spelemiddelnøkkelen (opp trapping til at 64% av overskotet skal gå til idrettsføremål.)

Stortingsmeldinga frå Kulturdepartementet: «Kjelder til kunnskap og oppleving. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet», la grunnlaget for ei nasjonal museumsreform og etablering av nye nettverk innanfor sektoren. Meldinga «Framtidas museum» etablerer klare forventingar til museumssektoren i høve forvalting, formidling, forsking og fornying, og ønsker «..å legge til rette for å styrke den faglige dimensjonen i de enhetene som nå inngår i det nasjonale museumsnettverket...Nå skal utvikling av museene som museumsfaglige kunnskapssentra og solide organisasjoner prioriteres. Museene skal bli i bedre stand til å utvikle seg som profilerte samfunnssinstitusjoner»⁷. Meldinga legg vekt på at musea skal vere aktørar i utviklinga av samfunnet.

I stortingsmeldinga «Kultur i tiden», vart arkitektur, design og omgjevnadene for første gang sett som ein del av norsk kulturpolitikk. Meldinga la til rette for å ei satsing på kvaliteten i dei fysiske omgjevnadene. «Kulturpolitikk fram mot 2014» tok for seg arkitektur og design som del av kulturpolitikken. Kulturløftet II var ei følgje av meldinga, og innebar auka satsing på kvalitet i arkitektur, design og kunst i offentleg rom.

I 2009 publiserte regjeringa den første statlege arkitekturplanen, *arkitektur.nå. Norsk arkitekturpolitikk*. Planen er resultat av eit samarbeid mellom 13 statlege departement. Dokumentet klargjer hovudutfordringar på arkitekturfeltet, skisserer visjonar og mål for arkitekturpolitikken, og formulerer tiltak. I planen gjeld omgrepene *arkitektur* alle menneskeskapte omgjevnader; *"Det favner både bygninger og anlegg, uterom og landskap. Det handler om enkeltbygg og bygninger i samspill, om helheten i byer, tettsteder og landskap"*.⁸ Arkitektur er uttrykk for samfunnet sin kultur og identitet, og bidreg til velferd, berekraftig forvalting og verdiskaping. God arkitektur er attraktive, funksjonelle og universelt utforma byggverk og omgjevnader som bidreg til høg livskvalitet.

Aktuelle utfordringar der bygningar, byar og tettstader står andsynes klimaendring, vekst og transformasjon, fører til behov for ein heilsakleg arkitekturpolitikk. Planen legg til grunn at styresmaktene skal vere eit førebilete som mynde og byggherre. Byar, tettstader og hus skal utviklast med arkitektonisk kvalitet, det skal takast omsyn til miljø- og energispørsmål og kulturminne og miljø skal sikrast. Gjennom kunnskap, kompetanse og formidling skal ein løfte norsk arkitektur og gjere den til eit internasjonalt føredøme.

I 2013 kom den første stortingsmeldinga frå Kulturdepartementet om arkiv. I «Arkiv» er det overordna perspektivet å sikre bevaring og tiljengeleggjering av arkiv frå alle samfunnssektorar – arkiv som har kulturell, forskings- eller dokumentasjonsverdi. Målet er ein heilsakleg samfunnsdokumentasjon, der arkiv frå statleg, kommunal og privat sektor utfyller kvarandre og dokumenterer samfunnet på ulike måtar. Riksarkivet skal vere nasjonal koordinator og pådrivar i eit målretta arbeid mot heilsakleg samfunnsdokumentasjon. Ein premiss for arbeidet, er at det skal utviklast og gjennomførast i eit nært og breitt samarbeid med relevante aktørar innanfor dei ulike samfunnssektorane og arkivmiljøa.

Kulturløftet I vart lansert i 2004 og slår mellom anna fast at 1 % av statsbudsjettet skal nyttast til kultur innan 2014. *Kulturløftet II* vart presentert hausten 2009. Mellom dei prioriterte satsingane var styrking av filmmiljøa i regionane, styrking av støtteordningar til norsk musikk og til dans og teater. Vidare vart det varsla ei styrking av distrikts- og regionsoperaene og satsingar innan arkitektur, visuell kunst og kunsthåndverk, samt auka kulturutveksling, kultur og næringsprosjekt og kulturarenaer.

Regjeringa la i 2007 og i 2013 fram handlingsplanar for kultur og næring, med konkrete tiltak for at kulturnæringane skal bidra til meir kreativitet og innovasjon i samfunnslivet.

Departementet la i 2008 fram ein plan for norsk Scenekunst, *Bakkulissene St. meld. nr. 32 (2007–2008)*, der det vart varsla ei oppgradering av den frie scenekunsten og ei auke i avsettinga til dans. Strategien «Dans i hele landet» vart vedteke i 2013.

Regjeringa la i 2012 fram St. meld. nr. 23 (2011–1012) for visuell kunst. Den foreslår mellom anna oppretting av ei ordning for arrangørstøtte under Norsk kulturfond, også på det visuelle kunstfeltet, og ein revisjon og utviding av avtalen om utstillingsvederlag. Vidare foreslår regjeringa i meldinga å etablere to nye stipendordningar som erstatning for den gamle ordninga med garantiinntekt.

Regjeringa la i 2008 fram ein plan for rytmisk musikk, *Samspill – et løft for rytmisk musikk St. meld. nr. 21*

⁷ Kultur- og kyrkjedepartementet, «Framtidas museum», 2009

⁸ Kultur- og kyrkjedepartementet, «arkitektur.nå : norsk arkitekturpolitikk», 2009

(2007–2008). Blant forslaga var ny struktur med fire tilskotsordningar for feltet; fonogram-, arrangør-, musiker- og utstyrssordning, samt samanslåing av tilskota i Norgesnettet og Musikkverkstsordninga. Undersøkinga «*Kunstnernes aktivitet, arbeids- og inntektsforhold*», 2008, vart gjennomført på oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Undersøkinga avdekker låg gjennomsnittleg inntekt og store inntektsulikskapar mellom kunstnarar.

Grunnlaget for dagens politikk på filmfeltet vart lagd i St.meld. nr. 22. (2006-2007) *Veiviseren*: I denne meldinga vert det slått fast at den norske marknaden er for liten til å halde oppe ein nasjonal filmproduksjon på kommersielle vilkår. Offentleg medfinansiering er naudsynt. Meldinga la opp til ei ambisiøs målsetting på for produksjon- og for norsk film sin del av den totale marknaden. Det er venta ein ny melding om filmpolitikken våren 2015. Faktagrunnlaget for denne meldinga ligg alt føre i form av to utgreingar: *Åpen Framtid – en utredning om økonomien og pengestrømmen i filmbransjen* (2014) og *Utredning om incentivordning for film- og tvproduksjon*. (2014).

Av andre utgreingar kan nemnast: St.Meld 22 (2004/2005) Kultur og næring Kapittel 6 omhandlar næringsmessige aspekt ved den audiovisuelle industrien. Handlingsplan for filmsatsingen på barn og Unge 2009-2011 og 2012-2013. Styrke barn og unges posisjon i den samla filmpolitikken. Sysselsetting og synlighet – Filmproduksjon i Bergen mot 2020. Dette er Norges første kommunalefilmmelding.

Løken-utvalet leverte i 2008 rapporten «*Forenklet, samordnet og uavhengig – Om behov for endringer i tilskuddsforvaltningen for kunst- og kulturfeltet*». Rapporten la grunnlaget for oppretting av ein forvaltningsfunksjon innanfor Kulturrådet, mellom anna med flytting av mottakarar av driftstilskot frå statsbudsjettet til post 74 under Norsk kulturråd.

I Kultur- og kyrkjedepartementet si melding «Bibliotek : kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid», vert det peika på den viktige samfunnsmessige funksjonen biblioteka har, og det at biblioteka sine oppgåver er fordelt på fleire forvaltningsnivå og ligg i skjeringspunktet mellom fleire politikkområde. Meldinga held fram at særleg folkebiblioteka treng eit løft for å møte framtidas behov for moderne biblioteknester og uformelle møteplassar.

Folkehelsemeldinga, med undertittel «God helse – felles ansvar» frå 2013, har tre hovudmål: Noreg skal vere eit av dei tre landa i verda som har høgast levealder, befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse, trivsel og reduserte sosiale helseulikskapar og ein skal skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga.

Idrettsmeldinga i 2012 frå Kulturdepartementet, «Den norske idrettsmodellen», held fram at staten sin visjon for idrettspolitikken er idrett og fysisk aktivitet for alle. Målet er å legge til rette for at alle som ønskjer det skal ha moglegheit til å delta i idrett eller drive eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv.

Friluftsmeldinga frå 2001; «*Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet*», tydeleggjer at staten sitt mål for friluftsliv er at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. I to nye strategiar frå Miljøverndepartementet for 2014-2020: «*Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv*» og «*Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder*», vert satsinga spissa mot å legge til rette for friluftsliv i nærmiljøet, i/ved byar og tettstader og å auka kvardagsaktiviteten.

2.3 Kommunal kulturpolitikk

I følgje Kulturlova skal kommunane legge til rette for eit breitt spekter av kulturtilbod og syte for organisatoriske og økonomiske rammer. Lova inneber at kommunane har eit sjølvstendig ansvar i forhold til å ha ein communal kulturpolitikk. Samstundes er kommunane sitt handlingsrom avhengig av rammene dei andre forvaltningsnivåa definerer, både når det gjeld økonomi og kompetanse. Statlege og fylkeskommunale planar og løyvingar legg premiss for lokal kulturpolitikk.

Noko av den kommunale planlegginga og forvaltninga får rekkevidde over kommunegrensene gjennom interkommunalt samarbeid. Det finst fleire døme på slikt samspel på kulturområdet i Hordaland.

Bergen er i ei særstilling, som fylkeshovudstad med ei svært omfattande kultur- og idrettsverksemrd. Kommunen har separate planar for idrett/friluftsliv og resten av kulturområdet. Bergen sin kulturstrategi for 2003-2013 hadde visjonen «Den europeiske kulturbyen Bergen skal være blant Nordens fremste arenaer for

nyskaping, modighet, åpenhet og kreativitet». Bergen har gjennom meir enn to tiår hatt ein systematisk og offensiv politikk innan kulturminnevern, museum, kunst, bibliotek og idrett, med vektlegging både av arenaer, innhald, kompetanse og internasjonalisering. Det høge ambisjonsnivået er i samsvar med kva rolle Bergen må ha også regionalt. Fylkeshovudstaden skal vere lokomotivet i Hordaland sitt kulturliv. Bergen kommune sin visjon i idrettsplanen 2010-2019 er å vere «eitt skritt foran» og å styrke sin posisjon som ein av Nordens mest attraktive idrettsbyar. Bergen er motor i regionen i høve utvikling av nye anlegg, driftsformer, ved å arrangere store meisterskap og legge til rette for aktivitetar for ulike grupper.

Mange kommunar i Hordaland har planar på kulturområdet. Hovudmåla i Lindås kommune sin kulturplan for 2010-2020 kan tene som følge på moment mange av kommunane i Hordaland prioriterer i sin kulturpolitikk:

- Kulturlivet skal vere inkluderande og ope for alle.
- Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet. Lag og organisasjonar skal stimulerast og støttast.
- Bygdeidentiteten skal ivaretakast.
- Det skal leggjast til rette for gode oppvekstvilkår for barn og ungdom.
- Kulturtildelninga skal spegla kulturarven og samstundes vere nyskapande og synleg.

2.4 Fylkeskommunal kulturpolitikk

Den fylkeskommunale kulturpolitikken bygger, på same vis som den kommunale, på dei viktige kulturmeldingane *Om organisering og finansiering av kulturarbeid* (St.meld. nr. 8 (1973–74) og *Ny kulturpolitikk* (St.meld. nr. 52 (1973–74). Meldingane kom på same tid som fylkeskommunen vart oppretta (1976), og fylkeskommunane sto sentralt i realiseringane av «Den nye kulturpolitikken». Eit utvida, allment kulturomgrep stod sentralt, med kulturelt demokrati, eigenaktivitet og kulturpolitisk desentralisering. Den nye kulturpolitikken omfatta, i tillegg til kunstfeltet, også idrett, frivillig sektor og amatørverksemd. Utviklinga i Noreg var ein del av ei større kulturpolitisk utvikling i fleire europeiske land.

Hordaland fylkeskommune sin første kulturplan «Kultur er allemannseige» frå 1975 er eit uttrykk for den regionale iverksettinga av dei nye kulturpolitiske ideane.

I 1980-åra vart ei rekke oppgåver overførde frå statleg nivå til fylkeskommunane. I 1988 vart avgjerdsretten når det gjeld spelemidlar til idrettsanlegg og lokale kulturhus lagt til fylkeskommunen. Frå 1990 vart tidlegare statlege oppgåver innan kulturminnevernet lagt til fylkeskommunen, og frå 1991 fekk Riksconsertane si regionale forankring i fylkeskommunen. Frå 1993 er oppgåver under Utlendingsdirektoratet, no Integrerings- og mangfaltdirektoratet (IMDI) lagt til fylkeskommunen. Ansvaret for Den kulturelle skulesekken vart lagt til fylkeskommunane frå oppstarten i 2001.

Grunnlaget for fylkeskommunane si rolle i den nasjonale kulturpolitikken vart vidareført i seinare kulturmeldingar frå regjeringa; *Kulturpolitikk for 1980-åra* (St.meld. nr. 23 (1981–82), *Nye oppgåver i kulturpolitikken* (St.meld. nr. 27 (1983–84), *Kultur i tiden* (St.meld. nr. 61 (1991–92) og *Kulturpolitikk fram mot 2014* (St.meld. nr. 48 (2002–2003).

Parallelt med dei statlege oppgåvene, har fylkeskommunane utvikla ein sjølvstendig regional kulturpolitikk, og fylkeskommunen har ei rekke oppgåver på kulturfeltet, aleine eller i samarbeid med stat og/eller kommune. Fylkeskommunen skal syte for at det finst organisatoriske og økonomiske verkemiddel som fremjar kvalitet, profesjonalitet, spesialisering, utjamning og samhandling på tvers av kommunegrenser og mellom forvaltningsnivåa.

Fylkeskommunane har ifølge kulturminnelova eit ansvar for å forvalte kulturarven. Feltet spenner vidt og gjeld materielle kulturminne og samlingar, arkiv og historie, men også immaterielle kulturminne og handlingsboren kunnskap.

Hordaland fylkeskommune har gjennom vedteken politikk og forvalting ei samordna forvalting på felta kulturminnevern, museum og arkiv, bibliotek, idrett og friluftsliv. Kulturhistorisk arbeid på musea og kulturminnevern er to fagområde som står i nært samband med kvarandre. Museumsplan for Hordaland 1992, Fylkesdelplan for museum 2003-2008 og Regional plan for museum 2011-2015 har forma ein museumssektor som utgjer ein vesentleg del av den fylkeskommunale kulturpolitikken. Regional plan for museum 2011-2015 har som overordna mål: «*Musea skal utviklast som sterke kunnskapssenter og organisasjonar, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.*»⁹

⁹ Hordaland fylkeskommune, *Musea i samfunnet. Regional plan for museum 2011-2015*

Kulturminnevern er eit omfangsrikt forvaltingsansvar i fylkeskommunen, og ansvaret er heimla i kulturminnelova. Fylkesdelplan for kulturminnevern 1999-2010, var den første planen for dette feltet i Hordaland og strukturerer innsatsen. Planen har som overordna mål å forvalte kulturarven i Hordaland, slik at ein sikrar ei berekraftig utvikling og at kulturminne og kulturmiljø vert verna som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida.

Det er ikkje vedteken eigen fylkesdelplan for arkiv og lokalhistorie i Hordaland, men fagfeltet har delvis vore ivaretekne gjennom fylkesdelplanane for museum. Stortingsmeldinga frå Kulturdepartementet med tittel «Arkiv», frå 2012, legg opp til at ansvaret for å sikre heilskapleg samfunnssdokumentasjon skal skje i eit nært samarbeid mellom Riksarkivet og dei arkivfaglege miljøa elles i landet. Det er difor ei viktig målsetting å sikre at kompetente arkivfaglege miljø regionalt og lokalt kan vere med å utvikle og utfordre arkivpolitikken framover.

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 1994-97, var den første fylkesdelplan for bibliotek i Noreg. Planen viste seg å vere eit effektivt verkemiddel i arbeidet med å få til ei samla satsing på bibliotekutvikling i fylket. Planen vart revidert for åra 1998-2001, 2002-2005 og 2007-2010. Planane har gitt retning til og konkretisert bibliotekutviklingsarbeidet i fylket. Strategiar og tiltak har styrka fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør på dette feltet og som tenesteytar til kommunane. Eit resultat har vore etablering av fem regionale biblioteksamarbeid, som omfattar 30 kommunar. Arbeid med utvikling av biblioteka i dei vidaregåande skulane er også eit resultat av bibliotekplanlegginga.

Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012, uttrykker visjon, mål, strategiar og tiltak innan fagområda. Aktivits- og anleggspolitikken legg grunnlaget for samarbeid mellom offentlege, frivillige og private aktørar om å skape visjonen om ein aktiv kvar dag. Hovudmålet er at innbyggjarane i Hordaland skal kunne vere aktive kvar dag, etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Kulturdepartementet krev fylkesplan for å delegera det regionale ansvaret for tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

I Regional plan for folkehelse 2014-2025 er det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseulikskapar.

Hovudmål i framlegg til Regional plan for attraktive senter i Hordaland, er å fremje livskvalitet, robust næringsliv og miljøvenleg transport og legge til rette for vekst i heile fylket. Planen legg vekt på at det vert utvikla gode og attraktive sentra, der det er god balanse mellom handel, tenester, kulturtildel og bustader. Ei målsetjing er at sentra får eit definert sentrumsområde, som vert utvikla og fortetta med god arkitektur bygd på staden sin identitet og med gode offentlege areal og møteplassar. Planen legg òg vekt på at det kan skapast aktivitet og liv i sentrum heile døgnet. Planen peikar på behovet for offentleg områdeplanlegging for sentrumsområde.

Det er kommunane som har ansvaret for førstelinja innan kultur- og idrettspolitikken. Å sikre eit mangfold av tilbod nær der folk bur og arbeider, er først og fremst kommunane si oppgåve. Fylkeskommunen skal ha oversynet og sikre at spesialiserte tilbod innan arena og aktivitetar skal vere tilgjengeleg innan ein viss reiseavstand.

Nokre oppgåver og tilbod er det naturleg å utvikle på tvers av fylkesgrensene, i landsdelsregionen, t.d. ein regional kulturstrategi for dei fire vestlandsfylka gjennom Vestlandsrådet. Område det kan vere naturleg å samarbeide om, er utvikling av samanhengande landskapsområde for friluftsliv, som Vestkystparken, turløyper, fartøyvern og samtidskunstsatsing. Filmmelding for Vestlandet blir lagt fram for Vestlandsrådet i november 2014.

2.5 Verkemiddel og støtteordningar

Kulturpolitiske verkemiddel og støtteordningar er eit viktig politikkområde innanfor alle dei tre forvaltningsnivåa, noko også kulturlova slår fast. Medan staten har ansvaret for ein overordna politikk der ein, i tillegg til overordna fordeling, set nasjonale mål, driv samordning, utjamning og kontroll, har kommunane ei meir direkte tenesteyting til innbyggjarar og frivillig sektor og ansvar for lokal tilrettelegging av kulturverksamder.

Kommunane veier samla sett tungt i den nasjonale kulturpolitikken og kulturøkonomien. I Noreg er dei samla kommunale løvingane til kultur større enn dei statlege og dei fylkeskommunale. Norske kommunar løyver i snitt kring 4 % av budsjettet til kulturføremål.

Fylkeskommunane har først og fremst eit regionalt kulturpolitisk ansvar. Gjennom den regionale ståstaden, basert på både nærliek og avstand, har fylkeskommunane utvikla ein sjølvstendig kulturpolitikk som tek utgangspunkt i regionale særtrekk og føremoner og er basert på regional kompetanse og kulturell infrastruktur. Målretting av økonomiske verkemiddel og sektorovergripande utviklingsarbeid står sentralt i den regionale kulturpolitikken. Verkemidla er først og fremst økonomiske tilskot, kompetanseutvikling og partnarskap. Forskarar har peika på tendensar til instrumentell kulturpolitisk tenking i fylkeskommunane, særleg der kulturpolitikken vert for tungt legitimert innanfor den regionale utviklarrolla. På det frie kunstfeltet har likevel fylkeskommunane ei avgjerande rolle for dei regionale kunstpolitiske knutepunkta, som til dømes kunstsentrer, filmsentra og fylkesfemnande organisasjonsledd. Likeins medverkar fylkeskommunane tungt til drift av landsdelsinstitusjonar, knutepunktinstitusjonar og regionale museum.

I det vidare skal det gjerast nærmere greie for dei fylkeskommunale verkemiddel og støtteordningar, og kva kriteria som skal ligge til grunn for tildelingar i planperioden.

Det er to hovudformer for tildeling av tilskot; tilskot til drift og tilskot til prospekt og tiltak.

Tilskot til drift

Tilskot til drift utgjer fylkeskommunen sitt viktigaste, og samla sett, tyngste, bidrag til finansieringa av kulturlivet i fylket. Kvar tildeling skal grunngjevast med klår forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet. Grunngjevinga skal vere tydeleg formulert og tilgjengeleg, både internt og for allmenta.

Driftstilskot er ikkje knytt til eit særskilt tiltak/prospekt, men gjeld verksemda som heile. Det er knytt til verksemda sine vedtekne føremål og planar og grunngjeve ut frå dei fylkespolitiske målsettingane på feltet. Tilskotet har eit langsiktig, strategisk preg, og går som hovudregel til varige føremål. I dette ligg implisitt at verksemda har ei tyding for kulturlivet i regionen, som inneber at fylkeskommunen - ut frå vedtekne kulturpolitiske målsettingar - bør medverke økonomisk til drifta. For nokre sentrale regionale institusjonar vert tilskot ytt med grunnlag i samarbeidsavtale med stat og kommune om fordeling av tilskot til drift, eller slik det er bestemt av rammetilskot frå staten.

Det vert lagt opp til at driftstilskota ikkje skal vere tidsavgrensa, og ha ein stabilitet frå år til år. Det skal rapporterast årleg og det skal fremmest ny søknad for kvart budsjettår, med frist 1. april.

Fylkeskommunalt driftstilskot til frivillige organisasjonar/amatørkultur vil først og fremst rette seg mot fylkesfemnande organisasjonar/fylkesledd.

Tilskot til prospekt og tiltak

Tilskot til prospekt og tiltak vert tildelt i samsvar med politisk vedtekne retningsliner for den enkelte ordning. Alle tilskotsordningar i fylkeskommunen skal vere utforma og grunngitt med klår forankring i dei fylkespolitiske målsettingane på kulturområdet.

Fylkeskommunen forvaltar også fleire statlege tilskot til ulike føremål som kulturminne, lokale kulturbrygg, friluftsliv og arenaer. Her vert midlar fordelt i samsvar med retningsliner gitt av aktuelle organ.

Eit prospekt er i utgangspunktet ei målretta, tidsavgrensa og unik arbeidsoppgåve.

1. Oppgåva er av ein særleg karakter, det vil seie at oppgåva ikkje er løpende og varig, men har eit unikt og tidsavgrensa preg.
2. Oppgåva er målsett og planlagt, men då oppgåva er unik, kan det eksakte utfallet og resultatet i nokon grad vere usikkert.
3. Eit prospekt har ei midlertidig organisering, som gjeld for prospektperioden.
4. Oppgåva skal utførast innan klårgjorte avgrensingar med omsyn til tid og ressursar.

Kjernen i prosjektomgrepet er såleis at tiltaket er organisatorisk/økonomisk skilt frå søker si ordinære verksemde elles og at tiltaket er presist avgrensa i innhald og tid. I dette ligg mellom anna at det ligg føre ein prosjektplan, at tiltaket er organisert med eige prosjektansvar (styringsgruppe/referansegruppe) og at det ligg føre eige budsjett/finansieringsplan for tiltaket som er tydeleg skilt frå driftsbudsjettet for verksemda og eventuelle andre prosjekt.

Støtte kan og rettast inn mot avgrensa tiltak eller enkeltaktivitetar, som har lågare krav til prosjektorganisering, men likevel er unike. Kvart vedtak om slik støtte skal grunngjenvært i samsvar med kriteria for den aktuelle tilskotsordning.

Grunnleggjande omsyn ved tildeling av fylkeskommunalt tilskot over kulturkapittelet

I planperioden skal det, ved tildeling av driftstilskot, gjerast tydeleg greie for samanhengen mellom overordna mål og den einskilde tildeling. Om det vert gjort endringar og/eller det vert teke inn nye tilsegnsmottakarar i budsjettet, skal dette vere grunngjeve og forankra i same omsyn.

Tilsvarande skal det ved etablering av/ eller endring av tilskotsordninga til prosjekt og tiltak, gjerast tydeleg greie for samanhengen mellom ordninga og dei overordna kulturpolitiske måla.

Ved tildelingar av fylkeskommunalt tilskot til kultur- og idrettsføremål er det krav om:

A: Tydeleg grunngjeving innanfor kultur- og idrettsfeltet

Tildeling av tilskot skal ha tydeleg forankring og tyngdepunkt innanfor kultur- og idrettsfeltet. Ofte vil institusjonar og tiltak ha sider ved seg som i varierande grad rører ved andre føremål som til dømes opplæring, helse, sosiale omsyn, integreringsomsyn med meir. At tildelinga også kan bidra til å ivareta andre utanforliggjande omsyn, er ikkje problematisk og kan ved nokre høve verte vektlagt positivt. Føresetnaden er likevel at slike omsyn ikkje utgjer tyngdepunktet i grunngjevinga, men spelar ein meir avleia rolle i forhold til kulturomsynet

B: Tydeleg grunngjeving i regionale omsyn

Fylkeskommunen si regionale rolle er mellom anna nedfelt i kulturlova. Omsynet til det regionale, er ein gjennomgåande premiss og føresetnad for tildelingar av tilskot til drift og tilskot, både direkte over budsjett og innanfor etablerte tilskotsordninga. Det regionale ansvaret må avgrensast mot og harmoniserast med kommunane og staten sitt ansvar.

Fylkeskommunen skal til dømes ikkje tildele tilskot, berre med ei lokalpolitisk grunngjeving. Dette vil vere eit kommunalt ansvar. Samstundes er det sterkt ønskeleg å medverke, i samarbeid med kommune, stat eller private på ein måte som samla sett gjev ei betre finansiering. Føresetnaden er at fylkeskommunen sitt bidrag speglar og varetak ei regional interesse og prioritering.

Kva som elles ligg i omgrepet, vert vurdert nærmare frå felt til felt og ofte konkret i samband med den einskilde tildeling. Det ligg to prinsipielle hovudkriterier til grunn:

1. Geografisk kriterium: geografisk nedslagsfelt og verkeområde. Her er spørsmålet om den aktuelle verksemda omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn ein kommune. Eit døme kan vere tilskott til turneringar eller oppsettingar som vert gjennomført fleire stader i fylket. Som nemnt over, skal reint kommunale føremål ivaretakast lokalt.

2. Funksjonskriterium: regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngde, kvalitet og særpreg. Dette tek utgangspunkt i innhaldet i verksemda/tiltaket og kva tyding dette har lokalt, regionalt og ved nokre høve nasjonalt og internasjonalt. For større sentrale institusjonar følgjer det av verksemda sitt omfang, faglege tyngde og tyding for beburuar i Hordaland at dette har ein slik regional funksjon. Størrelse og omfang treng ikkje vera avgjerande. Omsynet til fagleg kvalitet og graden av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at ein institusjon eller eit tiltak har regional tyding. Også der det er tale om særleg smale felt, kan ein institusjon eller eit tiltak ha ein regional funksjon i kraft av eksklusivitet og særlege kvalitet.

Ved vurderinga av om kravet til regional tyding er oppfylt i det einskilde høve, vil det i praksis ofte vere naturleg å sjå desse to meir grunnleggjande kriteria i samanheng.

C: Kvalitet, relevans og gjennomføringsevne

Føresetnaden for tildelingar er at institusjonar og tiltak har tilstrekkeleg kvalitet og relevans, samt at tilsegnsmottakar har føresetnader for å gjennomføre mål og planar som ligg til grunn. Innhaldet i omgropa kvalitet og relevans, vert vurdert frå felt til felt, ut frå føremål, ambisjonsnivå og føresetnadar

elles. I dette ligg at omgrepene ofte vil ha eit anna innhald for profesjonelle aktørar enn for amatørar, samstundes som forventninga om kvalitet ligg fast.

Hordaland fylkeskommune vil framover i større grad skilje mellom profesjonelle og ikkje-profesjonelle søkjavarar og tilskotsmottakarar. Overfor profesjonelle aktørar og miljø vil det ofte vere naturleg å stille høgre krav til fagleg tyngde og fagleg kvalitet i alle ledd, medan det for amatørar vil verte lagt meir vekt på omsyn som t.d. om og i kva grad tildelinga skaper aktivitet, kor mange som deltek, i kva grad tiltaka skaper lokalt/regionalt engasjement og om det bidreg til eit levande kulturliv for ålmenta i regionen.

Grensa mellom profesjonell og amatør er ikkje alltid klar. Institusjonar og tiltak vil i varierande grad vere samansett av begge kategoriar. Det er då tenleg å ta utgangspunkt i kva hovudpreg institusjonen har og elles tilpassa vektlegginga og bruken av dette omsynet til dei konkrete tilhøva.

Om søker er amatør eller profesjonell, treng ikkje ha tyding for signifikans eller storleik på tildelinga. Å understøtte frivillig og ideell verksemd, er i seg sjølv eit prioritert mål. Innafor kulturfeltet er dette ein ressurs som må hegna om og utviklast vidare - både ut frå eigeverd, verde som grunnlag for demokrati, medverknad og livskvalitet og tyding som føresetnad/grunnlag for eit profesjonelt kultur- og idrettsliv.

D: Andre relevante omsyn

Omsynet til samarbeid og nettverksbygging

Ofte er det naturleg å sjå fylkeskommunen sitt regionale ansvar i samanheng med dei andre forvaltningsnivåa og private interesser. Der det er mogeleg og tenleg, vil det vere ønskeleg å etablere samarbeid med aktuelle aktørar. Slikt samarbeid kan vere knytt til finansiering i form av spleiseland med kommunar, stat eller private interesser. Eller det kan handle om kulturfagleg og organisatorisk samarbeid, til dømes gjennom etablering av nettverk. Etablering og vidareutvikling av nettverk innan kulturlivet i Hordaland, er vesentleg i det kulturelle utviklingsarbeidet. Det finst mykje kunnskap og høg kompetanse blant enkeltaktørar i fylket. Ved at ulike aktørar innan/på tvers av felt og profesjonar møtest organisert og regelmessig, skapast det rom for gjensidig inspirasjon, kreativitet, kompetanseutvikling og kunnskapsoverføring.

Kulturen sin eigenverdi - skiljet mellom kommersielle og ikkje-kommersielle føremål

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at kultur har ein eigenverdi som, uavhengig av andre meir instrumentelle mål, grunngjev eit sterkt offentleg engasjement. Kulturpolitikken sitt viktigaste føremål, er å medverke til eit kultur- og idrettsliv som er rikare og meir mangfoldig enn det som kan oppebørast ved kommersielle eller frivillige ressursar åleine. Kulturpolitikken rettar seg såleis først og fremst mot institusjonar, prosjekt og tiltak som ikkje lar seg realisere utan offentleg bidrag og som ikkje har kommersiell vinning som sitt hovudføremål.

For verksemder som opererer innafor ein marknad og i konkurransen med andre aktørar er dette viktig. I nokre tilfelle er det likevel aktuelt og gunstig å sjå samanhengen mellom kultur- og næringspolitikk, og å nytte næringspolitiske tiltak til å stimulere kunst- og kulturnæringer og kulturbasert næringsutvikling. Grensa mellom ideell og kommersiell verksemd er tidvis uklår og må då vurderast konkret. Det vil mellom anna vere vesentleg å vurdere kva som er hovudføremålet med verksemda/tiltaket, korleis dette er innretta organisatorisk, og i kva grad det vert delt ut utbytte m.m. Ved mange høve vil denne grensa måtte vurderast i samråd med regionale næringstiltak og deira ansvarsområde innafor regional næringsutvikling knytt til kulturnæringer.

Oppbygging av kunnskap/overføringsverdi

I mange samanhengar vert det vurdert om og i kva grad ei verksemd, eit prosjekt eller tiltak kan gje ny innsikt og om denne kan overførast til andre aktørar eller felt innan kulturlivet (pilotprosjekt). Å vektlegge eit slikt perspektiv, er sentralt som ledd i ei systematisk utvikling av kulturlivet i fylket. Det heng mellom anna saman med satsing på samarbeids- og nettverksorganisasjonar o.l. (jmfr. over), som legg til rette for at ny kunnskap vert gjort kjent og utvikla vidare gjennom nye tiltak og verksemder.

Samla vurdering

Det vil vera naturleg å sjå desse grunnleggjande føresetnadene og målsettingane i samanheng. Der eit av desse omsyna gjer seg gjeldande i mindre grad, kan det såleis i det aktuelle høvet kompenserast av at eit eller fleire andre omsyn slår særleg sterkt inn. Det vert eit spørsmål som må vurderast konkret og gjerast greie for i grunngjevinga for den einskilde tildelinga i budsjettet, og ved etablering av eller

endring av tilskotsordningar. Desse overordna måla vil også vere relevante ved tolkinga av retningslinjene og bruken av desse i konkrete saker om tilskot.

3. KULTURSTATUS HORDALAND

PREMISS KULTUR: Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 skal legge til rette for ein kunnskapsbasert kulturpolitikk. Faktagrunnlaget er undersøkingar og analyser, offentlege utgreiingar og rapportar. Det har under arbeidet med planen vore gjort fleire undersøkingar. Utviklinga av kunnskap for å kunne vurdere status og utfordringar på kulturfeltet, er ein kontinuerleg prosess. Utvikling av oppdatert og utvida kunnskap er foreslått som tiltak i planen.

Dette kapitlet undersøker pengebruken til kultur i kommunane, i fylkeskommunen og statlege overføringer til fylket. Til slutt er det ei framstilling av dei viktigaste funna frå to spørjeundersøkingar som er utarbeidd av fylkeskommunen i samband med arbeid med senterstrukturplanen og kulturplanen.

3.1 Pengebruk til kultur i kommunane

Kulturutredningen 2014¹⁰ vurderer norsk kulturpolitikk og verknadane av denne under Kulturløftet 1 og 2, i perioden 2005-2012. Utgreiinga frå Enger-utvalet omfattar analyser av utviklinga av både statlege, kommunale og fylkeskommunale kulturutgifter frå 2005. Analysene er grunnlag for eit notat som Georg Arnestad har utarbeidd om offentlege kulturutgifter på Vestlandet¹¹, som er basert på statistikk frå kommunane samla i Kostra-basen. Notatet er bestilt av kulturleiinga i dei fire fylkeskommunane på Vestlandet.

Enger-utvalet summerer opp utviklinga av den kommunale kulturøkonomien 2001-2010 med at det har vore sterk vekst i kommunane sine investeringsutgifter til kultur etter 2005. Mest har gått til idrett (65-60%) og til kulturbygg (23-30%). Kulturbyggdelen auka mest i den siste perioden. Utvalet viser til at det lokale kulturlivet hevdar at kommunal kultursektor har blitt nedprioritert, og at det er behov for eit kulturløft på lokalt nivå. Vidare kjem det fram at det er reduksjon i den delen av kommunane som har eigne kulturutval og kulturetatar, særleg gjeld dette små kommunar. Enger-utvalet meiner dette har medført at kultursektoren på lokalt nivå har blitt utydeleg.

Utgreiinga viser at det er stor variasjon i kulturutgifter mellom kommunar med høge og låge frie inntekter. Idretten har styrkt posisjonen sin, medan det har vore ein realnedgang i driftsutgifter til permanente kulturverksemder som ungdomsklubbar, kulturskule, folkebibliotek og korps/kor. Nedgangen var størst for folkebiblioteka. Kulturlova frå 2007 ser ikkje ut til å ha fått noko å seie for den kommunale kultursektoren og dei kommunale kulturutgiftene.

Analysen for Vestlandet viser at det ikkje er avgjerande skilje eller spesielt ulike utviklingsmønster mellom kommunane på landsbasis og kommunane i Vestlandsfylka i perioden 2004-2012. Rogaland ligg godt over snittet, både når det gjeld netto driftsutgifter til kultur per innbyggjar og kor stor del netto driftsutgifter til kultur utgjer av kommunen sine samla netto driftsutgifter. Hordaland ligg rundt landsgjennomsnittet, medan Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal ligg under.

Vestlandsanalysen viser at dei kommunale driftsutgiftene er skeiwt fordelt mellom dei ulike postane på kulturbudsjettet. Det har vore sterk vekst i utgiftene til idrett og kommunale idrettsbygg og til kulturbygg. Kommunane i Hordaland har auka sine utgifter til musikk- og kulturskular prosentvis meir enn dei har auka det samla kulturbudsjettet. Hordaland, med alle institusjonane i Bergen, ligg betydeleg over landsgjennomsnittet i utgifter til museum og kunstformidling. Utgifter til bibliotek har hatt mykje lågare vekst enn dei samla kulturutgiftene. Hordalandskommunane ligg her godt under landsgjennomsnittet. Når det gjeld samleposten «andre kulturaktivitetar» har det vore ein betydeleg tilbakegang i Hordaland. Det tyder på at den såkalla «begivenhetskulturen» (t.d. festivalar og spel) ikkje er ein vinnar. Enger-utvalet snakkar om eit «idrettsløft», eit «kulturhusløft» og kanskje eit «festivalløft», men ikkje eit løft i den kulturelle grunnmuren i det kommunale kulturlivet. Vestlandsanalysen viser at det som gjeld på landsplan også gjeld for kommunane i Hordaland, om enn i noko ulik grad.

¹⁰ NOU 2013: 4

¹¹ Arnestad, Georg. Offentlege kulturutgifter på Vestlandet under Kulturløftet 2005-2012. Mai 2013 (upublisert)

Fylkeskommunen har utarbeidd eit omfattande oversyn over den offentlege pengebruken på kultur i Hordaland, som forarbeid til Regional kulturplan¹². I Rapporten er midlane fordelt etter kommunen der pengane vert brukt. Ein hovudkonklusjon er at det verkar urealistisk å kunne få reell oversikt over den offentlege støtta til kulturføremål i fylket. Offentleg støtte kjem frå mange hald, og det er difor vanskeleg å gje eit eksakt bilet av kor mykje pengar det offentlege brukar på kultur i fylket. Særleg statlege midlar kjem gjennom mange kanalar. Svært mange av tiltaka som får tilskot av fylkeskommunen, har ein regional profil som gjer det vanskeleg å plassere stønadsmottakaren i ein bestemt kommune.

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er klart størst av alle støtteordningane, medan Bergen er den kommunen som mottar klart flest kulturkroner frå statlege aktørar, uavhengig av ordning. I nokre tilhøve går nesten alle pengane frå ein pott til fylkeshovudstaden, medan støtta i andre tilhøve er meir proporsjonal med folketalet. Dei fleste større kulturinstitusjonar ligg i Bergen, og det er desse som i hovudsak får direktestøtte frå staten. Ein del av desse har også eit nedslagsfelt som er regionalt eller nasjonalt.

Norsk kulturindeks ser på kor mykje midlar kommunane brukar til kulturføremål, og kva kulturtiltak dei prioriterer. Dei følgjande tala er frå ein underindeks laga for Hordaland fylkeskommune og inkluderer ikkje midlar til idrett og friluftsliv. Det er viktig å vere merksam på at investeringar kan vere ført på ulikt vis i kommunebudsjetta, og såleis kan gi ulike utslag på indeksen. Eidfjord er den kommunen i fylket som brukte størst del av driftsbudsjettet på kultur i 2011. 13,1 % av totale netto driftsutgifter gjekk til kultur. På dei neste plassane kjem Modalen (9,9 %) og Odda (7,0 %). I botnen ligg Os (1,1 %), Austevoll (1,8 %), Meland (1,9 %) og Tysnes (1,9 %). I åra frå 2003 til 2011, er det 16 av kommunane som har hatt ein nedgang, medan 17 av kommunane har hatt ei auke i kulturbudsjettet. Auken har vore størst i Modalen (124 %), Vaksdal (47 %), Austrheim (48 %), Fusa (38 %) og Ulvik (34 %). Nedgangen størst i Os (-60 %), Sund (-42 %), Meland (-29 %), Lindås (-27 %) og Kvinnherad (-23 %).¹³

Tabellen under viser samla fylkeskommunal støtte til Bergen og resten av Hordaland i 2012.

Mottakar	Samla tilskot	% av samla tilskot til Hordaland	% av innbyggjartalet i Hordaland
Bergen	43 213 000	37,2 %	53,8 %
Resten av Hordaland	69 188 500	59,5 %	46,2 %
Ubestemt	3 553 000	3,0 %	-
HFK	289 331	0,3%	-
Sum Hordaland	116 243 831	100 %	100 %

Kjelde: Statistikk.hest.no, per 01.01.13,

Prosjektleiing Hordaland fylkeskommune under 400.650.07 Tilskot til kulturminnevern

Institusjonar, organisasjonar og tiltak i Bergen får 37,2 prosent av støtta, når kulturaktivitet som blir gitt for å oppnå distrikts- og næringspolitiske målsettingar er inkludert. Samtidig har byen 53,8 prosent av innbyggjartalet i fylket. Grunnen til at Bergen sin del av kulturpengane er mindre enn innbyggjartalet skulle tilseie, er at fleire ordningar har ein distriktsprofil.


3.2 Budsjett for kulturføremål i Hordaland fylkeskommune

Enger-utvalet omtalar kulturområdet som budsjettapar innanfor fylkeskommunen for perioden 2002-2010. Dette gjeld også for Hordaland fylkeskommune, sjølv om det har vore vekst i kulturbudsjettet i fylkeskommunen frå 2000 til 2013.

Tabellen nedanfor illustrerer denne utviklinga. Tabellen viser veksten i kulturbudsjettet i Hordaland fylkeskommune i åra 2000 – 2013, i bruttovekst og nettovekst. Bruttoveksten, som inkluderer statlege midlar, er markant. Nettoveksten, som er fylkeskommunale midlar, har svakt auka og flata ut dei siste fem åra. Den markante auken på kulturbudsjettet dei siste åra skuldast difor at andelen midlar til fordeling i Hordaland overført frå staten har auka, medan kulturen sin prosentdel av dei samla driftsutgiftene i fylkeskommunane har vore stabilt låg dei siste åra.


¹² Hordaland fylkeskommune. *Oversikt over offentleg støtte til kulturføremål i Hordaland*

¹³ Kleppe, Bård. *Norsk kulturindeks 2011*.



Fylkeskommunane har brukt små delar av kulturbudsjetta på kulturvern-, bibliotek- og idrettsføremål og større delar på museum, kunstproduksjon- og formidling. Analysen av kulturutgiftene på Vestlandet støtter dette. Bibliotek er taparområdet i fylkeskommunen, og er saman med idrett den sektoren som får klårt minst netto fylkeskommunal støtte per innbyggjar. Nokre fylkeskommunale midlar er ikkje grunngjeve med kuluromsyn, t.d. støtte til kulturaktørar der givar vanlegvis fokuserer på nærings- eller distriktsomsyn.

Idrett er det føremålet som har høgast driftsinntekter og -utgifter i Hordaland fylkeskommune sitt budsjett for 2012, på grunn av statlege spelemidlar til idrett og fysisk aktivitet. Dei statlege overføringane til kulturminnevern, inkludert midlar til Verdsarv Bryggen og fartøyvern, var på 26,2 mill. kr. Museum er den største utgiftsposten innan kultur med nesten 42,5 mill. kr. Samleposten «andre kulturaktivitetar» har høge netto driftsutgifter med 40 mill. kr. Netto driftsutgifter til kulturføremål i 2012 var nær 153 mill. kr. Figuren under viser fordeling av fylkeskommunen sin bruk av midlar til kulturføremål og utviklinga av kulturbudsjettet . Figuren med brutto driftsutgifter inkluderer statlege midlar.



3.3 Statleg pengebruk i Hordaland

Tilskot til kunst, knutepunkt- og landsdelinstitusjonar vert fordelt mellom stat, fylke og kommune. For Hordaland gjeld dette Carte Blanche, Hordaland Teater, Festspillene i Bergen, Bergen nasjonale opera og Samtidsmusikkensemplet BIT 20.

Spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er ei søknadsbasert ordning, og er størst av alle støtteordningane. Hordaland har hatt ei jamn auke i tildelinga og er det fylket som mottar mest spelemidlar til vidare fordeling. Bergen er den kommunen som motteke flest kulturkroner frå statlege aktørar, uavhengig av ordning. I nokre tilhøve går nesten alle pengane frå ein pott til fylkeshovudstaden, medan støtta i andre tilhøve er meir proporsjonal med folketallet. Dei fleste større kulturinstitusjonar ligg i Bergen, og det er desse som i hovudsak får direktestøtte frå staten. Ein del av desse har også eit nedslagsfelt som er regionalt eller nasjonalt.

Hordaland får årleg statlege midlar til tilrettelegging av statlege friluftsområder og til tilrettelegging for friluftsaktivitetar. I tillegg vert det utlyst statlege prosjektmidlar knytt t.d. til bibliotek, universell utforming og inkludering av fleirkulturelle, som Hordaland har fått tildeling frå.

Enger-utvalet viser at statleg kulturløyving til fylke utanom Oslo i 2013 var kr 411. Hordaland fekk kr 784. Grunnen til at Hordaland ligg godt over gjennomsnittet på landsbasis er at nasjonale institusjonar som Bergen Filharmoniske Orkester, Carte Blanche, Den Nationale Scene og Festspillene i Bergen er plasserte i Bergen. Ser ein derimot prosentvis på dei statlege løyvingane, har Hordaland hatt størst nedgang i statlege kulturløyvingar i perioden 2005 til 2013. Nedgangen for Hordaland har samanheng med lav realvekst for nasjonale institusjonar innanfor scenekunst og musikk.

3.4 Spørjeundersøkingar

Spørjeundersøking om sentrumsområde

I samband med utarbeiding av Regional plan for attraktive senter i Hordaland gjennomførte fylkeskommunen i 2012¹⁴ ei undersøking for å kartlegge kva syn innbyggjarane i Hordaland har på sentrumsfunksjonar. Eit av tema i undersøkinga var kulturtildot og sosiale møteplassar.

Tabell 1 viser at idrettshall er den sosiale møteplassen/det kulturtildotet som vert vurdert som viktigast. Minst viktig er idrettshall for dei over 60. Bibliotek på fjerde plass, er viktigare for kvinner enn for menn og minst viktig for dei mellom 45 og 59 år. I kva grad ein meiner at bibliotek er viktig, stig med utdanningsnivå. Minst viktig for hordalendingane er museum/galleri.

Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013

Gjennomsnittleg interesse for kultur, friluftsliv og idrett ¹⁶		
1	Friluftsliv	4,7
2	Film	4,4
3	Idrett	4,2
4	Revy/stand-up	3,9
5	Rock	3,8
6	Lokalhistorie/slektsgranskning	3,7
7	Pop	3,7
8	Skjønnlitteratur	3,7
9	Teater	3,6
10	Kulturminnevern	3,6
11	Museum	3,6
12	Kunsthandverk	3,4
13	Bildekunst	3,3
14	Klassisk musikk	3,1
15	Country	2,9
16	Jazz	2,7
17	Folkemusikk/folkedans	2,7
18	Hip Hop	2,4
19	Opera	2,4
20	Danseband	2,3
21	Ballett/samtidsdans	2,2

Som forarbeid til Kulturplanen, gjennomførte fylkeskommunen i 2013 ei undersøking blant eit representativt utval av innbyggjarar i Hordaland¹⁵.

Kor viktig er tilgang til ulike sosiale møteplassar og kulturtildot?

1	Idrettshall	4,3
2	Restaurant	4,2
3	Kveldsopen kafé	4,2
4	Bibliotek	4,1
5	Treningsstudio	4
6	Symjehall	4
7	Kulturhus	4
8	Kino	4
9	Konsertlokale	3,9
10	Pub	3,5
11	Hotell	3,3
12	Gatekjøkken/kiosk	3,3
13	Museum/galleri	3,2

Tabell 1

¹⁴ Hordaland fylkeskommune. *Spørjeundersøking om sentrumsområde*.

¹⁵ Hordaland fylkeskommune. *Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013*.

¹⁶ Interessa er eigenrapportert på ein skala frå 1 til 6, der 1 er svært lite interessert og 6 er svært interessert

Tabell 2

Tabell 2 viser at av dei 21 interessefelta undersøkinga spør om, er hordalendingar generelt mest interesserte i friluftsliv, og minst interesserte i ballett/samtidsdans.¹⁷ Merk at interessefellet musikk er delt opp i fleire undersjangrar, og denne oppsplittinga gjer at musikkfeltet truleg kjem lågare ut i snitt.

Gjennomsnittleg interesse i kvar region er nyttta til å beregne kva regionane har i fellesskap. Ut frå dette kan Hordaland delast i tre kulturregionar: Bergen, Indre (Hardanger, Voss, Osterfjorden) og Ytre (Sunnhordland, Bjørnefjorden, Vest, Nordhordland).

Ingen regionar kan kallast kulturfattige, men det er ein del variasjon i interesser mellom regionane. Bergensarane har liten interesse for country og danseband, medan innbyggjarane i resten av fylket har sterke interesser for dette. Interessa for folkemusikk/fokedans og lokalhistorie/sleksgransking er markant størst i Indre. Bergensarane interesserer seg over gjennomsnittet for skjønnlitteratur og museum, medan Ytre har liten interesse for dette.

Undersøkinga rekna ut at det er 151 000 hordalendingar som har vore på ulike festivalar dei to siste år. Bergenfest er den mest besøkte festivalen, på andre plass kjem kategorien «andre», deretter kjem Festspillene i Bergen, Nattjazzzen, Tysnesfest og BIFF. Det er i alt nemnd 47 festivalar. Deltakarane i undersøkinga vart spurde om det er noko kulturtilbod dei saknar i nærområdet sitt. Rekna om til heile befolkninga, saknar 77 000 hordalendingar eitt eller fleire kulturtilbod eller kulturarenaer. 34 000 saknar idrettstilbod og 16 000 saknar friluftstilbod.

I tabell 3 er det rangert 17 tilbod, som er sakna av meir enn 5 000 innbyggjarar. Sakna varierer med alder, kjønn, utdanningsnivå, yrkesstatus og bustadsregion.

Det største saknet er etter eit kinotilbod. For ungdom er dette saknet nest høgst, etter pop/rock-konsertar. Saknet etter teaterframstillingar er størst utanfor Bergen, medan bergensarane mest saknar idrettshallar, gang- og sykkelvegar og turstiar. Saknet etter bibliotek er størst blant bergensarar og minst på Voss. Dei som mest saknar kulturhus bur i Bergen, i kommunane i vest eller i Nordhordland. Saknet etter symjehall er størst blant dei over 30 år, og størst i aldersgruppa 30-44 år.

Den generelle kulturinteressa ser ut til å vere sterk, og befolkninga har ønske om meir kultur. Også på kulturområde som har smalare appell, finst etterspurnad etter styrka tilbod. Det er naturleg å tru at interesse og deltaking i kulturlivet avspeglar tilgangen til tilboda.

Undersøkinga viser at barn, og spesielt ungdom, er viktige målgrupper å prioritere i kulturpolitikken. Om lag halvparten av dei spurde (49 %), har svara at alle aldersgrupper er like viktige. 35 % meiner at det er viktigast å prioritera ungdom, mens 16 % meiner at ein skal prioritera barn.

<i>Tilbod som saknast av meir enn 5 000</i>	
1	Kino
2	Teaterførestillingar
3	Konsertlokale
4	Gang- sykkelvegar og turstiar
5	Teaterscene
6	Symjehall
7	Revy
8	Bibliotek
9	Øvingslokale musikk
10	Kulturhus
11	Musikkfestival
12	Operaførestilling
13	Pop/rock-konsertar
14	Nærmiljøanlegg
15	Klatreanlegg
16	Ungdomsklubb
17	Tennisbane

Tabell 3

3.5 Oppsummering

Idrett, idrettsbygg og kulturbygg er dei klare vinnarane i kampen om dei kommunale kulturkronene i perioden 2005-2012. Taparane er aktivitetstilbod til barn og ungdom, folkebibliotek og gruppa «andre kulturaktivitetar».

Enger-utvalet omtalar kulturområdet som budsjettapar innanfor fylkeskommunane for perioden 2002-2010. Fylkeskommunane har brukta nokså små delar av kulturbudsjetta på kulturvern-, bibliotek- og idrettsføremål og større delar på museum, kunstproduksjon- og formidling.

Undersøkinga som ser på offentleg støtte til kulturføremål i Hordaland, synleggjer ei utfording når rapporten finn det urealistisk å kunna få reell oversikt over slik støtte. Det er trong for betre samhandling og samordning mellom dei ulike offentlege forvaltningsnivåa, og internt i forvaltingsorgana.

¹⁷ Merk at inndelinga av interessefelt varierer og såleis kan gi utslag i rangeringa.

Den store kultur- og idrettsundersøkinga fortel at kulturinteressa i fylket er stor, og at innbyggjarane i stor grad er nøgde med kulturtildet. Det er ei utfordring å halda oppe kulturtildet i område med stagnasjon eller nedgang i folketalet, samstundes som sterkt vekst vil krevje meir. Det er uttrykt ønske om sterkare satsing på ein del felt. Tydelegast er ønsket om å styrke idrettstilbod eller fleire idrettsarenaer i innbyggjarane sitt nærområde. Også innan kulturaktivitetar med lågare deltaking, er det etterspurnad etter utvida tilbod og betre fasilitetar.

Kulturfeltet gjev stort rom for både spissa eigenutvikling og fellesskapsbyggande samhandling på tvers av kjønn, generasjoner og kulturar. Det samla biletet av undersøkingane syner to klare liner: På den eine sida hevdar utkantane i Hordaland sin rett på kulturområdet, og den kulturelle grunnmuren (folkebiblioteka, kulturskulen, mm) har vore nedprioritert. På den andre sida har Bergen ei viktig rolle som motor for kulturlivet i fylket, kultursatsingar her må styrkast og spissast for å kunna vere i tet nasjonalt og internasjonalt. Det er ei utfordring å sikre det breie mangfaldet i uttrykk og tilbod, og samstundes spisse innsatsen tilstrekkeleg i høve behova til det profesjonelle kulturlivet.

Undersøkingane viser at idrett og friluftsliv interesserer og engasjerer særs mange. For å få fleire aktive er det avgjerande å tilrettelege arena/ anlegg for allsidig bruk. Dette gjeld også på andre kulturområde, og det er eit stort etterslep på vedlikehald av eksisterande bygg og anlegg. Undersøkingane gjev dekning for at innhaldsproduksjon og vedlikehald av eksisterande bygg og anlegg generelt skal ha høgare prioritet enn nybygg.

Befolkinga i Hordaland har ein helsetilstand, levekår og eit utdanningsnivå som ligg på landsgjennomsnittet eller betre på dei aller fleste folkehelseindikatorane. Kulturundersøkinga indikerer at barn og ungdom som er aktive i kulturlivet, har tendens til å nå eit høgare utdanningsnivå enn om ein er inaktiv. Generelt vil høg aktivitet på kulturområdet slå positivt ut på folkehelseindikatorane, noko som gjev argument for at offentleg satsing på kultur er gunstig samfunnsøkonomisk. Dette peikar på at barn og ungdom bør prioriterast som målgruppe i kulturplanen.

Undersøkinga kjem også med direkte innspel til ulike tema som bør prioriterast innanfor kulturpolitikken, og dei viktigaste tema er at kulturskulane må styrkast, målgruppa ungdom må prioriterast, innvandrargrupper står framleis for mykje på sidelinja av kulturlivet. Innsatsen må styrkast, dersom ein skal få eit meir inkluderande kulturliv. Det er synspunkt på at innhaldsproduksjon og vedlikehald av eksisterande bygg bør prioriterast, framfor nye byggeprosjekt, likeeins at privat sponsoring kan verte ein større del av inntektene i kulturlivet, men at kulturlivet ikkje bør gjere seg avhengig av dette som driftsfinansiering.

4. KULTURPOLITISKE UTFORDRINGAR

4.1 Endringar i busetnad og infrastruktur

Hordaland er eit fylke som vil verte prega av store demografiske endringar i planperioden. Hordaland veks, og Bergensregionen veks mest. Folk flyttar frå innland mot kyst og frå bygd til by. Hordaland vert urbanisert. Byane veks, og byane vert fleire. Kystbyen på Sotra vert grunnlagt som by, og fleire tettstader utviklar seg til småbyar. Folketalsvekst eller stagnasjon og nedgang i folketal, gjev ulike kulturpolitiske utfordringar. Likeeins sosiale endringsprosessar: Gruppa av eldre vil verta større, og ein har auka fleirkulturell tilflytting. Dei sosiale skilnadene er forventa å auke. Framtidsbiletet gjer både stadutvikling, fysisk forming av omgjevnadene og tilrettelegging av det kulturelle og sosiale livet til sentrale tema for kulturpolitikken.

Ved inngangen av planperioden bur 79% (SSB) av befolkninga i Hordaland i og ved byar og tettstadar, over halvparten i Bergen. Kulturygen Bergen er ein av Noregs viktigaste kulturybar, med ein konsentrasjon av institusjonar med høg kompetanse nasjonalt og internasjonalt. Dette byr på moglegheiter for å utvikla ein storbypolitikk til beste for kulturlivet i heile Vestlandsregionen, med Bergen som lokomotiv. Bergen kommune sin visjon i idrettsplanen er «eitt skritt foran» – og byen er motor i høve utvikling av nye anlegg, store meisterskap, driftsformer og aktivitetar for ulike grupper. Det sterke profesjonelle kultur- og idrettslivet i Bergen kan gje kompetanse og nettverk både til profesjonelle og frivillige i distrikta. Også distrikta har viktig kompetanse og ressursar som kan koma Bergen til gode, til dømes når det gjeld tilrettelagte friluftsområde og skianlegg, men også innan kunst og annan kultur, alt frå framifrå korps til spennande festivalar. Det er naturleg å sjå på regionen samla, i høve til publikumsutvikling.

Dei demografiske endringane i Hordaland vil få stor verknad på kulturminne, kulturmiljø og samspelet mellom kulturmiljø og landskap. Hordaland fylkeskommune skal ha ei aktiv haldning til ivaretaking av kulturminne, kulturmiljø, landskap og friluftsområde i møte med samfunnstransformasjonane, slik at nasjonale mål og mål som er nedfelt i den europeiske landskapskonvensjonen vert nådd. Også innan utvikling og utforming av nye fysiske miljø har det offentlege eit hovudansvar. Det bør stimulerast til ny, spennande arkitektur i samspelet og utfordring i høve tradisjonell byggeskikk. Berekraft- og klimautfordringa står sentralt i ein heilsakleg, norsk arkitekturpolitikk, som framover bør kome sterkare inn i kulturpolitikken.

Det er eit offentleg ansvar å utvikle infrastruktur for kultur- og idrettslivet i heile fylket, med å sjå til at der er høvelege kultur- og idrettsarenaer inne og ute og tilrettelagde arena for friluftsliv. Likeeins eit mangfold av aktivitetstilbod tilpassa ulike publikumsgrupper og ulike idrettar og kunstformer, i samspelet mellom profesjonelle aktørar og frivillige.

4.2 Formidling og deltaking

Ei særleg oppgåve for kulturpolitikken er å kontinuerleg utvikle demokratiet ved å fremje evna til å setje viktige tema i samfunnet under debatt, å fremje evna til å stille kritiske spørsmål og å slik utvikle undrings- og endringskompetansen i samfunnet. Dette utviklar både den kritiske dømmekrafa i samfunnet, den sosiale samhandlinga og evna til nyskaping innan alle samfunnsfelt.

Kultur er ein del av samfunnet sitt medvit og uttrykk. Diskusjon, debatt og kritikk veks fram av ulik tolking, ulik oppleving og ulike preferansar. Dette fremjar demokrati, mangfold, samfunnsansvar og deltaking. Det er viktig å fremje evna til refleksjon ikkje berre i høve samfunnsutviklinga, men også i høve fagområda innan kunst- og kulturfeltet; det vil seie alt frå arkitekturkritikk til filmkritikk og kunstkritikk.

Den teknologiske utviklinga gjev nye utfordringar og moglegheiter for digital formidling. Skjermen er ein kulturarena, og ein kan ha strategiar både for å dra publikum vekk frå denne, og for å nytte skjermen i kulturen si teneste. Kulturlivet utviklar seg, og bruk av ny teknologi gjev nye moglegheiter. Den teknologiske utviklinga fører også til nye kunstformer og uttrykk.

I mange tilfelle treng ein som publikummar hjelp til å nærme seg og trenge inn i eit kunstverk eller kulturuttrykk. Formidling er difor ein naudsnyt og naturleg del av kunst- og kulturlivet. Det har vore auka fokus på formidling,

og særleg formidling for å gje barn og ungdom ein veg inn i kunst- og kulturlivet, noko som er grundigare omtala i kapittel 5.7.1. Vegen inn i kunstlivet.

Det er òg ei utfordring å fremje inkludering og deltaking for alle innbyggjarane i heile fylket. Alle skal ha like moglegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.

Sjølv om Hordaland er prega av stor aktivitet på kulturområdet, er det eit mål at ein større del av befolkninga tek del i kulturlivet. Det er viktig å auke innsatsen innan formidling og publikumsutvikling. Dette handlar ikkje berre om å telje publikummarar og aktive deltakarar, men også om å nå nye kulturbrukarar. I mange samanhengar vil det vere nyttig og rett å setje inn ein særleg innsats mot enkelte grupper, som til dømes ungdommar og innvandrarar.

Nesten alle kommunane i Hordaland har, som Hordaland fylkeskommune, nynorsk som tenestemål og administrasjonsspråk. Utanom Bergensdialekten, ligg talemåla i Hordaland nærmast det nynorske skriftspråket. Dei viktige nasjonale nynorskareaene ligg andre stader enn i Hordaland, men i Hordaland bur mange av dei forfattarane og andre kunstnarar som brukar nynorsk i si skapande verksemد.

4.3 Verdiskaping

Kultur skaper og utviklar verdiar i samfunnet i vid forstand. Utover økonomi, er verdiskaping på kulturfeltet knytt til identitet, kunnskap, meiningsdanning og oppleveling. Kulturfeltet kan gje enkeltmennesket og samfunnet verdiar som nye innsikter og erkjenning. For å ivareta eit godt samfunn tufta på demokratiske verdiar er vi avhengige av eit godt kulturliv som vil fremje fellesskap og identitet og eit kunstliv som utfordrar våre vande førestillingar.

Attraktive kulturtildod er med på å skape trivelege og levedyktige lokalsamfunn. Gode kulturtildod skaper ein positiv identitet og medverkar til at både fråflyttingskommunar og tettstader vert meir etterspurde for busetjing og næringsutvikling. Kunst, kulturhistorie og naturopplevelingar er også viktige grunnar til at turistar vitjar Hordaland. Det er eit potensial i samarbeid med turistnæringa både om arrangement og om ulik bruk av museum, galleri, kulturhus og idretts- og friluftslivsanlegg.

Hordaland er rikt på tradisjonar knytt til folkekultur og handverk. Dette representerer store kulturelle verdiar og kunnskap, og i fleire tilfelle er desse på veg til å gå tapt. Det er viktig å sikre vidareføring av kompetansen i desse faga, både for å ivareta identitet og for å sikre kunnskap om kvalitet og prosess, som også kan vere grunnlag for nyskaping. Dette feltet har eit næringsmessig potensial.

Kultur har ein meirverdi for samfunnet som går ut over sjølve kulturopplevelinga. Kultursektoren skaper arbeidsplassar, skatteinntekter og etterspurnad for andre aktørar. Ei offensiv satsing på økonomisk verdiskaping innan kulturfeltet vil ha stor samfunnsmessig tyding. Det er samspel mellom kultur, kulturnæringar, regional utvikling, bulyst og stadidentitet.

Det er viktig å styrke Bergen som by nr.2 i Noreg som sentrum for kompetanse innan kulturnæringar som arkitektur og design, film og media.. Dei ulike regionane har ulike føresetnader for å skape nye og forskjelligarta uttrykk, ressursar og kompetanse bør koplast regionalt og utviklast i høve lokal, nasjonal og internasjonal marknad.

Den store frivillige innsatsen innan kultrufeltet representerer ei uvurderleg samfunnsmessig verdiskaping. Denne kan vere samfunnsøkonomisk gunstig, og representere store personalmessige verdiar, men har vel så stor tyding ved å fremje folkehelse, fellesskap og demokratisk medverknad.

4.4 Samordning og samhandling

Både undersøkingar og ulike innspel til planarbeidet, seier tydeleg at det er viktig å fremje samhandling mellom forvaltningsnivåa og bidra til ei samordning av verkemiddelapparatet på det kulturpolitiske feltet. Også samhandling på tvers av tradisjonelle fagfelt innan kulturområdet er eit vesentleg tema. Det skal vere ein god dialog innanfor kultursektoren, mellom staten, kommunar, fylke, institusjonar, frivillig sektor, private aktørar og det sivile samfunnet. Eit viktig mål må vere å utnytte felles ressursar betre gjennom samarbeid og samordning.

Det er naudsynt å samordne mål og tiltak, slik at den kulturpolitiske innsatsen ikkje vert fragmentert og tilfeldig, men har best mogleg ressursutnytting. Det er behov for betra samhandling statleg mellom ulike departement/direktorat og mellom staten og fylkeskommunane og kommunane. I høve samordning regionalt, er fylkeskommunane den naturlege samarbeidsparten for staten.

Private aktørar er viktige bidragsytarar, og det er ønskjeleg med ei meir samordna og systematisk tilnærming til samarbeidet mellom offentleg og privat sektor på kulturfeltet.

Kulturforvaltninga og kulturmidlane er sterkt sentraliserte til hovudstadregionen. For å få Vestlandet sin rettmessige del og for å fremje kvalitet, vil felles satsing på tvers av fylkesgrensene ofte kunne føre fram. Dette gjeld alt frå internasjonalt samarbeid til samarbeid innan einskilde fagfelt. Ei systematisk merksemd mot sams interesser og moglegheiter på Vestlandet, vil kunne føre til ein strategi for ein sterkare vestnorsk kulturregion. Det kan også vere hensiktsmessig å utvikle systematisk samarbeid med dei andre vestlandsfylka.

Det skal i planperioden fortløpende vurderast korleis innretninga av verkemiddel og stønadssordningar bør vere for å gi optimal verknad for kulturlivet, med samordning mellom forvaltningsnivåa og mellom offentlege og private aktørar.

Kulturplanen føreset ein kunnskapsbasert kulturpolitikk. Kompetansebehov innan kulturfeltet skal fortløpende vurderast og samarbeid sokast mot forskings- og utdanningsinstitusjonane.

Læring er ein viktig del av arbeidet til mange frivillige organisasjonar. Kulturpolitikken skal stimulere til livslang læring ved å legge til rette for organiserte læringsaktivitetar også ved sida av det formelle utdanningssystemet. Kompetansenettverk bør utviklast og stimulerast.

Kulturfeltet i Hordaland har mykje kompetanse som kjem samfunnet til gode. Dette gjeld både for offentleg forvalting, kulturinstitusjonar og frivillig sektor. Kompetanseheving og profesjonalisering må stadig utviklast, i takt med nye utfordringar og moglegheiter. Innan sektorar som barnehage og skuleverket bør kulturfagleg kompetanse få ein større og tydelegare plass.

Initiering og utvikling av partnarskap er eit av fylkeskommunen sine viktigast verktøy for å fremje samarbeid mellom viktige samfunnsaktørar og utvikle vellukka regionale strategiar. I planperioden vil det vere viktig å identifisere tiltak som vil fremje partnarskap mellom offentleg forvaltning og private aktørar, utdanning- og forskingsinstitusjonar og kulturfeltet.

Det breie kulturfeltet i Hordaland har mange felles utfordringar som kulturplanen handsamar. Samstundes er ein del av utfordringane knytt særskilt til eitt eller fleire av dei fem fagområda som er definert i planen.

4.5 Kulturminnevern og museum

Hordaland har ei rik kulturhistorie med mange kulturminne som spenner over eit tidsrom på om lag 10 000 år. Kysten og fjordane er eit særmerke; landskapa, bygdene, tettstadane og byen med sine hus, som kjenneteiknar ein kulturarv med stor tidsdjupne og variasjon. Verdsarv på Bryggen, mangfaldige arkeologiske lokalitetar, freda bygningar, fartøy, rike kulturlandskap og kulturmiljø, ber i seg sentrale delar av den nasjonale forteljinga og gjer Hordaland til eit av dei viktige og rike kulturhistoriske områda i landet.

Den norske kulturminneforvaltinga spring ut frå frivillig arbeid. *Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring* (Fortidsminneforeningen) vart stifta i 1844, som ein av verdas første organisasjonar innanfor kulturminnearbeid. Den folkelege og politiske interessa for norsk kulturarv var stor rundt førre hundreårsskiftet, ikkje minst med opprettning av mange museum. Eit av dei første lovvedtaka Stortinget fatta, etter at unionen med Sverige var avslutta i 1905, var *Lov om fredning og bevaring av fortidslevninger*, seinare avløyst av Lov um Bygningsfreding av 1920, Lov om Fortidsminner av 1951 og Lov om kulturminner av 9. juni 1978.

Dei fem arkeologiske landsdelsmusea fekk statleg ansvar for kulturminne eldre enn reformasjonen i 1537. Riksantikvaremabetet vart oppretta i 1912. Lov om bygningsfreding kom i 1920 og vart administrert av Riksantikvaren. Kulturminevernet er underlagt folkevald styring. I 1990 vart Riksantikvaren direktorat under Miljøverndepartementet, og fylkeskommunen fekk delegert forvalningsansvar for delar av kulturminnelova. Kommunane forvaltar kulturminne med heimel i plan- og bygningslova.

I dag er kulturminne og kulturmiljø rekna som samfunnet sine felles verdiar. Dei er unike og uerstattelege ressursar til kunnskap, oppleving og bruk - for den einskilde og for fellesskapet. Kulturminne skaper grunnlag for lokal samfunnsutvikling og har potensiale til kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping. Berekraftig forvalting av landskap og kulturminne, og sikring og formidling av kulturarven, gjer den til ein ressurs for nilevande og framtidige generasjonar i Hordaland.

I statleg politikk er vern av kulturminne grunngjeve i to forhold: Ein skal sikre dei ikkje-fornybare ressursane frå øydelegging, samstundes som ein skal leggja dei til rette for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping.

Omsynet til kulturminne skal sikrast i all lokal, regional og nasjonal utvikling og arealplanlegging. Forvaltingsansvaret er delt mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Kommunane har særleg ansvar gjennom rolla si som lokal styresmakt med heimel i plan- og bygningslova. Fylkeskommunen og staten forvaltar kulturminne etter kulturminnelova. Dei aller fleste kulturminne er eigd av private som dermed tek stort ansvar på vegne av samfunnet. Samspelet mellom partane er viktig.

Kva kulturminne skal ein ta vare på? Kulturminnelova, § 2: «*Med kulturminne menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.*»¹⁸ Alle fysiske spor frå historia kan ha verdi, men ein kan ikkje ta vare på alle. I tråd med stortingsmeldinga frå Miljøverndepartementet; «Leve med kulturminner», skal utvalet av kulturminne og -miljø speglia heile historia. Å sikre eit representativt utval av kulturminne i Hordaland si historie er eit ansvar som fell på einskildmennesket, lokalsamfunna og styresmaktene

Utvalet av freda kulturminne i Hordaland har ikkje slik representativitet. Alle førreformatoriske kulturminne er automatisk freda, medan listene over freda kulturminne frå nyare tid har overvekt av embetsmannsanlegg og byhus. Kystkultur, industriarv og fartøy er døme på viktige historiske tema som i liten grad er til stades i listene over Hordaland sine nasjonale kulturminne. Betre representativitet krev offentleg samordning og god balanse mellom freding av utvalde kulturminne og vern av andre gjennom kommunale vedtak heimla i plan- og bygningslova eller privat innsats. Store endringar i busettnad, infrastruktur og næringsverksemder peikar også på behovet for dokumentasjon og tematiske verneplanar, til dømes innanfor vasskraft og industri.

Demografiske endringar i Hordaland, med høg vekst i Bergensregionen og i kystkommunane, skaper ein ny situasjon. Vern og utvikling av kulturminne er krevjande i høve kryssande samfunnsinteresser som set historia sine spor til side. Statistikk i Hordaland viser at for kulturminne med regional eller nasjonal verdi, der staten og fylkeskommunen er mynde, er tapsprosenten låg. For lokale kulturminne der kommunane har avgjerdsmynne er tapstala tilsvarende høge. Undersøkingar gjort av Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren (SEFRAK-registrerte bygningar, før 1900) syner at årleg tap ligg vesentleg høgare enn det nasjonale måltalet på 0.5 % /år. For Hordaland som heilskap er ein langt frå å nå dei politisk vedtekne måla for kulturminnevernet. Det er særleg høge tap av lokale kulturminne i dei vekstkomunane som ikkje har ein eigen kulturminnepolitikk. Kommunar med nedgang i folketallet har andre utfordingar. Fråvær av vekst og endringar i næringsgrunnlaget vert synleg som attgroing av kulturlandskapa, forfall av landbruksbygningar eller nedlegging av industri. Konsekvensen av desse samfunnsprosessane er at mange kommunar i Hordaland taper store mengder kulturminne på kort tid.

Konsekvensen av samfunnsendringane må speglast i ein regionalt tilpassa kulturminnepolitikk. For å sikre eit representativt utval av kulturminne i Hordaland, og at årleg tap ikkje overstig dei nasjonale måltala, er samordna offentleg innsats i kulturminnevernet ein føresetnad. Staten, fylkeskommunen og kommunane må stimulere til at kulturminne vert integrert i ei heilskapleg samfunns- og arealplanlegging. I den felles verktøykassa må det liggje rom for utøving av mynde. Men, viktigare er det å utvikle praksisen for rettleiing og partnarskap med private. Slik kan kulturminne bli ein innsatsfaktor i lokalsamfunna.

Kommunane er primært styresmakt for alle plan- og bygesaker og har brei kompetanse på sine forvaltingsoppgåver. Plan- og bygningslova er det lokale styringsverktøyet for kulturminne og kulturlandskap, og kommunane har dermed også ansvar for dei fleste kulturminna som del av den lokale arealpolitikken. Arealplanlegging rører ofte ved kulturminneinteresser. At mange av kommunane i Hordaland ikkje har teke stilling til kulturminne i eige planverk, er mellom dei viktigaste årsakene til konflikt mellom vern og utvikling, bruk av motsegn frå regionale eller statlege organ mv.

Ei berekraftig kulturminneforvalting føreset at kommunane handterer dette feltet. Mellom mange lovpålagte oppgåver i kommunane, vert kulturminne ofte sett på som eit perifert saksområde. I tråd med nasjonale

¹⁸ Kulturminnelova §2, 1978

målsettingar er det likevel viktig at ein i større grad gjer kulturminne til ressursar for lokal verdiskaping og samfunnsutvikling i heile Hordaland. Her er det behov for å støtte opp om lokal forvalting, utvikling av kompetanse og styrking av den lokale eigarskapen. Formidling og tilrettelegging av kulturminne er ein del av denne oppgåva.

Både gjennom dei lovheimla ansvarsområda sine, men også som medspelarar, har staten og fylkeskommunen særlege oppgåver i formainga av den regionale kulturminnepolitikken. *Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltningen 2011-2015* i regi av Klima- og miljødepartementet og Riksantikvaren, vert gjennomført i samarbeid med fylkeskommunane og kommunane. Tiltaket har som mål å utvikle ei forvalting og sakshandsaming tilpassa framtidige behov. Bruk av digitale verktøy skal standardisere og forenkle arbeidsprosessane på tvers av forvaltningsnivåa. Ein skal ha gode system for forvalting av freda kulturminne med nasjonal verdi og lokale kulturminne av regional og lokal verdi. Satsinga har ei rekke tiltak innretta for å styrke kulturminnearbeidet i kommunane. I oppfølgninga har Hordaland fylkeskommune etablert eiga satsing på kommunalt kulturminnevern. Lokalt forankra kulturminnepolitikk vil gjere forvalting av kulturminne meir føreseieleg og tydeleg, sikre mangfaldet i omgjevnadene og den historiske identiteten i lokalsamfunna.

Stortingsmeldinga frå Miljøverndepartementet, «Leve med kulturminner», etablerte det nasjonale målet om at alle vedtaksfreda kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Undersøkingar i Hordaland viser store etterslep i arbeidet med vedlikehald og sikring, både av offentlege og privat eigde kulturminne. Det er trong for realistiske planar for å nå dei nasjonale målsettingane. Ressursar til vern og vedlikehald av viktige kulturminne er knappe, og manglande ressursar til systematisk vedlikehald hjå einskilde eigarar er eit trugsmål mot viktige kulturminne. Betre økonomiske rammevilkår for private eigarar, enklare tilgang til kunnskap om kulturminne, korleis dei skal takast vare på, og korleis dei kan leggje til rette for ny bruk, er ein føresetnad for å nå vedtekne mål. Det er stort behov for spesialisert kompetanse i kulturminnevernet. I aukande grad har byggenæringa og handverksmiljøa sett dette som eit relevant verksemrdsområde, men ordningar for utvikling og formidling av handverkskompetanse er nødvendig i Hordaland.

Hordaland er eit viktig museumsfylke, og musea er av dei fremste kunnskapsinstitusjonane. Jf den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM (International Council Of Museums): «*Eit museum er ein permanent institusjon, ikkje basert på profitt, som skal tena samfunnet og utviklinga av samfunnet og vere ope for publikum; som samlar inn, bevarer / konserverer, forskar i, formidlar og stiller ut materielle og immaterielle vitnesbyrd om menneska og deira omgjevnader med studie-, utdannings- og underhaldningssiktemål»¹⁹*

Universitetsmuseet i Bergen, dei ni konsoliderte museumseiningane og ei rekke større kommunale og private samlingar er ryggraden i omfattande formidling, forvalting og forsking på kultur- og naturarven. Til saman forvaltar dei ti konsoliderte musea i Hordaland 650 000 gjenstandar og fotografi, 500 kulturhistoriske bygningar og 150 fartøy. Dei viser 200 nye utstillingar kvart år og har 650 000 besökande.

Institusjonane har også ansvar ut over sine samlingar. Stortingsmeldinga «Leve med kulturminner» gav musea høve til å ta ei meir aktiv rolle i å følgje opp den nasjonale kulturminnepolitikken, og støtte opp om musea si regionale rolle som kunnskapsforvaltarar og samfunnsaktørar. Meldinga frå Kultur- og kyrkjedepartementet, «Framtidas museum», stadfestar den nasjonale museumspolitikken, og slo fast at musea skal vere synlege samfunnsaktørar. Meldinga «Framtid med fotfeste» følgjer opp denne politikken, og legg vekt på fylkeskommunen si rolle som bindeledd mellom museum og kulturminnevernet: «*Fylkeskommunene er sentrale i den regionale museumspolitikken. Gjennom å kombinere rollen på museumsfeltet med regional kulturminnemyndighet har fylkeskommunen en nøkkelrolle i det videre samarbeidet mellom de to sektorene.*»²⁰ I Hordaland er retninga på museumspolitikken stadfestar i Regional plan for museum 2011-2015; *Musea i samfunnet*.

Musea er kunnskapsinstitusjonar. Brei kunnskapsformidling kjem til sin rett i møte med menneske. Både musea og kulturminnevernet må i større grad møte folk der dei er – i byen, på kjøpesenteret, i skulane og i nærmiljøa. Museumspolitikken må legge til rette for at slike møte vert mogeleg og at institusjonane er til stades på nye arenaer.

Samstundes må spesialisering styrkast gjennom å utvide samarbeidet med høgskular og universitet, særleg innan forsking og metodeutvikling. Samarbeidet gjev musea ein styrkt posisjon, og kan verke utviklande for samhandlinga med offentlege sektor. Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for godt

¹⁹ ICOMs statutter, artikkel 3, §1

²⁰ Miljøverndepartementet, «Framtid med fotfeste», 2013

kulturminnevern, og både musea og forskingsinstitusjonar har her ei viktig rolle. Internasjonalt samarbeid er også viktig for å styrke kunnskapen.

Hordaland fylkeskommune har lagt til rette for samarbeid mellom musea, kommunane og kulturminneforvaltinga. Ordninga har fungert godt, og er i tillegg til kontakten mot frivillig sektor. Kulturminnevernet og musea i Hordaland har ei historie som bygger på frivillig innsats. Musea skal spele ei nøkkelrolle som bindeledd mellom private og offentlege partar i forvaltinga av kulturarven i Hordaland.

Kulturminneomgrepet er i endring. Det same er også utvalet av kulturminne og gjenstandar i musea sine samlingar. I staden for omgropa kulturminne og samlingar, kan ein nyte *kulturarv* for det som viser til samfunnet si historie. Dette krev at musea utviklar nye strategiar og tiltak, etablerer sektorovergripande perspektiv og arbeider med nye grupper. Her kjem den immaterielle kulturarven i ei særstilling. Unesco-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven frå 2003, pålegg det norske samfunn forpliktingar til bevaring av immaterielle kulturuttrykk og set krav om å synleggjere og sikre respekt og anerkjenning for ikkje-materiell kultur, som til dømes tradisjonshandverk, skikkar, folkemusikk og munnlege forteljingar. I Hordaland har ein eit særskilt ansvar for å føre vidare og styrke hardingfeletradisjonen, slik at den praktiserte kunnskapen knytt til tradisjonen kan leve vidare.

Det er kjent at museumssektoren har for knappe økonomiske rammer til å løyse alle oppgåvene, ikkje minst å ta godt nok vare på bygningar, gjenstandar og fartøy. Musea må få betre økonomiske rammer, samtidig som dei skal ha eit kritisk blikk på eiga verksemder og arbeide for fellesløysingar innan område med stordriftsfordelar. Regionale fellesløysingar vil såleis vere eit prioritert område i den nye museumspolitikken.

4.6 Arkiv

Arkiva i samfunnet er dokumentasjon som følgje av menneskeleg verksemder. Arkiva inneholder spor etter aktivitet på alle samfunnsområde, både frå nær og fjern fortid og vert skapt i alle delar av samfunnslivet, i offentlege organ, bedrifter, i organisasjonar og hjå privatpersonar. Dei utgjer ein fundamental del av minnet for enkeltpersonar, for verksemder og er ein viktig del av den kollektive minnefunksjonen i eit samfunn.

Arkiva er difor ei av dei viktigaste og mest grunnleggande kjeldene våre til kunnskap om samfunn og kultur. Arkiva sin funksjon og evne til å dokumentere rettar og plikter, vedtak og avtalar har til ei kvar tid vore viktige. Dette er med å sikre rettstilstanden, og er ein del av den grunnleggande infrastrukturen som er heilt nødvendig i eit demokrati og ein rettsstat. Historiske arkiv utgjer samstundes fundamentet for kulturarven vår. Bevaring av arkiv er eit middel til å skape og ivareta kulturell identitet og historisk medvit.

Privatarkiv er arkiv frå alle typar ikkje-offentleg verksemder: privatpersonar, lag og organisasjonar, verksemder innanfor tenesteyting, samferdsle, produksjon, osb. Slike arkiv kan innehalde informasjon av stor verdi for enkeltpersonar, lokalsamfunn og for samfunnet som heilsak. Private og offentlege arkiv vert skapte i samhandling mellom offentlege og private samfunnsaktørar og utgjer såleis integrerte delar av eit felles samfunnsminne. Ei utfordring har vore at medan offentlege arkiv systematisk vert bevarte og gjort tilgjengelege for samtid og ettertid, vert privat arkivmateriale bevart tilfeldig og i relativt lite omfang. Dette fører til at mykje viktig samfunnsdokumentasjon går tapt for alltid.

Arkivlov²¹ har som føremål å sikre arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi, eller som inneholder rettsleg eller viktig forvaltingsmessig dokumentasjon, slik at dei vert tekne vare på og gjort tilgjengelege for ettertida. I praksis har arkivlova sikra ei systematisk bevaring av offentleg arkivmateriale, medan bevaring av privatarkiv har vore avhengig av interesse og prioriteringar i bevaringsinstitusjonane.

I Hordaland har fire offentlege arkivinstitusjonar (Bergen Byarkiv, Hordaland fylkesarkiv, Interkommunalt arkiv i Hordaland og Statsarkivet i Bergen) ansvar for å bevare og gjøre tilgjengeleg arkiv på kvart sitt forvaltningsnivå – stat, fylkeskommune og kommune. Hordaland fylkesarkiv koordinerer arbeidet med bevaring av privatarkiv i Hordaland, og dei konsoliderte musea i fylket, Lokalhistorisk arkiv Bergen, Universitetsbiblioteket og Senter for industriarkiv i Odda inngår saman med arkivinstitusjonane i eit nettverk for privatarkiv. Ei utfordring er at institusjonane har hatt svært ulike ressursar til privatarkivarbeidet. Dette kjem til uttrykk i store skilnader når det gjeld arkivsamlingane sitt omfang og i kva grad desse er ordna, katalogiserte og tilgjengelege for bruk. Mengda bevarte privatarkiv utgjer under 20 % av den samla arkivmengda i Hordaland.

²¹ Arkivlova, 1992

Den største oppgåva arkivsektoren står overfor er behov for å finne nye strategiar og verkemiddel for å møte dei digitale utfordringane, når ein skal sikre ein meir heilskapleg arkivdokumentasjon av samfunn, kultur og historie i tida framover. Dessutan er det viktig at eit mangfald av kjeldemateriale, både foto, film og lyd som er skapt digitalt og analogt, vert bevart og gjort tilgjengeleg. I 2014 er det framleis ei stor utfording korleis ein skal utforme og gjennomføre standarder og arbeidsmåtar som gjer at digitale data er gode nok til å fungere utan papir som sirkning. Dei fleste elektroniske system er ikkje gode nok til å verte godkjende som heildigitale arkivsystem. Spesielt for kommunal sektor og i høve til private arkivskaparar er utfordringa stor for å finna fram til organisatoriske løysingar for langtidsbevaring av digitalt materiale.

Skal ein sikre ein meir heilskapleg dokumentasjon av samfunn, kultur og historie, er den største utfordinga for arkivsektoren å finne nye strategiar og verkemiddel for å ta vare på det digitalt skapte materialet. Både i det offentlege, og for private arkivskaparar, er utfordringane store for å finne fram til organisatoriske løysingar for langtidsbevaring av digitalt materiale. Det er også utfordrande å få med seg den informasjonen ein har bruk for, frå analoge system over i dei digitale. Ein har behov for digitalisering av store mengder papirbasert arkivalia i tillegg til foto, film og lydmateriale. Kanskje må ein også sjå på nye måtar å organisera institusjonar og samarbeid. Det er eit stort behov for å utvikla robuste kompetansemiljø, spesielt på langtidsbevaring av digitalt skapt arkivmateriale.

Kulturundersøkinga som vart gjort blant innbyggjarane i Hordaland i 2013, viste at av dei 21 interessefelta som det er spurt om, kjem interesse for lokalhistorie og slektsgransking høgt på lista. Berre interesse for friluftsliv, film, idrett, revy/stand-up og rock er større blant hordalendingane. Ei viktig oppgåve framover er å utvikle og stimulere den lokalhistoriske interessa i samarbeid med musea, biblioteka og lokalhistoriske miljø i fylket.

I Hordaland er nokre av dei mest interessante samlingane av tidlege fotografi i Noreg samla. Det heng saman med at Bergen allereie frå fotografiet sin barndom vart eit sentrum for tidleg fotografisk praksis i Noreg. Bergensfotografane Marcus Selmer og Knud Knudsen stod for den første etnografiske dokumentasjonen av norsk landskap og folkeliv, og desse fotografa dokumenterte den tidlege moderniseringa av landet. At dette er bevart skuldast i hovudsak pionerarbeidet til dei bergenske fotoarkivarane Ragna Sollied og Susanne Bonge som danna grunnstamma for fotosamlingane ved Gamle Bergen Museum (no Bergen Bymuseum) og Billedsamlingen ved UiB. Samtidig bygde Bergen Museum opp ei fotosamling som også inneheld nasjonale viktige fotografi. I tillegg til Knudsen og Selmer har desse institusjonane til saman Noregs største samling av daguerrotypiar og ikkje minst Sophus Tromholts etnografiske fotografi frå Finnmark som i 2013 vart ein del av UNESCO si Memory of the World-liste over historisk viktige samlingar.

Det bergenske fotohistoriske forskingsmiljøet har også i seinare tid markert seg som leiande i nasjonal samanheng. Universitetet i Bergen har stått bak internasjonale forskingsprosjekt som mellom anna har resultert i den første samla norske fotohistoria og den norske utvandringshistoria²². Dette forskings- og undervisningsmiljøet har bygd arbeidet sitt på dei unike bergenske fotohistoriske samlingane. Ei utfording når ein skal arbeide med dette materialet er at fotosamlingane er oppbevarte svært ulikt, og det er difor sett fram forslag om å samlokalisere samlingane. Ei anna utfording er at det ikkje finst konserveringsfagleg kompetanse knytt til nokon av samlingane.

Fotoverntenesta i Hordaland vart oppretta som fylkesansvarleg fotoverninstitusjon under fylkesarkivet i 1999, og skal vere eit kompetansesenter for fotovern i fylket. Hovudmålet med tenesta er å bevare, sikre og gjere lett tilgjengeleg fylket sin fotografiske kulturarv. Ei utfording dei siste åra har vore at ressursane knytt til tenesta fall bort i 2009. Arbeidet med fotovern vart nedprioritert og har sidan vore drive som del av det generelle arbeidet med privatarkiv i fylkesarkivet.

²² Larsen og Lien, *Norsk fotohistorie : frå daguerreotypi til digitalisering*, 2007, Sigrid Lien, *Lengselens bilder : fotografiet i norsk utvandringshistorie*, 2009

4.7 Kulturformidling og kunstproduksjon

Et sterkt og fritt kulturliv er grunnleggande i eit levande og sunt samfunn. Kunstopplevingar er til glede og gagn både for enkeltmenneske og fellesskapet. Det er difor påkravd å legge til rette for at alle får høve til å møte ulike typer kunst i heile fylket. Særleg viktig er det å stimulere til å auke interessa for og opplevinga av vår eiga tids kunst. Kunstfeltet i Hordaland skal vere dynamisk, synleg og kritisk.

Det offentlege har eit ansvar for å bidra til at kunstnarane har leve- og arbeidsvilkår som gjer det mogleg å produsere god og nyskapande kunst.

Det profesjonelle kulturlivet på Vestlandet spenner frå enkeltkunstnarar og grupperingar til store institusjonar. Kultur- og kunstlivet på Vestlandet har lukkast med å etablere fleire velfungerande, gode faglege nettverk, nokon i form av organisasjonar. Desse er viktige for overføring av kompetanse og erfaring, og bidreg til å styrke samspel innan det einskilde fagfelt, som igjen fører til at heile feltet står sterke. Slike strukturar kan også vere gode partnarar i tverrkunstnarlege/tverrkulturelle dialogar, og slik styrke heile kultursektoren på Vestlandet. Det er ei utfordring å sikre levekår for kunstnarar og kulturarbeidarar i Bergen og Hordaland.

Hordaland fylkeskommune skal legge til rette for vekst i det frie profesjonelle kulturlivet og institusjonane, og ser at felles løysingar og grenseoverskridande samarbeid kan vere ein god veg å gå. Fylkeskommunen ønsker å satse på tiltak som kjem fleire kunstnarar og kulturaktørar til gode. Det er viktig at dette er opne og inkluderande tiltak og møtestader.

I dagens kunnskapssamfunn skjer endringane raskt, og krava til omstilling og kompetanseutvikling er store. Kunnskap og kreativitet står fram som sentrale og stadig viktigare drivkrefter for verdiskaping for den einskilde og for samfunnet.

Hordaland har eit rikt utval kulturtilbod. Ein må jobbe for å identifisere og bygge ned barrierar som hindrar fleire frå å ta del i kunst- og kulturlivet. Eit mangfaldig publikum kan også medverke til å utvikle kunsten og kulturuttrykka i seg sjølve.

Det er viktig å sjå til at både nyskapande kunst- og kulturuttrykk og tradisjonsfeltet vert tekne hand om av kulturpolitikken. På tradisjonskunstområdet har Hordaland eit særleg ansvar med å ta vare på hardingefeletradisjonen, jamfør Noreg si ratifisering av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv.

Kulturverksemdu som gjev rom for skaping og kreative prosessar kan ha overføringsverdiar til andre samfunnsområde som helse, opplæring og næringsliv. For å legge til rette for dette, må ein arbeide på tvers og dyrke kreativitet mellom menneske i opne prosessar. Samtidskunst/ kultur må spele ei viktig rolle i ei nyskapande og framtidsretta samfunnsutvikling.

4.8 Bibliotek

Folkebiblioteka sitt oppdrag²³ er å fremje opplysning, utdanning og anna kulturell verksemdu, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medium gratis til disposisjon for alle som bur i landet. Folkebiblioteket skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt. Det einskilde biblioteket skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet. Innhaldet i biblioteka skal gjerast kjent, og folkebiblioteka er ledd i eit nasjonalt biblioteksystem.

Biblioteka gjev alle lik tilgang til informasjon, kunnskap, litteratur og kulturelle opplevingar, og dermed til personleg utvikling. Samlingane, saman med rolla som møteplass og den aktive kunnskaps- og kulturformidlinga, gjer folkebiblioteka til unike, samlande og demokratiske samfunnsinstitusjonar i alle lokalsamfunn.

Folkebiblioteka kan oppfylle mange roller i lokalsamfunna. Mange fungerer som lokale litteraturhus med forfattarbesøk, føredrag og debattar. I tillegg har biblioteka arrangement av typen lesesirklar, språkkafear og høve for brukarane til å engasjere seg sjølve.

Mange av folkebiblioteka i fylket treng nye eller renoverte lokale for at ein skal kunne oppfylle samfunnsoppdraget. Elles er utfordringane knytt til lokalisering, opningstider, fysiske og elektroniske samlingar

²³ Folkebiblioteklova §1, 1985

og aktivitetar og tilbod til brukarane. Dette stiller krav til finansiering, til kompetansen til dei bibliotektilsette og til korleis biblioteket bygger relasjonar til andre institusjonar og organisasjonar i kommunen.

Hordaland har eit skiftande og ueinsarta bibliotektilbod, frå spesialiserte biblioteknester formidla gjennom universitets- og høgskulebiblioteka og dei største folkebiblioteka, til enkle tilbod gjennom dei minste folke- og skulebiblioteka. Utfordringane varierer i høve til type bibliotek, rammevilkår og kva nivå det einskilde bibliotek fungerer på. Eit samspel mellom ressursar, kompetanse og samlingar vil kunna gje innbyggjarane i fylket eit svært godt tilbod.

Kvar kommune har minst eitt folkebibliotek, i tillegg er det 21 filialar og fire mobile einingar i fylket (kommunale bokbussar i Lindås, Kvinnherad og Voss og bokbåten som har stopp i 22 kommunar). I 2003 var det 50 filialar og åtte mobile bibliotek. Det er rimeleg å anta²⁴ at om lag halvpart av innbyggjarane i Hordaland har lånekort til folkebiblioteket, at om lag 1/3 nyttar biblioteket jamleg, og at 1/3 aldri nyttar biblioteket. Dei fleste nyttar bibliotek i sin kommune, men ca. 1/5 nyttar bibliotek utanfor eigen kommune. Det er ei utfordring å få fleire til å nytte tilboden, men mange har lang avstand til nærmeste bibliotek. Særleg dei minst mobile gruppene, som barn og eldre, har mange stader ikkje tilgang til bibliotek i rimeleg nærleik. Bergen har eit stort folkebibliotek med seks filialar, men det er likevel innbyggjarar, særleg i sør og vest, som har lang veg til nærmeste bibliotek.

Dei etablerte samarbeida mellom folkebiblioteka, den teknologiske utviklinga og aukande bibliotekfagleg kompetanse, opnar for at innbyggjarane i fylket kan få tilgang til gode biblioteknester ut frå den einskilde brukaren sitt behov. Kulturpolitikken bør stimulere til at alle har rimeleg nærleik til eit mobilt eller stasjonært bibliotektilbod, og det er eit mål i kulturplanen at det skal finnast eit bibliotektilbod på kvart senternivå²⁵ i kommunane, dvs. i regionsenter, kommunesenter (bydelssenter i Bergen), lokalsenter og nærsenter.

Skulebiblioteka i grunnskulen manglar stort sett bibliotekfagleg personale eller personar med bibliotekfagleg utdanning tilsvarende minst ei halvårseining. I fleire kommunar, som t.d. Øygarden, har folkebiblioteket eit fagleg ansvar for biblioteka i grunnskulen. Det er ein god modell, då det ikkje er realistisk å få fagutdanna personale i alle bibliotekeiningar. Kombinasjonsbibliotek mellom folke- og skulebibliotek, kan vere ei løysing for å sikre bibliotektilbod i lokal- og nærsenter.

Den trykte boka og samlingane vil framleis vere ein viktig del av folke- og skulebiblioteka. Aktiv formidling av litteratur, lesing og leseglede er ei kjerneoppgåve for biblioteka. Det er ei utfordring å styrke folke- og skulebiblioteka som sentrale stader med kompetanse på lesing og litteraturformidling, og ha fokus på nynorsk litteratur. Løyvingane har ikkje vakse i takt med auka oppgåver, og heller ikkje i takt med resten av kulturlivet dei siste ti åra. Difor treng folkebiblioteka eit løft for å kunne ivareta samfunnsoppdraget sitt. Kommunane kan få auka ressursar og fagleg kompetanse både gjennom samarbeid med nabokommunane og ved at kommunen satsar på utvikling av skulebiblioteka.

Dei vidaregåande skulane har hatt ei stor utvikling sidan Strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i vidaregåande skular i Hordaland blei vedteken av fylkestinget i 2004²⁶. I 2013 er det 24 skular som har fagutdanna bibliotekar i halv stilling eller meir. I samarbeid med Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen skal det i planperioden arbeidast vidare med at alle elevar i vidaregåande skule i Hordland skal ha tilgang til like gode bibliotek.

I Bergen er det mange fagbibliotek, universitets- og høgskulebibliotek. Samarbeid på tvers av sektorgrenser og forvaltningsnivå er ønskeleg både for å utvikle dei bibliotektilsette fagleg og for å kunne gi brukarane betre tenester

Biblioteka vil kunna spele ei vesentleg rolle i det digitale samfunnet og legge til rette for meir digitalt innhald når stadig nye tenester vert tilgjengelege direkte på nettet. Innkjøp av digitalt innhald følgjer andre reglar enn innkjøp av fysisk innhald, og det er ei utfordring at alle skal få tilgang til eit like godt tilbod. Det krev nasjonale løysingar, men i fylket kan ein arbeide vidare med konsortieavtalar og andre samarbeidsmodellar mellom biblioteka. Fylkeskommunen vil ta på seg ei utjamnande og koordinerande rolle i høve til å gje tilgang til og formidling av digitalt innhald. Innovasjon og utvikling av nye tenester må verte del av arbeidet i biblioteka.

²⁴ Jmf. fleire brukarundersøkingar, m.a: Vestfold fylkesbibliotek. *Brukerundersøkelse 2013*.

²⁵ Hordaland fylkeskommune. *Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel : høyringsutkast*

²⁶ Planen er vidareført i Hordaland fylkeskommune. *Skulebibliotek for kunnskap og trivsel: Strategisk plan for bibliotek i vidaregåande skule i Hordaland 2011-2015*.

4.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Visionen for fagområdet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er Aktiv Kvar Dag. Målet er at alle skal kunne vere aktive etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.

Fysisk aktivitet er ei kvar kroppsleg rørsle skapt av skelettmuskulatur som resulterer i bruk av energi.²⁷ Idrett er fysisk aktivitet utøvd for å betre utøvaren si fysiske og psykiske helse gjennom mosjon og rekreasjon, eller for å oppnå best moglege resultat i øvingar med fast struktur og regelverk.²⁸ Friluftsliv er opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleveling.²⁹ Det kan vere vanskeleg å kategorisere dei ulike innsatsområda. Ulike aktivitetar utøvd i same anlegg/arena vere fysisk aktivitet, idrett eller friluftsliv, avhengig av intensitet eller motivasjon for aktiviteten. Døme på slike aktivitetar er gå/springe, orientering, sykling, symjing, padling og klatring.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv har ein eigenverdi som er knytt til oppleveling av glede, meistring, fellesskap og ein nytteverdi med positiv verknad på folk si fysiske, sosiale og mentale helse. Det er ei stor samfunnsutfordring knytt til auka inaktivitet og overvekt i delar av befolkninga. Samfunnet er organisert slik at kvardagsaktiviteten er kraftig redusert dei siste 20 åra, til dømes gjennom stillestittande jobbar, bruk av bil, og medie- og kommunikasjonsbruk. Fritidsaktiviteten har auka ved at dei som trenar, trenar meir enn før.

Friluftsliv er det området på kulturfeltet som har klårt størst interesse blant innbyggjarane i Hordaland. Idrett ligg som nummer tre³⁰. Innbyggjarane oppgjer at idrettshall, treningsstudio og symjehall er blant dei seks viktigaste møteplassar og kulturtilbod i sentrum. Dette gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med å skape ein aktiv kvar dag for folk i Hordaland. Hovudfokus er å skape gode aktivitetsvanar for barn og ungdom. Den einskilde har ulike ønske og føresetnader for å vera aktiv. Tilhøvet mellom organisert aktivitet, eigenorganisert fysisk aktivitet og kommersielle interesser er endra. Desse endringane må takast omsyn til i all planlegging og utvikling av aktivitetstilbod og anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Gjennom heilsakleg tilnærming, der ulike verkemiddel vert sett i samanheng og roller og ansvar fordelt, kan eit godt tilbod om aktivitet og anlegg/arena skapast i samarbeid mellom offentleg, frivillig og privat sektor.

Den frivillige idretten og friluftsorganisasjonane gjev eit tilbod til mange gjennom tilrettelagt aktivitet, der glede, meistring, inkludering, rekreasjon og gode opplevelingar er kjerneverdiar. Deltaking i frivillige lag har ein meirverdi som sosial møteplass, arena for fellesskap, danning av meining og opplæring i frivillighetskultur i tillegg til sitt demokratiske fundament. Mange barn og ungdomar er medlemmer i organisert aktivitet, men det er eit fråfall i ungdomsgruppa. I planperioden vil det vere særleg fokus på å styrke og utvikle aktivitetar og anlegg tilpassa ungdom mellom anna gjennom auka medverknad.

Det å implementere fysisk aktivitet som ein del av skulekvardagen, legg eit godt grunnlag for livslang glede av fysisk aktivitet og førebygging av livsstilssjukdomar. Aktivitetar som er enkle å gjennomføre gir ei kjensle av meistring, og auka sjølvkjensle, funksjon og yteevne. Barn og ungdom kan finne nye vegar for integrasjon gjennom aktivitet, noko som kan medverka til betre skolemiljø og mindre mobbing.

Lågterskel aktivitetstilbod for særlege grupper er med på å få fleire i aktivitet. Inkludering er eit mål i arbeidet med idrett og friluftsliv. Unge, lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal ha høve til å utvikle seg i lokalmiljø/regionen. Nasjonale og internasjonale seniormeisterskap bidreg til å stimulere utøvarar, trenrarar og leiarar til vidare utvikling og kan bidra til næringsutvikling. I Hordaland er det over 4300 aktivitetsanlegg, frå små nærmiljøanlegg til store spesialanlegg. Fokus i planperioden er på samlokalisering av ulike anlegg for organisert og eigenorganisert aktivitet knytt til skular. Eit stort etterslep i tildeling av statlege spelemidlar krev ein tydeleg politikk for prioritering av anleggsutvikling. Det må leggast til rette for gående og syklande, og fellesskapet må sikrast tilgang til turløyper og friluftslivsområde i nærmiljøet. Planarbeid på ulike nivå er avgjerande for at eigna areal til idrett og friluftsliv vert avsett. Kulturdepartementet krev planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for å tildele spelemidlar.

Det å utvikle og ta i bruk ny kunnskap er avgjerande for å kunne møte morgondagens utfordringar. Gjennom samhandling mellom høgskule, universitet, helseføretak, kommunar, fylkeskommunen og dei frivillige organisasjonane kan relevant FoU arbeid, studietilbod/kurs, praksis m.m. skapast og såleis sikre offentleg, privat og frivillig sektor auka tilgang på naudsynt kompetanse for ønskt aktivitets- og anleggsutvikling.

²⁷ Bouchard, Shepard & Stephens sitert i: NOU 1999: 13, kap. 6.1.

²⁸ Store Norske leksikon, s.v. «Idrett». 19.05.2014. <http://snl.no/idrett>

²⁹ Miljøverndepartementet, «Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet», 2001

³⁰ Hordaland fylkeskommune. Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013 : kunnskapsgrunnlag for regional kulturplan 2014-2024

5. INNSATSOMRÅDE

5.1 Endring i busetnad og infrastruktur

1. Urbanisering, stadutvikling, bygningar og landskap

Mål:

1. Skape trygge, attraktive og stimulerande nærmiljø
2. Sikre ei berekraftig forvalting av landskap og omgjevnadar
3. Løyse framtida sine behov med nyskapande arkitektur
4. Kunnskap, kompetanse og formidling skal løfte arkitekturen i Hordaland

Fysiske omgjevnader i endring

Hordaland er i vekst og endring og vil etter få år sjå heilt annleis ut enn i dag. Ein stor del av framtidige areal og bygningar for bustad og næring er nye eller vert bygd i dei komande åra. By og tettstad møter utfordringar knytt til klimaendringar, vekst og andre omskifte. I pressområde vert kjende landskap og lokalmiljø sett under press; formast om eller forsvinn. Tettstads- og byvekst gjev utfordringar med omsyn til å skape attraktive og stimulerande omgjevnader. Deler av Hordaland med mindre vekst vil stå framfor store oppgåver med bevaring av bygningsarv og kulturlandskap. Medvitne aktørar er nødvendig for å finne gode svar på desse utfordringane.

Kulturpolitikken si rolle for omgjevnadsproduksjonen

Arkitektur er det som er bygd og det som skal byggjast, og omfattar i vid forstand alle menneskeskapte omgjevnader; bygningar og anlegg, uterom og landskap. Arkitektur er dels eit fagområde som grip inn i kunst- og kulturfeltet, men er også ei næring i byggjebransjen. Satsing på arkitektur er ein føresetnad dersom ein skal nytte moglegheiter og handtere utfordringar som endringane i busetnad og infrastruktur fører med seg i Hordaland.

Kulturplanen rettar merksemda mot fysiske omgjevnader i rask endring. Ei god arealutvikling krev at både offentlege styresmakter og private utbyggjarar tek eit heilskapleg ansvar. Ein kulturpolitikk som inkluderer forming av omgjevnadene gjev retning for dei endringsprosessane ein står framfor, til dømes ved å utvikle strategiar for byutvikling og tettstadsforming, der arkitektur, landskapsarkitektur og kunst i landskap og offentlege rom vert prioritert. Høge krav til kvalitet i nye planar og istandsetting av bygde miljø skaper attraktive sentra og er del av ei berekraftig stad- og byutvikling. Omgjevnader der folk møtest, skaper gode og levande lokalsamfunn. Ein arealpolitikk med vekt på kvalitet skal gje rom for menneskeleg utfaldning, verke positivt på vår eigen trivsel og fremje fysisk, psykisk, kulturell og sosial utvikling og deltaking. Forvalting og formidling av hus og landskap vert ei hovudsatsing i Regional kulturplan, og eit samanbindande tema for alle fagområda.

Den statlege meldinga *arkitektur.nå* peiker ut tre hovudutfordringar: 1) Bærekraft og klima, 2) Endring og transformasjon, og 3) Kunnskap og innovasjon. Dette samsvarer med aktuelle utfordringar i Hordaland. Både stat, fylkeskommune og kommune skal løyse samfunnsoppgåver der arkitekturansvaret er særleg viktig; som planleggjar, forvaltar og byggherre. Kulturplanen peiker på trangen for ein arkitekturpolitikk og strategiar på både fylkeskommunalt og kommunalt plan. Sjølv om utfordringane på feltet i særleg grad er adressert til styresmaktene, kan dei ikke løysast utan at samspelet med anna samfunnsliv og rammevilkåra for arkitekturproduksjonen i privat sektor og byggjebransjen er tekne i vare.

Planleggjaransvar

Stadutviklinga har særleg sett merke på kulturlandskapet i Hordaland etter 1950. Endra busetnadsmønster med etablering av byar og tettstader har samanheng med lokal administrasjon, næringsverksemd og utvikling av samferdsla. Offentlege styresmakter sine lovheimla roller gjev dei ansvar for å planleggje omgjevnader som er varige, funksjonelle og vakre. Plan- og bygningsloven av 1965 sette planlegginga inn i formelle rammer og demokritiserte planprosessane. Dei fleste av dei større kommunane i Hordaland sytte i tida etter 1965 for ei samordna arealplanlegging på overordna og detaljert nivå.

Dei seinare åra er dette i større grad blitt eit deregulert samfunnsfelt der kommunane handsamar private planforslag, men i mindre grad formar område- og reguleringsplanar på eige initiativ. Ei fragmentert arealutvikling gjev i seg sjølv ikkje grobotn for attraktive og funksjonelle stader og ei heilskapleg planlegging av

omgjevnadene. I dag er det likevel meir drøfting av ulike interesser i gjennomføring av private og offentlege utbyggingstiltak, enn det var før nokre generasjonar sidan. Satsing på by- og tettstadutvikling er også sterkare. Det stiller krav om tydeleg deltaking og ansvar for den fysiske formainga av omgjevnadene. Her er det behov for auka kunnskap og kompetanse, ikkje minst i dei framtidige kommunane i Hordaland.

Forvaltaransvaret

Hordaland sine naturlege og menneskeskapte omgjevnader har særlege kvalitetar. Dei er varierte med omsyn til naturgrunnlag og form, men er òg svært ulikt påverka av menneska sin bruk. Den historiske byen, fjordlandskapet, llynghiene og jordbrukskulturen sine historiske kulturlandskap er høgt verdsette. Desse landskapa er ein viktig del av den regionale identiteten. Det regionale forvaltaransvaret inneber at ein tek desse kjennemerkene i vare.

Urbanisering og tettstadsvekst set merke på omgjevnadene. Konsekvensane av nedbygging og gjengroing byrjar å verte synlege i mange kommunar i Hordaland. Arealforvaltinga, og særleg kulturminne- og miljøvernforvaltinga, har ei viktig rolle for å balansere interessene, oppretthalde mangfaldet i det fysiske miljøet og å sikre historisk identitet. Utvikling av lokal forvalting og kommunale planar skal tydeleggjere kva verdiar ein finn i lokalsamfunna, finne kva ein vil prioritere å ta vare på, slik at vern og utvikling kan kombinerast på ein god måte.

Den europeiske landskapskonvensjonen (2004) vart ratifisert av Noreg i 2007. Konvensjonen har etablert ein viktig dimensjon i landskapsforvaltinga; kvardagslandskapet og dei nære omgjevnadane som omgjev oss kvar dag og som påverkar trivsel og helse. Konvensjonen viser omsyn for det sjeldsynte og verdfulle, men også det kvardagslege og nære. Dokumentet legg til grunn følgjande landskapsomgrep: «Et område, slik folk oppfatter det, hvis sær preg er et resultat av påvirkningen fra og samspillet mellom naturlige og/eller menneskelige faktorer.»

Kulturplanen legg opp til ei forvalting av landskapet der utvikling, bruk og vern finn god balanse. Det er plan- og bygningslova som er det viktigaste rammeverket i oppfølginga av landskapskonvensjonen, men der det er særleg verdiar som bør sikrast, kan naturmangfaldslova eller kulturminnelova nyttast. Samarbeid mellom offentlege og private partar og samspel mellom ulike verkemiddel er sentralt.

Det er stort behov for forsking og spesialisert kunnskap om desse prosessane i Hordaland. Fagmiljøa og utdanningsinstitusjonane innan tettstadsforming og arkitektur er viktige ressursar i forming av nye og eksisterande omgjevnader. Regionalt forskningsfond er eit viktig verkemiddel for å utvikle samarbeidet mellom forskingsmiljøa og forvaltinga, mellom anna for dokumentasjon og forsking på landskapsforvalting.

Byggherreansvar

Alle som planlegg og byggjer i Hordaland har ansvar for å skape attraktive, funksjonelle og stimulerande fysiske omgjevnader, der ulike omsyn vert balansert til beste for innbyggjarane. Som gruppe er offentlege styremakter den største byggherren i Noreg. Stat, fylkeskommunar og kommunar har ei særleg oppgåve som førebilete. Kulturplanen tek sikte på å utvikle byggherreansvaret, og skal leggje til rette for medviten produksjon av god arkitektur ved løysinga av alle offentlege byggjeoppdrag.

I høve offentlege verkemiddel som tilskot til kulturbygger og kulturarenaer, skal det innarbeidast sterkare krav til vektlegging av arkitektur- og miljøomsyn. På same vis som ein prosentdel av utbyggingskostnadane til offentlege bygg vert nytta til kunst, legg kulturplanen opp til at ordninga vert utvida til heile det norske landskapet, med bruer, vegar, tunnellar, jarnbane og bybane. Planen sin intensjon er å setje Noreg på det internasjonale kunst- og reisemålskartet – og gjere Noreg til ein arena for internasjonale samtidskunstnarar frå alle himmelstrok.

2. Arenautvikling – infrastruktur

Mål:

1. *Hordaland skal ha god dekning av kultur- og idrettsarenaer som er tilgjengelege for alle, og som legg til rette for aktivitet og opplevelse*
2. *Kulturpolitikken skal legge til rette for tilgangen til både regionale og lokale kultur- og idrettsanlegg, kulturminne, kulturlandskap og aktivitetsområde for friluftsliv*

Kulturpolitikken skal gje rom for utfaldning og realisering. Gode arenaer er ein føresetnad for dei fleste deler av kulturlivet. Arenautvikling kan vere grunngjeve i nasjonale eller regionale utfordringar og dei behova som større

institusjonar eller spesialiserte kulturaktiviteter stiller. Realiseringa av eit fullverdig kulturtildot til dømes krav om større konsertarenaer, teater, utstillingslokale og museumsbygg. Arenautviklinga kan også vere grunngjeve i lokale behov; og skal bidra til at folk møtest i lokalsamfunna og fremje trivsel, kulturell og sosial utvikling og deltaking.

I Hordaland er det store utfordringar når det gjeld kulturbygger. På lokalt nivå går det føre seg ei stadig oppgradering av lokale kulturhus, og desse er avgjeraande for det lokale kulturlivet. Hordaland fylkeskommune støttar, i samarbeid med kommunane, kontinuerleg dette arbeidet gjennom tilskottssordninga til lokale kulturhus. Det er viktig at eksisterande bygg i lokalsamfunnet kan sjåast som ressursar i arenautviklinga. .

Når det gjeld regionale og nasjonale kulturhus er det trong for ein offensiv politikk i Hordaland. Bergen og Hordaland har i liten grad motteke statleg støtte til nasjonale kulturhus. Grieghallen har gjennomgått ei omfattande renovering og oppgradering først og fremst gjennom eit sterkt fylkeskommunalt og kommunalt engasjement. Det er akutt trong for føremålstenlege bygg for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen, samt verksts- og produksjonslokale for institusjonar som Den Nationale Scene, Bergen Nasjonale Opera m.v. Fylkestinget har fatta vedtak om at Hordaland Teater skal lokaliserast til Bergen sentrum, og i tillegg vert det arbeida med planar for eit musikkteater i Bergen.

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år auka sitt engasjement for kulturhus med regionale funksjonar, og det er viktig at dette vert vidareutvikla. Det vert arbeidd med planar for kulturhus i fleire av kommunane. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*.

På museumsfeltet er det også dokumentert omfattande trong for nybygg til publikumslokale, verkstader og magasin.

Arenautvikling vil også inkludere hamnar og fasilitetar knytt til fartøyvernet. Samanhengen mellom flytande kulturminne og faste kulturminne er eit område som krev auka merksemd.

Plassering og funksjonsdeling

Etablering, utvikling og vedlikehald av kultur- og idrettsarenaer er ein viktig del av den kulturelle infrastrukturen. Utvikling av arenaer for museum, bibliotek, kunst, kulturskule, idrett og friluftsliv skapar grunnlag for aktivitetar, deltaking og opplevingar. Det må vere ei kontinuerleg vurdering kva arenaer det er trong for i fylket, utandørs og innandørs, og kvar dei skal vere lokalisert.

God arenautvikling er avhengig av samspel mellom nasjonale, regionale og lokale aktørar. Det skal leggjast til grunn ei heilskapleg tenking i utvikling av nye og rehabilitering av eksisterande arenaer. Regional kulturplan følgjer den funksjonsdelinga mellom ulike sentra som *Regional plan for attraktive senter i Hordaland* har utvikla. Nokre tilbod bør finnast i nærmiljøet, medan andre tilbod føreset reisetid for brukarane.

Tilrettelegginga bør ta omsyn til kulturlivet sine behov og innbyggjarane sin aksjonsradius. Folketettleik/brukargrunnlag kan til dømes haldast opp mot reiseavstand til eksisterande tilbod. Ved utvikling av kultur- og idrettsarenaer skal det tenkjast inkludering i vid forstand, der ein søker å fjerne fysiske, økonomiske og mentale hindringar for allmenn bruk.

Ressursbruken ved etablering av nye arenaer må avvegast mot trong for vedlikehald og vidareutvikling av eksisterande anlegg. Der det er føremålstenleg, skal det leggjast til rette for sambruk på tvers av kulturfagområda, og det skal stillast sterkare krav til at finansiering av drift er på plass før ein etablerer ny arena. Også tilrettelegging av turløyper og friluftsområde vert rekna som arenautvikling, og skal vere eit viktig element i stadutvikling. Ei satsing på kombinasjonen friluftsliv og kulturminne opnar for nye målgrupper. Trygge gang- og sykkelvegar til og frå skule, fritid og arbeid er avgjeraande for å gjera dei aktive vala enkle. Eit godt kollektivt transporttilbod er ein føresetnad for deltaking i ulike kulturaktivitetar – særleg for barn, ungdom og eldre.

Arenautvikling er eit felt der ein skal ta særleg omsyn til arkitektur- og landskapsspørsmål. Offentlege midlar utgjer hovuddelen av finansieringa, dermed ligg alt til rette for å demonstrere gode føredøme for god samtidsarkitektur og samstundes ta omsyn i høve dei landskapa og omgjevnadene dei ofte ruvande bygningane vert plasserte i.

5.2 Formidling og deltaking

3. Demokrati og kulturkritikk

Mål: Fremje evna til å sette viktige tema i samfunnet under debatt

Bergen og Vestlandet har tunge kunnskapsmiljø innan forsking, utdanning, kultur, offentleg forvalting og media. Dette er viktige føresetnader for å vidareutvikle ein kritisk kultur med ei spørjande og analytisk grunnhaldning. Landsdelen bør ta mål av seg til å ha av dei fremste miljøa nasjonalt for å fremje alternative tenke- og handlemønster, slik at den nasjonale røysta ikkje vert einsarta. Alt som kan mørnstrast av skjelhende, kritisk tenking bør stimulerast, innan FoU-miljøa, offentleg forvaltning, media og kunst- og kulturlivet. Evna til å stille spørsmål og få fram nyansar og ikkje svart-kvitt-tenking, er med og held samfunnet sunt. Den kritiske dømmekrafta i samfunnet er eit vern mot utvikling av totalitære tenkesett.

I eit demokratisk samfunn er samspelet og rolledeelinga mellom dei folkevalte politikarane og den offentlege administrasjonen viktig. Fagleg open framlegging og vurdering bør møte politiske verdiar, røyndom og avvegingar i det offentlege rommet. Transparens og meiningsytringar i forhold til allmenta og media er med og sikrar grunnlaget for kunnskapsbaserte drøftingar og vedtak.

Noreg har mange frivillige medlemsorganisasjonar. Eit sterkt sivilsamfunn er ein viktig del av demokratiet og mangfaldet i kulturlivet. Gjennom deltaking og leiarskap i frivillige organisasjonar får born og ungdom sosial kompetanse og innsikt i og erfaring med demokratiske prosessar og samfunnsansvar. Gjennom gode opplevingar og tileigna kunnskap om natur og kultur kan engasjement om berekraftig forvalting av våre felles verdiar vekse fram.

Undringsevna i samfunnet fremjar også endringskompetansen og er eit vern mot totalitære samfunnstrekk. Slik er dette ikkje berre eit spørsmål om demokratiutvikling, men også om evna til samhandling og nyskaping innan dei fleste samfunnsområde. Det vil vere eit viktig tiltak å stø opp under arenaer, miljø og tiltak som fremjer kritisk refleksjon og debatt.

Fleire kulturinstitusjonar og organisasjonar har dei siste åra fått eit tydelegare rolle i samfunnsdebatten, m.a har biblioteka fått ein ny formålsparagraf som gjer tydleg bibliotek som debattarena, musea har fått eit klårare oppdrag som samfunnsaktør og friluftsorganisasjonar har sett merksemd på bærekraftig forvalting av natur og landskap.

Samtidskunsten gjev store opplevingar og nye blikk på oss sjølve og på samfunnet. Kunsten opprettheld vår evne til å stille spørsmål, og er slik eit grunnlag for refleksjon; om oss sjølve, om andre, om innovasjon og endring.

Kunst- og kulturfeltet treng å reflektere over og ha distanse til eiga verksemd. Arkitektur- kunst- og filmkritikk er genrar som bør utviklast vidare. Dette vil spisse verksemdene og fremje samhandlinga med FoU- og mediemiljøa. Ein stad som legg til rette for intellektuell verksemd, vil lettare tiltrekke seg og halde på studentar frå eit mangfold av fag og utøvande kunstnarar innan mange genrar.

Eit innovativt mediemiljø pregar medieklynga Media City Bergen, som er under utvikling. Føresetnader for dette kan finnast i samhandlinga mellom eit sterkt mediemiljø i byen og ved Universitetet i Bergen, det siste med vektlegging på kritisk, granskande djupnejournalistikk. Dette innovative miljøet kan ytterlegare vidareutviklast ved påkopling av kreative kunstmiljø og kulturmæringar. Dette er prosessar det er viktig å legge til rette for. Difor vil det vere viktig å utvikle fora for samhandling mellom kulturlivet, FOU-miljøa, den offentlege forvaltinga og medieklynga.

Reflekterte medborgarar er viktige for det sivile samfunn si evne til å forvalte fellesverdiar som natur, kulturminne og kulturlandskap. Ålmannaretten med fellesskapet sin tilgang og ansvar er eit viktig grunnlag for vidare utvikling av demokratiet.

4. Digital allmenning

Mål: Digitale arenaer på kultur- og idrettsfeltet skal utviklast slik at dei er tilgjengelege og tilrettelagt for alle

Dei digitale arenaene medverkar til offentleg samtale og debatt, styrker demokratiet og er viktige eksponeringsfelt for aktørar i kultur- og idrettslivet. Sosiale media og nettstader som er universelt utforma, legg til rette for dialog, involvering og brukarmedverknad, kan medverke til å opne forvaltninga og gje eit meir levande lokaldemokrati. Å nytte innspel om behov, idear og tilbakemeldingar frå brukarane, kan sikre at tilboda er relevante og aktuelle. Dei til ei kvar tid aktuelle sosiale teknologiane og nettsamfunna spelar også ei viktig rolle i dialogen med brukarane og marknadsføringa av tilboda. Sosiale media er kommunikasjonskanalar som både kulturlivet og andre kan bruke strategisk.

Digitale løysingar er med på å betre formidling av informasjon til nye målgrupper om eksisterande aktivitetstilbod og arena (kulturygg, idrettsbygg, turløyper, friluftsområde og nærmiljøanlegg). Det er også eit verkemiddel for å rekruttere og verdsette frivillige. Digitale løysingar opnar moglegeheiter for å mobilisere nye alliansar og grupperingar utover dei tradisjonelle frivillige organisasjonane.

Utvikling av nettbaserte løysingar og integrasjon av kunnskap i ulike databasar, har opna nye moglegeheiter for nettbasert formidling. Kommunane og fylkeskommunane i Noreg har sett opp ei målsetting om at dei skal vere blant dei fremste i verda på elektronisk innbyggardialog, digitale tenester og effektiv e-forvaltning³¹. Dette vil også påverke den digitale samhandlinga i kulturlivet og stiller krav til utvikling av digitale arenaer. Bruk av mobil til alle gjeremål på nettet aukar særskilt. Det krev at innhald er tilpassa, og gjev også nye opningar for tenesteutvikling, til dømes med bruk av app'ar til formidling og profilering, og meir service via sms.

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire tiår arbeidd med dokumentasjon og formidling av kulturhistorie i samarbeid med Universitetet i Bergen, fylkesmannen, arkiv-, museums- og kulturminnesektoren.

Innhaldstilfanget er stort og rikt, mellom anna er vegbøkene (Kulturhistorisk- og Naturhistorisk vegbok) digitaliserte og kjelder for digital formidling. Fylkeskommunen har teke initiativ til eit digitalt formidlingsprosjekt som omfattar dei tre vestlandsfylka. Målsettinga er å utvikle infrastrukturen basert på kart, gps-teknologi og nasjonale databaser slik at kunnskapskjeldene som allereie er produsert om kultur og kulturminne blir tilgjengeleg gjennom mobile plattformer og kan utviklast vidare i vår digitale kvar dag.

Kulturfeltet må respektere prinsippet om opphavsrett, som ein av berebjelkane for innovasjon og utvikling i kunst- og kulturlivet. Samstundes kan rettigheitar vere ei utfordring når ein ønsker å lage gode tenester og løysingar for publikum. Ulike offentlege og frivillige instansar bør vere fleksible på dette området. Ei av dei største utfordringane når meir data vert digitaliserte, er å gjere dette tilgjengeleg gjennom gode fellesløysingar slik at det kan kome alle til gode.

Gjennom den digitale allmenningen kan vi møte brukarane der dei er, hjelpe dei inn i komplekse system, formidle ein rekke tenester, invitere dei med på debattar og avgjersler og til å vere med på å skape nye tenester. For å få dette til, er det naudsynt med kontinuerleg oppdatert kompetanse på korleis ulike system og media fungerer.

5. Inkludering

Mål: Kulturlivet i Hordaland skal vere prega av mangfold, likeverd og likestilling

Inkluderingsmeldinga peiker på at: «Inkludering går ut på å fjerne barrierar for deltaking, anerkjenne ulike stemmer og å skape like moglegeheiter for alle individ og grupper på alle samfunnsområde.»³¹ Framleis er det slik at både grupper og enkelpersonar frå ulike samfunnslag og med ulik kulturell bakgrunn, kan oppleve hindringar i møte med kulturlivet. Desse kan vere fysiske, mentale, økonomiske. Ein grunnregel i Hordaland sin kulturpolitikk skal vere å kontinuerleg arbeide for å fjerne slike hindringar, og dermed opne kulturfeltet opp for alle. Deltaking i kulturaktivitetar er ein måte å høyre til i samfunnet på.

Universell utforming er eit essensielt verkemiddel for inkludering og mangfold. Dette gjeld både meir hensiktsmessig fysisk utforming av bygg og tilrettelegging av informasjon, til dømes på internett.

Hordalandssamfunnet skal ha eit mangfaldig kulturliv der menneske med ulike livsyn, frå alle sosiale lag, økonomiske livssituasjonar, fysiske og psykiske føresetnader er synlege og deltek. Økonomiske og sosiale tilhøve skal ikkje vere til hinder for barn og ungdom sin deltaking i aktivitetar.

³¹ KS, eKommune 2012 - lokal digital agenda, 2008

Forankring i eigen kultur og tradisjon, skaper eit trygt grunnlag for å møte andre og saman utvikle nye kulturelle uttrykk. Eit føremål med kulturplanen er å legge til rette for eit positivt fleirkulturelt samfunn, basert på ein "levande kulturarv" og internasjonalt samarbeid. I 2013 passerte Hordaland 500 000 innbyggjarar. Ved inngangen til planperioden, er om lag 10 % av innbyggjarane i Hordaland innvandrarar eller fødd av to innvandrarforeldre. Under halvparten av innvandrarane er frå land utanfor Europa. Asia er den verdsdelen utanom Europa det har kome flest innvandrerar frå. Fram mot 2026, viser prognosar at folketalet vil passere 600 000, og truleg vil innvandrarar stå for ein stor del av veksten.

Kulturelt mangfald er grunnlaget for den kollektive styrken i lokalsamfunna og i det globale samfunnet. Det er viktig å ta i bruk den ressursen som det fleirkulturelle samfunnet representerer både fagleg og menneskeleg. Kulturmøte og fleirkulturelle aktivitetar er viktige føresetnader for å skape forståing og legge til rette for respekt og inspirasjon.

Frivillige organisasjonar utgjer verdifulle sosiale fellesskap, arenaer for læring, kompetanseutvikling og meiningsdanning. Deltaking i organisasjonslivet er sentralt for utvikling av sosial kapital og aktiv samfunnssdeltaking. Einskilde grupper av barn og ungdom med innvandrarbakgrunn er underrepresentert i slike samanhengar. Foreldra deira er også i mindre grad involvert i frivillig arbeid knytt til idretts og friluftsorganisasjonar. Hordaland fylkeskommune, kommunane, friluftsråd og frivillige organisasjonar jobbar med integrering gjennom idrett og friluftsliv. Det vert samarbeidd på tvers om aktivitetsarrangement, rekruttering, foreldremedverknad, kompetanseutveksling, informasjonsarbeid m.m. Det er stor variasjon i deltakinga blant barn og ungdom med innvandrarbakgrunn. Til dømes er gutar med innvandrarbakgrunn om lag like idrettsaktive som andre gutter, medan jentene er underrepresenterte i idretten. Likeins er barn med innvandrarbakgrunn lite med i kulturskulane. Det er ei utfordring å gje innvandrarar informasjon om dei frivillige organisasjonane og kulturlivet elles, og redusere kulturelle og økonomiske hindringar for deltaking.

Bibliotek bidreg til inkludering, integrering og kulturelt mangfald. Bibliotek er ein møtestad med låg terskel, og ein stad for rekreasjon og læring - som blir nytta av menneske frå ulike samfunnslag, generasjonar og med ulik bakgrunn. Bibliotek av alle slag skal spegle, støtte og fremme kulturelt og språkleg mangfald, og slik arbeide for interkulturell dialog og aktiv samfunnssdeltaking. Biblioteka skal gje lik tilgang til informasjon og kunnskap til alle, med respekt for kulturell identitet og verdiar, slik vi finn det m.a. i IFLAs fleirkulturelle bibliotekmanifest.³²

Kulturelt mangfald speglar seg i liten grad igjen i arkiv- og museumssamlingane. I den grad det finst dokumentasjon av minoritarar, finn ein det i hovudsak i offentlege arkiv. Då dreier det seg om dokumentasjon av innvandrarbefolkinga sitt møte med styresmaktene i form av flyktning- og innvandringsetatar og helse-, skule- eller sosialhjelpsmateriale. Det er ei målsetting å sikre arkiv/dokumentasjon som gjev kunnskap om historiske prosessar knytt til enkelpersonar og grupper med ulik kulturell bakgrunn og levemåte, som lever saman og samhandlar lokalt og globalt.

6. Nynorsk kulturstrategi

Mål: Auke bruken av nynorsk som kvardagsspråk og kunstspråk

Nynorsk skriftkultur er under press, men i Hordaland dominerer nynorsk mange stader, både i skule, kyrkje, næringsliv og frivillig organisasjonsliv. Det er viktig å stø opp om bruken av nynorsk både som kvardagsspråk og kunstspråk, særleg hjå ungdom. Eit viktig tiltak er å styrke nynorskbruk i vidaregåande skule og auke statusen til målforma. Bergensk språkform breier seg i regionen som talemål. Dette svekkar talegrunnlaget for nynorsk som skriftsspråk. Tiltak der framståande nasjonale nynorskbrukarar tek del i undervisningsopplegg på den vidaregåande skulen og forfattarkonkurransar blant elevane kan fremje status og entusiasme.

Ein bør arbeide for å styrke Bergen og Hordaland si rolle som område for nynorske institusjonar og kulturytringar. Dei tunge nynorskinstitusjonane ligg i Oslo. Kvar tredje avis som er redigert på nynorsk kjem ut i Hordaland, og mange forfattarar og andre kunstnarar som brukar nynorsk i si skapande verksemd, har budd og bur her. Fleire av desse forfattarane er blant dei beste i landet og nokon har også markert seg utanfor Noreg. God kunstnarleg bruk av nynorsk formidlar språket på sitt beste, det utviklar språket i seg sjølv og gir gode lesaropplevingar. Falturiltu-festivalen i Sunnhordland for nynorsk barnelitteratur er viktig for å synleggjere og bruke den gode barnelitteraturen som er skreve på nynorsk, og denne delen av fylket har særsla mange gode forfattarar innan denne sjangeren. Haugesenteret – Nynorsk kultursentrums i Ulvik vil halde i hevd og formidle lyrikken og den litterære arven etter Olav H. Hauge på nye måtar. Det ligg potensielle kring formidling av litteraturen til Jon Fosse, som den mest internasjonalt kjende nolevande forfattaren frå Hordaland.

Eit viktig tiltak er å utvikle markante nynorskarenaer i Bergen. Hordaland Teater nyttar nynorsk og dialektar som scenespråk, og er ein pådrivar i utvikling av ny dramatikk på nynorsk. Satsing på dette teateret både som kunstinstitusjon og nynorsk debattarena, står sentralt i planperioden. Teateret bør verte ein sterkare og meir markant kunstinstitusjon, som eit turnerande teater i Hordaland med fast scene i Bergen.

Hordaland fylkeskommune er sjølv ein stor leverandør av kunst og kultur til skulen gjennom Den kulturelle skulesekken og Rikskonsertane. Ein stor del av innhald/repertoar er på nynorsk, og det bør vurderast om andelen av nynorskproduksjonar skal aukast.

I planperioden vil Hordaland fylkeskommune saman med aktørane i og utanfor kulturlivet arbeide med å forme verkemiddel som kan styrke bruken av nynorsk skriftkultur og Bergen si rolle som viktig by for nynorske institusjonar og kulturytringar.

5.3 Verdiskaping

7. Frivilligheit

Mål:

1. *Frivillige lag og organisasjonar skal ha gode og føreseielege rammevilkår, og vere offensive i sine lokalsamfunn*
2. *Fleire skal delta i det frivillige kulturlivet*

Å arbeide frivillig, inneber at ein tek for seg ei oppgåve eller aktivitet som er til fordel for nærmiljøet, samfunnet eller personer som ikkje er av nær relasjon, utan at det vert utbetalt løn for dette arbeidet. Det frivillige feltet inneheld fleire organisasjonsformer, og kjenneteiknet for frivillige organisasjonar er eit ikkje-kommersielt føremål, men der frivillig innsats, kontingenttar, gåver/tilskot og innsamla midlar dannar det økonomiske grunnlaget. Det er knytt mykje frivillig arbeid til humanitære organisasjonar og føremål, men ikkje minst er frivillig arbeid viktig for kulturlivet og utviklinga av dette.

Frivillig sektor utgjer limet og basisen i kulturlivet vårt. Denne verksemda er primærsektoren der mange menneske får sine røynsler og møte med kulturlivet. Dei frivillige er skaparar, legg til rette og tek imot. Det er viktig at kulturpolitikken er medviten om den avgjeraende tydinga frivillig verksemd har for allmenn livskvalitet, og som viktig føresetnad for det profesjonelle kulturlivet. Frivillig sektor har stor tyding for demokrati og meiningsdanning og spelar ei viktig rolle for sosial inkludering og meistring. Dei frivillige organisasjonane når menneske på ein annan måte enn offentlege instansar, og interessegrupper kan få ein stemme og gjennomslagskraft i samfunnet.

For amatørkulturlivet i Hordaland kan det vere av stor nytte å etablere lokale amatørkulturråd, etter modell og inspirasjon frå dei lokale idrettsråda, som kan arbeide for eit større og sterkare amatørkulturliv i fylket, og som eventuelt er samordna i eit amatørkulturråd på fylkesplan.

Kommunane har ei særsviktig oppgåve i å støtte og legge til rette for det lokale lag og organisasjonar. Dei utgjer basisen i det lokale kulturliv, og skal ha gode vilkår, med stabile rammer. Paraplyeininger (frivilligsentralar, idrettsråd, eldreråd, amatørkulturråd) samordnar gjerne ei større mengd foreiningar. Det kan vere eit potensiale i å nytte desse meir aktivt frå offentleg hald, som ein stimulans for auka kulturaktivitet og engasjement. Opplæring er også ein viktig del av tilbodet til mange frivillige organisasjonar, og eit nyttig supplement ved sida av det formelle utdanningssystemet.

Fylkeskommunen skal stø opp under fylkesfemnande organisasjonar og fylkesledd av nasjonale organisasjonar med lokale lag. Fylkesledda skal støtte lokallag, m.a. med kompetanse, løfte opp felles utfordringar og stimulere til utvikling. I tillegg til å økonomisk støtte til drift av desse fylkesorganisasjonane skal fylkeskommunen støtte særskilde pilotprosjekt og fellestiltak for å utvikle dei lokale organisasjonane, på prosjektbasis.

Talet på organisasjonar innanfor kulturlivet har halde seg relativt stabilt i Hordaland. Organisasjonssamfunnet er i det heile i endring. Idé- og livssynsbaserte organisasjonar har sterkt tilbakegang, medan aktivitetsorienterte er i framgang. Lokalt baserte fritids- og kulturorganisasjonar, og særleg idrettslag, er blant dei som greier seg best.

I følgje SSB yter kvar innbyggjar årleg ein frivillig innsats til ein verdi av 20 000 kr. Om lag 80 % av befolkinga er medlem i minst éin organisasjon, og nesten 50 % definerer seg som «aktive medlemmer». Over halvparten av det frivillige arbeidet vert lagt ned i kultur- og fritidsorganisasjonar, inkludert idrett. Frivillig verksemd er avgjerande for å halde oppe eit mangfaldig kulturliv, både i frivillig sektor og på profesjonelt nivå.

Også i eit folkehelseperspektiv er det viktig både å inkludere og behalde mange i dei frivillige organisasjonane. Graden av deltaking i frivillige organisasjonar er prega av sosial ulikskap. Befolkningsgrupper med låg inntekt, trygda og etniske minoritetar deltek minst. Frivillige organisasjonar er ein god arena for integrering. Organisasjonane er samfunnsbyggarar ved å vere kunnskapsformidlarar og interessefellesskap. Det er ei utfordring å gje innvandrar informasjon om dei frivillige organisasjonane, og fjerne kulturelle og økonomiske hindringar for deltaking. Deltakinga blant pensjonistar i dei frivillige organisasjonane aukar jamt, og denne gruppa er ein stor ressurs som det er viktig å legge til rette for. Fallande deltaking blant dei unge kan tyde på at det er ei utfordring for organisasjonane å gje eit attraktivt tilbod til dei yngste aldersgruppene - både som aktive og som tillitsvalde.

Det har vaks fram ei frivilligheit som ikkje er knytt til medlemsskap i formelle organisasjonar. Den nye frivilligheita er prega av tidsavgrensa prosjekt og saker. Den er ofte knytt engasjement og aktivitetar i nærmiljøet, både for vaksne og born. Det er viktig å legge til rette for at denne ressursen og dette engasjementet vert teke i vare og utvikla.

8. Kulturbasert næringsutvikling/Kulturnæringer

Mål :

1. *Kulturbasert næringsutvikling skal styrke verdiskapinga i og rundt kultursektoren, og auke attraktivitet og bulyst*
2. *Kulturnæringerne skal vere ein viktig del av komplette verdikjeder. Kulturnæringerne skal ha tilgang til næringspolitiske verkemiddel og støtteordningar, på lik linje med andre næringer*

Det vert brukt fleire omgrep og definisjonar på dette feltet: Kulturnæring, kreative næringar og opplevingsnæring. Desse tre uttrykka vert til dagleg ofte nyatta om kvarandre og vert oppfatta som synonyme. Ein definisjon og presisering av omgropa kan vere som følgjer:

- Kulturnæring - Næringer som framstiller kommersialiserte kulturuttrykk med føremål å kommunisera med/til publikum. Nyttast som ein samlande term for kultur- og mediesectoren, samt reklamebransjen.
- Kreative næringar - Kulturnæringer pluss programvare (software).
- Opplevingsnæringer - Kreative næringar pluss reiseliv.

I høve til verdiskapinga innan kulturnæringerne er Hordaland rangert som det tredje største fylket i landet. Ein stor del av verdiskapinga innan kulturnæringerne i Hordaland er konsentrert i Bergensområdet. I den breie definisjonen utgjer kulturnæringerne ein stor og viktig del av økonomien regionalt og nasjonalt. Utover den reine økonomiske verdiskapinga tilfører kulturlivet og kulturnæringerne også andre kvalitetar for enkeltmennesket og samfunnet. Diverre let ikkje desse kvalitetane seg måla like enkelt som dei økonomiske parametrane.

Ein må vurdere det næringsmessige potensialet ut frå næringsmessige kriterium, og det kulturelle og kunstnarlege potensialet og innhaldet frå eit kulturelt synspunkt. Det kulturpolitiske hovudfokuset må vere å sikre utviklinga av dei kulturelle og kunstnarlege verdiane og innhaldet i kulturnæringa.

Filmfeltet er viktig for Vestlandet. Dette er eit felt som krev mykje av både økonomi og kompetanse, og som treng eit produksjonsmiljø av ein viss storleik for å vere levedyktig. Vestnorske filmkommisjon har dei siste åra jobba aktivt for å tiltrekke utanlandske filmproduksjonar til vestlandet. Den unike norske naturen har her eit stort potensiale.

Det er fleire gode aktørar innan kulturhandverk/småhandverk/tradisjonshandverk i Hordaland. Mykje av dette er knytt til immateriell kulturarv; kunnskap og røynsler frå overleverte tradisjonar. Det er viktig å sikre vidareføring av kompetansen i desse faga, både for å ivareta identitet og for å sikre kunnskap om kvalitet og prosess, som også kan vere grunnlag for nyskaping. Dette feltet har eit reelt næringsmessig potensiale. Kultursida bør ha verkemiddel for å støtte opp under det innhaldsmessige, medan verkemiddel som mellom anna Regionalt utviklingsprogram bør nyttast for å utvikle det meir næringsmessige potensialet. Det internasjonale Economuseum-prosjektet er eit døme på kombinasjon tradisjon og næring.

Designfeltet er eit breitt felt som ofte fell mellom fleire stolar. Kulturplanen omhandlar i hovudsak den delen av designfeltet som er knytt opp til estetiske, kunstnarlege prosessar. Både design og kunsthandverk kan saman med kulturminne utgjer ein viktig basis for turisme og stadidentitet, i samspel med kvarandre og kvar for seg.

Bergen og Hordaland har vore i front når det gjeld å etablere nettverksorganisasjonar for å ivareta interesser og utvikle kompetanse for kunstarar som ofte er enkeltmannsføretak eller svært små einingar. BRAK (Bergen Rock Aktører), Designregion Bergen, VISp (produsenteining for visuell kunst) har som ein viktig del av sitt mandat å sette medlemmene i betre stand til å nytte sine kommersielle potensial.

Med Media City Bergen vert tunge medieinstitusjonar samlokalisert og knytt saman med Universitetet i Bergen. Bergen vil bli Nordens viktigaste utdanningsstad innan media, og potensialet for knoppskyting og påkopling til verdiskapingsprosessar i skjeringsfeltet til kultur er stort.

Attraktive idretts- og friluftslivstilbod er med på å skapa trivelege og levedyktige lokalsamfunn. God idrettsaktivitet og eit aktivt friluftsliv skapar ein positiv identitet og medverkar til at både fråflyttingskommunar og tettstader vert meir etterspurde for busetjing og næringsutvikling. Dette medverkar til at ungdom blir verande, og at dei som har flyttet får lyst å kome tilbake.

Naturen, og det å kunne praktisere eit aktivt friluftsliv, er ein viktig grunn til at turistar vitjar Hordaland. Vern av naturen, merking og gradering av turløyper, skilting, høve for overnatting og informasjon er avgjerande. Statleg idrettspolitikk for tildeling av spelemidlar føreset at anlegga er opne for alle og ikkje underlagt kommersielle interesser. Eit samarbeid med turistnæringa om bruk av anlegg som til dømes dagsturhytter, kart, skiløyper, alpinanlegg og symjehallar er likevel ønskjeleg. Gamle ferdslivegar og nyare turstiar bør knyttast saman med offentlege transportmiddel, sykkelvegar, båtar og overnatningsstader i historiske miljø.

Store og små arrangement, anlegg og idrettsaktivitet skapar store ringverknader for næringslivet lokalt og i regionen. Dette gjeld til dømes varehandel, overnatningsstader, kafear og restaurantar. Store nasjonale og internasjonale arrangement set staden og regionen på kartet. Oppslag i media er god reklame for stadane der arrangementa skjer, og der idrettstoppane kjem frå. Interessa for idretten ser ein også att i viljen til sponsing .

Kulturminne og kulturmiljø er i aukande grad sett som ressursar for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. Med grunnlag i stortingsmeldinga Leve med kulturminner sette Miljøverndepartementet og Riksantikvaren i verk ei nasjonal programsatsing i 2006.³² Det er potensiale i målretta satsing på kystkultur, industriarv og verna fartøy for turisme og reiseliv. Matproduksjon basert på lokalt og tradisjonelt ressursgrunnlag har fått auka merksemd og gjer arbeidsplassar i lokalsamfunnet.

Fylkeskommunen, kommunane, organisasjonsliv, musea og frivillige aktørar i Hordaland har arbeidd for å utvikle dette satsingsfeltet. Ei rad gode verdiskapingsprosjekt er sett i gong og er gjennomførte. På grunnlag av positive erfaringar skal verdiskaping på kulturminnefeltet styrkast ved ei samordning med anna regionalt utviklingsarbeid. I utviklinga av ei fylkeskommunal tiltakspakke knytt opp mot planen, må ein sikre både kulturaspektet og næringsaspektet vert teke i vare.

5.4 Samordning og samhandling

9. Samhandling mellom forvaltningsnivåå

Mål: *Det skal vere god samhandling mellom forvaltningsnivåå, med vekt på dialog og felles ressursutnytting*

Det offentlege samordnar mål og tiltak for at den kulturpolitiske innsatsen ikkje skal verte fragmentert og tilfeldig, men gje god ressursutnytting. Dette krev samordning av innsatsen mellom kommunar, fylkeskommune, statlege mynde, private og kulturlivet sjølv. I nokre samanhengar vil det vere naturleg at dei ulike forvaltningsnivåå gjer ulike prioriteringar. Det vil generelt vere viktig å stimulere til dialog mellom forvaltningsnivåå og utvikle eit godt samarbeid med kultursektoren.

Det lokale nivået må leve tenester direkte til det lokale kulturlivet og syte for kulturelt tilbod til alle innbyggjarar. Det regionale nivået må medverke til å skape nettverk, etablere møtestader og gje tilbod om kompetanseutvikling, utveksling av røynsle og stimulering av tiltak av regional karakter. Det regionale nivået har ei særleg oppgåve i samordning av verkemidlar og tilrettelegging for kommunane. Statleg nivå formulerer

³² St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner*

overordna nasjonale kulturpolitiske mål og utøver kulturpolitikk i samsvar med desse, åleine, eller i samarbeid med lokale og regionale mynde.

Det vil vere nyttig med årlege drøftingsmøte om budsjett- og forvaltingsspørsmål mellom forvaltningsnivåa, og ei betre samordning av verkemiddel. Det bør også vere systematiske dialogmøter med kommunar og andre samarbeidspartnarar.

10. Samhandling mellom private og offentlege aktørar

Mål: Samordning av mål, tiltak, verkemiddel og kompetanse

I mange satsingar innan kultur og idrett er det eit godt samspel mellom offentlege og private aktørar, både når det gjeld initiering og utvikling av tiltaka, investeringar og drift. Dette kan vere både privatpersonar, stiftingar og fond, med meir. Det er ønskeleg med ei meir systematisk samhandling mellom private og offentleg sektor innan kultur- og idrettsfeltet. Difor vert det fremja forslag om å vidareutvikle dialogen ved å etablere møteplassar og stimulere samhandling mellom offentleg og privat finansiering innan kulturfeltet.

11. Kulturregion Vestlandet

Mål: Gjennom samarbeid og profilering skal Vestlandet styrkast som kulturregion

På kulturområdet ligg det til rette for eit utstrakt samarbeid mellom Vestlandsfylka. Eit regionalt samarbeid vil kunne gje betre løysingar på felles regionale utfordringar og påverke rammevilkåra for kultur- og idrettslivet på Vestlandet. Samarbeidet vil kunne styrkast ved utvikling av ein sams strategi for ein offensiv vestlandsk kulturregion. Dette vil kunne gje betra kvalitet, auka ressursar, betra ressursutnytting og tydlegare profilering både nasjonalt og internasjonalt.

Det er viktig å styrke samarbeidet mellom to eller fleire fylkeskommunar i regionen. Det vil vere nyttig å utvikle felles meldingar, planar og prosjekt innan ulike område på kultur- og idrettsfeltet. Dette vil kunne gje vinst ved styrka fagmiljø, auka samhandling mellom offentleg forvaltning, frivillige organisasjonar, andre aktørar og næringsliv. Eksempel på vellukka samarbeid er Bokbåten Epos, Vestkystparken, Vestnorsk filmsenter, VRAK (Vestnorske rytmiske aktørar) og det såkalla Vestlandsprosjektet innan merking og gradering av turløyper.

Gjennom auka vestlandssamarbeid vil det verte enklare å utvikle ein strategi for regionalisering av statlege kulturmiddlar.

Det siste tiåret er det oppretta fleire kompetanse- og nettverksorganisasjonar innan kunst- og kulturfeltet. Fleire av desse har eit større vestlandsk arbeidsområde. Ei fortsatt utbygging av dette kompetansenettverket vil styrke einskildaktørar.

Vestlandet har gjennom hundreåra utvikla kulturelle og økonomiske ferdsleruter og samband i alle himmelretningar. Med eit historisk utgangspunkt er eit naturleg samarbeidsprosjekt å kartlegge og utvikle samarbeidet kring Nordsjøen.

12. Internasjonalisering

Mål: Hordaland skal vere ein open og utoverretta kulturregion, der utvikling og utveksling av kompetanse og kulturuttrykk står sentralt

Hordaland har eit kunst- og kulturliv av høg kvalitet med mange kunstnarar, øg kulturinstitusjonar og andre aktørar som jobbar tett opp mot miljø i utlandet. Det profesjonelle kunstlivet er spesielt internasjonalt. Dette er viktig for utviklinga av og kvaliteten på enkelkunstnarar, det enkelte kunstprosjekt-/produkt og kunst- og kulturmiljøet som heilskap. Fleire kunstnarar og kunstinstitusjonar har eit utanlandsk nettverk, marknad og publikum som er større enn det dei har i Hordaland og Noreg. Carte Blanche, Bergen kunsthall og BIT Teatergarasjen er blant dei institusjonane i Hordaland som har lengst erfaring med internasjonal verksemnd.

Fylkeskommunen si rolle er å bidra til å kople partnarar, utvikle og støtte internasjonalt samarbeid mellom regionar, idrett-, kunst- og kulturorganisasjonar, bibliotek, musea, forskings- og utviklingssektoren og kommunane. Desse skal først og fremst vere tenlege for kulturlivet sjølv og kommunane, men kan også grunngjevast i målet om å bidra til ei berekraftig utvikling av Hordaland som ein attraktiv og konkurранsedyktig region.

Det vil vere viktig å mobilisere fleire aktørar i fylket til å ta del i internasjonale aktivitetar, auke den internasjonale kompetansen og særleg gje ungdom høve til internasjonal erfaringssutveksling. Fylkeskommunen vil bidra med kompetanse og vere med og opne dører for internasjonale samarbeidsprosjekt og partnarskap. Ein viktig del av dette arbeidet vil vere å informere og rettleie om internasjonale program og støtteordningar, i samarbeid med Vestnorges Brüsselkontor og Norsk kulturråd. Det er her viktig å nytte erfaringane som ligg i kulturlivet sjølv, m.a. har fleire aktørar i Hordaland delteke i prosjekt under EU sitt kulturprogram.

Utvikling og etablering av gjestekunstnarordningar og tilrettelegging for utveksling av kulturaktørar er eit viktig element i internasjonaliseringa både av enkeltkunstnarar, kunstmiljø og lokalsamfunn.

Hordaland fylkeskommune har gjennom mange år utvikla venskap og samarbeid med fleire europeiske regionar. Kultur- og idrettsavdelinga har særleg utvikla fagleg samband med regionen Basse-Normandie og i seinare år Scotland med Edinburgh og Orknøyane. Dette gir eit nettverk på eit breitt felt, og kan vere med på å kople aktørar som har nytte av å utveksle kompetanse og erfaring. Det vil vere naturleg å vidareutvikle desse sambanda og også utvide samarbeidet vestover havet til heile Nordsjøområdet, med kulturhistorie og notidig kulturliv.

Verkemiddelapparatet må utviklast slik at det fangar opp breidda og endringar i institusjonane sine internasjonale aktivitetar.

Bergen og Vestlandet har gjennom meir enn 1000 år vore ein særskilt utoverretta og internasjonal region. Med Bergen som hovudport inn og ut av landet har kulturelle og økonomiske ruter med vareutveksling utvikla seg i alle himmelretningar frå den lange kysten – Nordvegr - vege mot nord. I Regional kulturplan er eit av tiltaka å invitere Universitetet i Bergen, aktuelle høgskular, musea og aktuelle kommunar med på eit prosjekt for å auke kunnskapen om den internasjonale historia til Bergen og Vestlandet. Musea er viktige samarbeidspartnarar i internasjonale prosjekt. Musea treng ein strykning av sin forskingsposisjon, og samarbeid med høgskule og universitet er såleis viktig.

13. Verkemiddel og støtteordningar

Mål:

1. *Det skal vere god samordning av virkemidla frå ulike forvaltningsnivå.*
2. *Fylkeskommunale verkemiddel og støtteordningar skal vere innretta i høve vedtekne regionalpolitiskmål, ha føreseielege kriterium og ta omsyn til kulturlivet sine behov.*

Innanfor kulturfeltet er det ei rad støtteordningar frå alle forvaltningsnivå. Desse må samordnast, slik at synergieffekten gjev vinst. Dette gjeld også andre postar enn kulturfeltet på statleg (ulike departement og fylkesmannen), fylkeskommunalt og kommunalt nivå (regional utvikling, næring, opplæring, oppvekst, helse). Hordaland fylkeskommune skal i planperioden foreta ein gjennomgang av verkemiddel og støtteordningane. Dette gjeld både eksisterande ordningar og behov for nye verkemiddel. Praksis knytt til tildeling av tilskot vil bli evaluert for å sikre og gjøre tydeleg samanhengen til overordna målsettingar og innrettinga av tilskotsfeltet. Dette gjeld både driftstilskot og ulike støtteordningar. Det skal vere tydeleg og tilgjengeleg korleis Hordaland fylkeskommune sine tildelingar og tilskotsordningar er forankra i- og bidreg til å understøtte overordna kulturpolitiske målsettingar. Det skal leggast til rette for ei heilsakapleg og målretta forvaltning, med kriterium som i størst mogleg grad er føreseielege for brukarane og som gjev grunnlag for systematisk evaluering og utvikling i samspel med aktørane i kulturlivet.

14. Kompetanse

Mål: *Hordaland skal vere kjenneteikna av kunnskapsbasert forvalting og høg kompetanse på kulturfeltet*

I ei tid der samfunnsendringar skjer raskt, er krava til omstilling og kompetanseutvikling store. Både i den profesjonelle og frivillige delen av kulturfeltet har mange behov for å oppdatere seg og tilegne seg ny kompetanse. Kulturpolitikken skal legge til rette for utvikling av arenaer, nettverk og samarbeid på tvers av ulike kulturfelt for kunnskaps- og erfaringssutveksling. Den årlege fylkeskonferansen for kultur og idrett er ein viktig møteplass for det offentlege, frivillige og institusjonar på heile fagfeltet.

Ei viktig oppgåve er å vidareutvikle kulturlivet sitt samarbeid med universitet og høgskular for å styrke kopplinga mellom forsking, utdanning, forvalting og kultur- og idrettsfeltet. Bergen har store utdannings- og forskingsinstitusjonar med solide fagmiljø. Det vil vere viktig med ei systematisk kartlegging av behov og tilbod, også innan etter- og vidareutdanning.

Innan forsking vil det vere gunstig med ei systematisk samhandling med aktuelle fakultet ved Universitetet i Bergen og høgskulane i Bergen og Stord/Haugesund, samt Bergen Arkitekthøgskole og Kunsthøgskolen i Bergen. Dette vil vere tenleg både for FOU-miljøa og kulturforvaltninga og kulturlivet, ved utvikling av utdanningstilbod, praksisplassar og forsking. Det vil også vere aktuelt å sjå korleis Regionalt Forskningsfond kan opnast opp for prosjekt innan kultur- og idrett. Dette kan gjelde alt frå media til landskap og frivillig sektor.

Eit viktig felt, der det er fortløpande behov for oppdatering, er å dokumentere og formidle status for kultur- og idrettsfeltet. Her vil kompetansemiljø i Hordaland fylkeskommune, kommunane og kultur- og idrettslivet trenge samhandling med FOU-miljøa.

Det er viktig å stimulere arbeidet med å utvikle kompetanse innan kunst- og kulturinstitusjonane. Mange av desse er i seg sjølv kompetansemiljø, som er ressursar utanfor sin eigen organisasjon. Vidare vil regionale senter som Vestnorsk Jazzsenter, Vestnorsk filmsenter, Hordaland kunstsenter m.v. ha særlege oppgåver på kompetansefeltet. Det same gjeld nettverksorganisasjonar, som Proscen, VISP, BRAK, m.v. I planperioden bør det satsast på denne typen nettverksorganisasjonar, og sikrast at dei arbeider fylkesomfemnande.

Det er viktig å halde oppe kulturkompetansen i kommunane, og stimulere til at kommunane har ein aktiv og framtidretta kulturpolitikk. Ein bør styrke det regionale samarbeidet på kulturområdet i Hordaland og skape fellesløysingar mellom kommunar.

Kulturpolitikken skal legge til rette for at det profesjonelle kulturlivet og institusjonar på feltet skal styrke sin eigenart, og fremme samarbeid og fellesløysingar. Utvikling av partnarskap mellom ulike fagmiljø og kulturaktørar, vil vere eit viktig verkemiddel for bygging og utveksling av kompetanse.

Fleire kulturområde vil ha nytte av ei auka profesionalisering og kompetanseutvikling innan alt frå kunst- og kulturfagleg utvikling til forretningsutvikling og entreprenørskap. Dette skal vere ein viktig strategi i kunstnarpolitikken i planperioden.

5.5 Kulturminnevern og museum

15. Dokumentasjon

Mål: Styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av

Verdien som historisk kjelde, kunnskapsverdien, er ein sentral eigenskap ved alle kulturminne. Dokumentasjon av kunnskapsverdiane er ein viktig innsatsfaktor i moderne kulturminnevern.

Med dokumentasjon av kulturminne er meint ei fagmessig, systematisk og empirisk skildring av eitt eller fleire kulturminne eller kulturmiljø, i tekst og visuelle medium. Dokumentasjonen kan vere reit skildrande, men kan òg omfatta ei historisk utgreiing, karakterisering og vurdering av kulturminnet. Dokumentasjonen kan vere enkel og ha skissepreg eller den kan vere omfangsrik og detaljert. Den kan gjerast av spesialistar eller av frivillige. Mykle kulturminnedokumentasjon er gjort digitalt tilgjengeleg.

Gjennomgripande samfunnssendringar set nytt preg på det historiske landskapet i Hordaland der mange kulturminne vert sett under press eller forsvinn. Dokumentasjon av endringane er grunnlag for produksjon av ny kunnskap om Hordaland si historie. Dokumentasjon gjev innbyggjarane grunnlag for å forstå og ta stilling til konsekvensane av endringsprosessane, sikrar kunnskap om kulturminne og kulturlandskap for framtidige generasjonar, og kan gje auka interesse og eigarskap til kulturminna i lokalsamfunna.

Samling av dokumentasjon, sikring og tilgjengeleggjering av kunnskapen i offentlege arkiv er grunnlag for ei kunnskapsbasert kulturminneforvalting. Oppdatert dokumentasjon sikrar oversyn over kva kulturminne ein har med å gjere, er naudsynt for å måle endringar over tid, gjev grunnlag for utarbeiding av statistikk for å kartlegge tilstand, tap og representativitet. Tilrettelagt dokumentasjon gjer at vurderinga av kulturminneinteressene i areal- og samfunnsspørsmål vert betre opplyst. Det vert lettare å ta tydeleg stilling til kulturminne i alle prosessar og å gjere fornuftige val og prioriteringar.

Bevaring gjennom dokumentasjon kan sjåast som ei form for vern. Der kulturminne går tapt vil dokumentasjon ta i vare vesentlege deler av kunnskapsverdiane. Det føreset at kulturminne vert undersøkt og dokumentert før dei forsvinn og at arbeidet tilfredsstiller faglege krav.

Vern av dei fleste kulturminne er i hovudsak eit lokalt ansvar. Kulturminneregistrering og tilstandsvurdering av kulturminne kan i større grad kan gjerast i lokalsamfunna. Arbeidet med kulturminnedokumentasjon må såleis gjerast tilgjengeleg for alle, i former som høver føremålet. Slikt arbeid kan styrke lokal eigarskap og lette arbeidet med å bruke kulturminne, kulturmiljø og landskap som innsatsfaktorar i stadutviklinga. Dette gjev grunnlag for at kulturminna i større grad vert tekne omsyn til i lokale politiske prosessar.

Kulturminnedokumentasjon omfattar også den immaterielle kulturarven. Dokumentasjon av slik kunnskap; til dømes handverksteknikkar, stadnamn, munnleg overleveringar og anna tradisjonsstoff er eit særleg ansvarsområde for musea. Dokumentasjon er viktig fordi immateriell kunnskap har sjølvstendig verdi. Dokumentasjon kan også sikre avgjerande impulsar til vidareutviklinga av delar av dette feltet, t.d. etter- og vidareutdanning av tradisjonshandverkarar i byggfaga, eller i høve folkemusikken og hardingfela.

16. Museumsloft

Mål: Museumsloftet skal styrke musea og vidareutvikle gjeldande satsingar. Musea skal utviklast som sterke kunnskapssentra og organisasjoner, og vere profilerte samfunnsaktørar som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid.

Musea forvaltar sentrale delar av samfunnet sitt kollektive minne gjennom store samlingar, gjenstandsmateriale, bygningar, foto, arkiv og immateriell kulturarv. Musea sine oppgåver er knytte til forvalting, forsking, formidling og fornying. Musea er kunnskapsinstitusjonar som tek i bruk mange verkemiddel i si formidling. I tråd med statleg og fylkeskommunal politikk skal musea vere samfunnsaktørar som set aktuelle problemstillingar på dagsorden. Ei viktig målgruppe er barn og ungdom. St. meld 22 (1999-2000) Kjelder til kunnskap og oppleveling la opp til ein regional konsolideringsprosess for å profesjonalisere museumssektoren. I åra fram til 2009 gjennomførte musea i Hordaland slik prosess. Hordaland har per 2014 ni konsoliderte museum – Baroniet Rosendal, Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum, Bergens Sjøfartsmuseum, Museumssenteret i Hordaland, Hardanger og Voss museum, Bymuseet i Bergen, KODE-Kunstmuseene i Bergen, Sunnhordland museum og Museum Vest.

I samband med arbeidet med Regional plan for museum 2011-2015 melde musea inn store behov knytt til drift og investering. Behova er dels ein konsekvens av museumsreforma, og dels er det eit etterslep frå tidlegare. I dei årlege budsjettsøknadene frå musea kjem desse behova til uttrykk, mellom anna som søknader om midlar til vedlikehald av bygningar, magasin, utstillingar og bemanning.

Museumsloftet er eit løft for drift og investeringar, og dermed ei vidareføring av satsinga i Regional plan for museum 2011-2015. Musea skal i løpet av planperioden kome opp på eit akseptabelt nivå med omsyn til vedlikehald av museumsbygg, etablering av nybygg der det er behov for nye/andre formidlingslokale, auka løyvingar til basisutstillingar og auka satsinga på digital formidling. Museumsloftet føreset at Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og staten bidreg vesentleg. I tillegg er det ein føresetnad at dei andre kommunane i Hordaland løyver midlar til museum i sin region.

Museumsloftet inneber også ei styrking av fellesløysingar innanfor samlingsforvalting, magasin, IKT, arkiv, fotografi og publikumsutvikling og legg til rette for samarbeid mellom dei konsoliderte musea og Universitetsmuseet i Bergen. Musea si rolle som kunnskapsforvaltarar vert understreka. Institusjonane må etablere tydelege samarbeidsordningar med skuleverket i høve kunnskapsforvalting og formidling.

Det er så langt ikkje gjennomført ei brei nasjonal eller regional evaluering av konsolideringsprosessen. I neste planperiode vil ein leggja til rette for ei regional evaluering der eksisterande struktur vert vurdert. Ei slik evaluering hindrar ikkje at pågåande konsolideringsprosessar kan setjast i gang og også slutførast.

17. Kulturminne som ressurs

Mål: Kulturminne og kulturlandskap som ressurs til kunnskap, opplevelingar og bruk skal løftast fram

I tråd med nasjonal politikk kan dei fleste kulturminne berre vernast gjennom bruk, jamfør St. meld. nr. 26 (2006-2007): «Mangfold av kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast og takast vare på som bruksressurs, og

som grunnlag for kunnskap, oppleveling og verdiskaping..» Dei fleste kulturminne fyller mindre, private eller lokale føremål. Andre vert brukt av fleire og kan skape betydelege ringverknader for samfunnet rundt, til dømes som kunnskapskjelder for skulane, musea eller reiselivet.

Dei fleste kulturminne er avhengige av entusiastiske eigalarar, næringsutøvarar og andre som ser nytte i desse ressursane. At kulturminne får ny bruk, inneber at ein tek vare på det særeigne og utviklar det med respekt. Frå 2006 er det etablert ei nasjonal satsing på kulturminnevern og verdiskaping. Fleire prosjekt i Hordaland er gjennomførte i fellesskap mellom nærings- og kulturminneaktørar. Offentlege verkemiddel i høve verdiskapingsprosjekt er likevel avgrensa. Der kulturminnestyresmaktene har ei sentral rolle, er ved tilrettelegging av skjøtsel og formidling av kulturminne slik at dei vert tilgjengelege for vanleg bruk eller som del av lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. Gjennom aktiv tilrettelegging kan kulturminneverdiane skape livskvalitet, opplevelingar og nye næringar. I planperioden skal det setjast auka merksemd på utvikling av ressursane i kulturminne og kulturlandskap.

Skjøtsel og istandsetting

Kulturminna har stor variasjon, frå arkeologiske spor etter einskildmenneske til større byggverk. Synet på kulturminne er ofte knytt til kulturminnet sin tilstand. Eit kulturminne eller -landskap som ikkje vert brukt og stelt gjev mindre respekt og forståing og står i fare for å forsvinne. Det er utarbeidd ei rekke nasjonale bevaringsprogram som grunnlag for statlege tildelingar av økonomisk støtte til skjøtsel av freda kulturminne. I Hordaland skal ein vidareutvikle dei ulike tilskotsordningane til desse programma slik at skjøtsel og tilrettelegging i større grad står under lokale initiativ. Dette krev styrking av samarbeidet mellom stat, fylkeskommune og kommunar og gjeld ordningane for verdsarv, bevaring av arkeologiske kulturminne (BARK), bevaring av bergkunst (BERG), freda kulturminne i privat eige, fartøyvern og tilskot til vern og våling av kulturminne.

Handverkskunnskap er grunnlaget for vern og våling av faste kulturminne. Erfaring viser at det er trong for å setje sterkt merksemd på utvikling av slik kompetanse i byggjenæringa. I samarbeid med næringsaktørane skal det etablerast bygningsvernsenter i Hordaland.

Formidling

Kunnskap er ein føresetnad for godt kulturminnevern. Aktiv formidling av kulturminneverdiane i hus og landskap skjer der folk møtest; i nabolaget, på skulane, på musea, eller der folk er; på digitale media. Bruk av kunnskapskjeldene skjer i samarbeid mellom private, institusjonar og styresmaktene. I særleg grad har musea eit ansvar for å gjøre kunnskapen meir tilgjengeleg for eit større publikum; gjennom utstillingsproduksjon, undervisningsopplegg, bruk av ny teknologi og sosiale media mv.

I planperioden må offentlege partar ta ansvar med omsyn til økonomiske rammevilkår og tilrettelegging av skjøtsel og formidling. Statleg og fylkeskommunal kulturminneforvalting er aktive i dette arbeidet.

18. Utvalde kulturminnekategoriar

Mål: Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gjevast særskild merksemd i planperioden

Arkeologi

Fram til skifta vart teken i bruk er arkeologien den viktigaste kjelda til kunnskap om førhistoria. Dei arkeologiske kulturminna gjev kunnskap om historia alt frå steinalderen då landet først blei busett til vi tok metallet i bruk. Spesielt i dei kystnære strøka er buplassspora frå denne eldste perioden godt kjende. Bronsealderen sin bergkunst og store gravrøyser har stort potensial i høve formidling av kunnskap om samfunn og religion. Då jarnet vart teke i bruk for vel 2000 år sidan byrja etter kvart den utviklinga som fører fram til høvdingdømme og vidare til den spede statsdanningsa i yngre jernalder og byrjinga av mellomalder. Framleis kan ein vel hevde at spesielt vikingtida er blitt ein viktig del av vårt sjølvbilde og identitet

Mellomalderhus og kyrkjer

Hordaland har fleire kyrkjer og profane hus frå mellomalderen. Desse bygningane er del av ein nasjonal arv med svært høg verdi og automatisk freda.

Freda hus

Hordaland har omlag 600 etterreformatoriske freda hus, dei fleste i privat eige. Å halde dei ved like set særleg høge krav til ressursar og kompetanse. Samstundes utgjer dei ein sentral del av den regionale og nasjonale kulturarven.

Den historiske byen og tettstadane

Bergen sentrum utgjer eit av landets viktigaste historiske bymiljø, som samstundes er sentrum i ein byregion i sterkt vekst. Fortetting og utbygging av transportsystem er prosesser som kan ha stor innverknad på kulturminneverdiane. Av dei eldre tettstadene har mange vore nært knytt til kraftkrevjande industri og må sjåast i samanheng med industriarven.

Kystkulturen:

Kyst og hav er ein sentral dimensjon ved Noreg og kystkulturen sine kulturminne er eit av dei mest markante trekka ved Hordaland; sjøbruksmiljø, naust, kystgardar, handelsstader mv. Også i dag er det meste av busetnad og aktivitet konsentrert i eit smalt belte langs sjøkanten, som difor vert eit pressområde.

Landbruket sin kulturarv

Av dei vel 40 000 registrerte ståande bygningane i SEFRAK-registeret (bygde før 1900) er vel halvdelen knytt til landbruket. Landbruksnæringa er i sterkt endring og det set kulturlandskap og bygningar under press; dei går ut av bruk eller fyller ikkje lenger dagens krav. I område prega av vekst er nedbygging av jordbrukslandskapet ei utfordring.

Fartøy

Hordaland er det fylket som har flest listeførte og freda fartøy i Noreg. Stort frivillig engasjement og profesjonelle fagmiljø gjer at Hordaland står sterkt rusta til å ta vare på dei flytande kulturminna. Særlege utfordringar er knytt til vilkåra for dei som forvaltar og driftar fartøya og rekrutteringa av barn og ungdom. Det er trond for fellestiltak som kan forenkle og samordne styresmaktene sin innsats i høve dei frivillige.

Industriarven

Hordaland har ei sentral rolle i norsk industrireising. Strukturendringar i industrien og heimfall av kraftkonsesjonar er prosesser som har avdekkja ein industriarv med høg kulturminneverdi og stort omfang. Å handtere desse problemstillingane vert ei sentral oppgåve i planperioden. Utbygging av samferdsle heng saman med utbygging av industrien. Jernbane er ein viktig representant for endringane i samfunnet frå slutten av 1800-talet og frametter.

Krigsminne:

Hordaland og Bergen si rolle under andre verdskriga har skapt ei stor mengd markante krigsminne. Desse må forvalta til beste for Hordalandssamfunnet, som ei viktig kjelde til oppleveling og kunnskap om den mest dramatiske hendinga i nyare historie.

Etterkrigstida sine kulturminne

Hordaland har mange verdifulle kulturminne frå etterkrigstida. Etter kvart som dei vert eldre og sjeldnare får dei auka verdi som kulturminne. Det er difor naudsynt med ei kartlegging og prioritering av kulturminne frå vår nære fortid.

Kunstnarheimar

Kartlegging, dokumentasjon og forvalting av kunstnarheimar skal stimulerast.

19. Verdsarv

Mål:

1. *Forvaltinga av verdsarven i Hordaland skal ha lokal, regional og nasjonal forankring*
2. *Kartlegging, sikring og bevaring er grunnlag for bærekraftig forvalting av verdsarven og tilrettelegging for verdiskaping og samfunnsutvikling*

Hordaland er eit fylke med viktige bidrag på Unesco si liste over verda si natur- og kulturarv: Bryggen i Bergen (1979) og Vestnorsk fjordlandskap (2006). Industriarven i Odda og Tyssedal er ført opp på den tentative lista over framtidig norsk verdsarv. Bergen og Hordaland er representerte i UNESCO-programmet Memory of the World og Norges dokumentarv med Lepraarkiva, Medisinsk fødselsregister, Sophus Tromholt si fotosamling, fotosamlinga til Knud Knudsen og arkiva etter Nordlandshandelen. Desse arkiva er ein viktig del av verdsarven i Hordaland.

Den norske verdsarvpolitikken er i endring. Skiping av verdsarvråd, etablering av verdsarvsenter/formidlingscenter og koordinatoroppgåver ved dei einskilde verdsarvstadene er del av den statlege verdsarvpolitikken. Alle desse tiltaka skal gjevast ei form som styrkar den lokale og regionale

forankringa. Det må leggjast opp til politisk og administrativt samarbeid mellom staten og alle kommunar og fylkeskommunar som har verdsarvområde. Erfaringar med verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap med ei politisk-administrativ forankring har gjeve brei eigarskap til forvaltinga. Ein ser for seg tilsvarende modell for Bryggen i Bergen.

Til istandsetting av Bryggen har det i fleire år vore løyvd vesentlege statlege midlar. Istandsettingsarbeidet har som overordna målsetting at verdsarvstaden Bryggen skal rustast opp til eit nivå som er i samsvar med kulturminnet sin høge status, og slik at ein deretter kan halda fram skjøtselen med vanleg vedlikehald. Det står framleis att ei omfattande istandsetting, og det er behov for statlege løvingar i mange år framover. Prosjekt Bryggen har sidan starten utvikla seg til eit omfattande istandsettingsprogram, og det er difor viktig å sikra god bruk av midlane og ei god oppfølging av igangsette tiltak.

Formidling av verdsarven er i tråd med Regional plan for museum 2011-2015 og eit særleg ansvar for musea. Museum Vest (Hanseatisk museum) og Bymuseet i Bergen (Bryggens museum) forvaltar samlingar og hus på Bryggen. Eit framtidig verdsarvsenter på Bryggen skal vere organisert som del av musea. Fylkeskommunen skal vere merksam på oppfølging av lokale initiativ for etablering av UNESCO-status (t.d verdsarv, biosfæreområde, geoparkar)

20. Lokalt kulturminnevern og museum

Mål: Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast

Alle kulturminne ligg i eit lokalsamfunn og lokal forvalting er grunnstamma i det norske kulturminnevernet. Befolkningsvekst endrar bygdene, byen og tettstadene i Hordaland. Kulturminnevern og museumsarbeid kan fungere som ein raud tråd i endringsprosessane, setje utviklinga i perspektiv eller fylle rolla som tradisjonsberar. Planen legg opp til å styrke samarbeidet mellom musea, lokale aktørar og forvaltinga for brei eigarskap og deltaking i arbeidet med kulturarven.

Det er viktig at kulturminne vert tekne omsyn til i lokale prosessar, og alle kommunar har ansvar for å utvikla eigen politikk på feltet. Kunnskapsløftet er eit nasjonalt prosjekt som har som mål å styrke den lokale kunnskapen om kulturminne. Klima- og miljødepartementet si målsetting er at 90 prosent av kommunane innan 2018 skal ha oversikt og planar for eigne kulturminne. I tråd med dei statlege måla, jf *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging*, T-1497, vil dette gje kommunane betre høve til å drive kulturminnevern tilpassa lokale forhold, og som er heimla plan- og bygningslova. I tråd med dette har Hordaland fylkeskommune etablert eiga satsing, prosjektet *Kulturminneplanar i kommunane 2013-2016* og skal i samråd med kommunane utvikle lokalt handlingsrom på feltet. Målet er at alle kommunar i fylket skal ha ein kulturminneplan innan utgangen av 2016. Slike planar vil vere ein god og førseieleg reiskap i alle saker, også dei som kan utløysa konflikt.

Musea har ei særleg rolle og vil møte ulike utfordringar avhengig av om dei høyrer til i ein vekstregion eller i ein region med mindre vekst. Ein fellesnemnar for dei ulike regionane er at kulturarven er grunnlag for lokal identitet. Fleire av musea har regionale oppgåver og Hordaland fylkeskommune har etablert ordning med bygningsvernksousentar ved dei fem regionale ansvarsmusea. Denne tenesta har ein rådgjevande funksjon i høve frivillige og kommunane. Ordninga har eit stort potensial, og gjev musea moglegheit til å etablere gode samarbeidsmodellar med styresmaktene og til å stø under den sterke frivillige innsatsen.

Musea og kulturminnevernet må bidra gjennom utoverretta verksemd i lokalsamfunna. Ei oppgåve for musea er å støtte opp om barn og ungdom si interesse for kulturarv. Her må ein vidareføra formidling og samarbeid med skulane og utvikle tiltak på andre arenaer i samarbeid med andre sektorar. Ein må ta i bruk ny teknologi for å gjera kunnskap om kulturminne lettare tilgjengeleg. Formidling av arkeologiske funn i lokalsamfunnet er eksempel på tiltak som aukar forståinga for den stadlege historia. Møglegheit for utlån og deponi frå Universitetsmuseet i Bergen av slikt materiale vil bidra til at Universitetsmuseet si regionale rolle også vert styrka.

Her gjev planen tydeleg ei klar forventing til offentlege styresmakter og musè om å samarbeide for å stø opp under lokalt arbeid med kulturarven, særleg i frivillig sektor.

21. Forvaltning i kulturminnevernet

Mål: Kulturminnevernet skal spegle nasjonal kulturminnepolitikk og finne gode, tilpassa løysingar på regionale og lokale utfordringar

Kulturminnevernet i Hordaland skal spegla ein nasjonal kulturminnepolitikk, og finne gode, tilpassa løysingar på lokale og regionale utfordringar. Sjølv med sterkt lokalt eigarskap og god kunnskap om kulturminna, vil interesseomsetnader alltid vere utfordringar. I slike prosessar er det viktig at rammene og rollene er klare for den enkelte part. Det er viktig med gode og klare retningsliner som viser krav til ulike saker og prosessane fram mot vedtak. Samtidig må offentleg forvalting være konstruktiv når det gjeld løysinga av viktige samfunnsmessige behov.

Roller og ansvar

Fylkeskommunen har ei sentral rolle i forvaltinga av kulturminne saman med dei arkeologiske landsdelsmusea, Riksantikvaren og Klima- og miljødepartementet. Statleg delegasjon av mynde og oppgåver til regional forvalting har som mål å gjere vernet av nasjonale og regionale kulturminneverdiar tydelegare for kommunar og privatpersonar. Alle plansaker skal høyast av fylkeskommunen for å avklare mogleg konflikt med viktige kulturminne. Kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda utan eige vedtak, likeeins ståande bygningar eldre enn 1649. Vedtaksfredingar gjeld bygningar, bygningsmiljø og fartøy. For at forvaltinga skal fungere etter intensjonen er det avgjerande at kommunane etablerer ein ansvarleg areal- og kulturminnepolitikk.

Føreseieleg forvalting

Det er eit mål å gjera kulturminneforvaltinga meir føreseieleg. Nasjonale og viktige regionale kulturminneinteresser skal gjerast tydelege for heile Hordalandssamfunnet. Hordaland var den første fylkeskommunen i landet der alle automatisk freda kulturminne vart lagt i den nasjonale kulturminnedatabasen *Askeladden*. Dette har effektivisert forvaltinga av slike kulturminne vesentleg. Vidare arbeid med oppdatering av kulturminnedatabasar og innlegging av kulturminne skal prioriterast. Dette gjev grunnlag for avklaring av konfliktar med kulturminneinteresser på eit overordna plannivå, som kommuneplan og kommunedelplan. Kommunar og planfremjarar kan dermed spare tid og ressursar og konfliktar kan reduserast, særleg i kommunar med vekstområde. Her er det også rom for å ta i bruk nye metodar for tidleg avklaring av kulturminne.

Vern av nasjonale kulturminneverdiar skal prioriterast i planperioden, jmf. istandsettingsprogramma for freda kulturminne.

Verkemiddel

Offentlege tilskot til kulturminne er eit viktig verkemiddel for å nå vedtekne mål på feltet. Dei samla tilskotsummane er låge samanlikna med behova, særleg gjeld dette lokale kulturminne. Det er tilgjengelege midlar frå fylkeskommunen, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond, nokre av kommunane og fleire stiftingar og private fond. Konsekvensen av relativt små midlar og mange tilskotsgjevarar kan opplevast som ei fragmentert og ressurskrevjande tilskotsforvalting som samla sett ikkje bidreg til større politisk måloppnåing.

Planen tek initiativ til sterkare politisk forankring av den offentlege tilskotsforvaltinga. Politiske prosessar i kommunane og fylkeskommunen med prioritering av temaområde og kulturminne bør vere retningsgjevande for statleg tilskotsforvalting i Hordaland, til dømes i Kulturminnefondet. Ei omlegging av fylkeskommunale tilskotsordningar slik at kommunen yter tilskot tilsvarande fylkeskommunen, vil kunna auka tildelingssummen og styrkja lokalt engasjement.

Tap av kulturminne skal minimaliserast. Fornuftig bruk og kontinuerleg vedlikehald er det mest effektive tiltaket mot forfall. Likevel er gjeldande tilskotsordningar øyremerkt istandsettingstiltak. I planperioden skal det vurderast etablering av tilskot til forvaltning, drift og vedlikehald av freda kulturminne og fartøy. Saman med antikvarisk rådgjeving i ei styrka kulturminneforvalting vil dette betre oppfølginga av eigarar og brukarar av freda bygningar.

Digital kulturminneforvalting

For å forenkla kvardagen for private eigarar av kulturminne i Hordaland, må nettbasert kommunikasjon forbetraast. For å få raskare sakshandsaming og betre tenester for innbyggjarane må stat, fylkeskommune og kommunar legge til rette for at slik kommunikasjon vert hovudregelen og at det vert utarbeidd effektive løysingar for handsaming av søknader om dispensasjon etter kulturminnelova og tilskot.

22. Tradisjonsuttrykk

Mål: Tradisjonsuttrykka skal bevarast og vidareutviklast og vere del av eit levande kulturliv

Immateriell kunnskap er ein viktig del av Hordaland sin kulturarv. Planen legg opp til dokumentasjonsprogram for slik kunnskap. UNESCO-konvensjonen om vern av den immaterielle kulturarven forpliktar det norske samfunnet å bevare immaterielle kulturuttrykk.

I Hordaland er deler av denne kulturarven av ein slik karakter at private aktørar og offentlege styresmakter bør ta ansvar for å vidareføre og utvikle kunnskapen. For å sikre levedyktig utøving av denne kunnskapen vil utviklingsperspektivet vere særleg viktig.

Kystkulturen er rik på denne type kulturarv. Opprettinga av Oselvarverkstaden vart gjort med slik grunnlegging. Det er sett i gong arbeid med samling av dei aktørane som arbeider med på utvikle hardingfeletradisjonen. Same omsyn gjeld utøvarar innanfor tradisjonshandverk i byggjenæringa. Planen legg opp til ei utgreiing av dette behovet, til dømes ved oppretting av bygningsvernssenter i Hordaland. Tekstilarv er eit område der ein ser at kunnskap er i ferd med å forsvinne.

5.6 Arkiv

23. Heilskapleg samfunnsdokumentasjon

Mål: Sikre at alle grupper og enkeltindivid i samfunnet har tilgang til dokumentasjon som sikrar rettstryggleik, identitet og kunnskap om fortida

Det å kunna meistre eigen kvardag gjennom å ha tilgang til kunnskap og dokumentasjon om eiga historie, har vist seg å vere ein grunnleggande demokratisk verdi for både enkeltindivid og grupper i samfunnet. Ein del av dette er moglegheit til å leite fram personleg rettsdokumentasjon for å oppnå rettferd og erstatning

Samfunnsutviklinga skjer i eit samspel mellom offentlege og private aktørar, spesielt kjem dette til utrykk i lokalsamfunna våre. Eit bedriftsarkiv kan gje kunnskap om rekruttering av arbeidskraft, bustadbygging og utvikling av infrastruktur i eit lokalsamfunn. Kjelder til kultur- og tettstadsutvikling ligg i like stor grad i bedriftsarkiva som i kommunearkiv eller statlege arkiv. For å sikra heilskapleg samfunnsdokumentasjon, må det sikrast at både offentlege og private arkiv vert bevarte og gjort tilgjengelege.

Det arkivfaglege miljøet i Bergen har vore nasjonalt leiande når det gjeld digitalisering av analogt kjeldemateriale og formidling av dette på nett. Digitalarkivet er ein nettportal som gjev tilgang til digitalisert og dataregisterert kjeldemateriale i Riksarkivet og statsarkiva, og er blant dei best besøkte nettressurane i Noreg. Digitalarkivet vart opna i 1998 som eit samarbeid mellom Historisk institutt, Universitetet i Bergen og Arkiverket, ved Statsarkivet i Bergen. Statsarkivaren i Bergen har ansvar for drift og redaksjon. Bergen Byarkiv har i samarbeid med Etat for bygesak og private planer frå 2008 - 2013 gjennomført det største kommunale digitaliseringsprosjektet av bygesaker i Noreg. Universitetsbiblioteket i Bergen har også dei siste årene utmerka seg med å gjere samlingane digitalt tilgjengelege for ålmenta. Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane må i denne samanheng også trekka fram, dei har frå 1990-talet vore i front nasjonalt i si satser på nettbasert formidling av kulturhistorisk kunnskap. Det er framleis eit stort behov for digitalisering av store mengder papirbasert arkivalia i tillegg til foto, film og lydmateriale både nasjonalt og regionalt. Det ligg til rette for at dei etablerte fagmiljøa på Vestlandet kan samarbeide om å ta seg nasjonale oppgåver på dette feltet.

Bergen og Hordaland er representerte i UNESCO-programmet Memory of the World og Norges dokumentarv med Lepraarkiva, Medisinsk fødselsregister, Sophus Tromholt si fotosamling, fotosamlinga til Knud Knudsen og arkiva etter Nordlandshandelen. Det er viktig at det vert lagt til rette for bevaring og formidling av desse og andre viktige arkiv.

Eit utviklingstrekk i offentleg sektor, er at ein set ut kommunale tenester for konkurranse, medrekna lovbundne oppgåver. Det offentlege må setje krav til at private oppdragstakrar skal følgje reglane til offentlege arkiv, slik at desse tenestene vert godt dokumenterte og det ikkje vert vanskeleg å få tak i dokumentasjon på skulegang, opphold i institusjon m.m. Det trengst ei kartlegging av private aktørar som utfører tenester for det offentlege – for å sikre at arkiv frå slik verksemder vert avleverte til offentlege arkivinstitusjonar.

24. Lokalhistorisk arbeid

Mål Styrke det lokalhistoriske arbeidet som ein identitetsskapande ressurs i lokalsamfunna

Demografiske endringar gjer at lokalsamfunn endrar karakter og identitet. Lokal identitet og tradisjon får nye impulsar - og eldre kunnskap om næringsliv, gards- og slektshistorie, stadnamn og folkekultur forsvinn. Kunnskap om lokalhistorie er viktig for identiteten. Slik kunnskap vert eit bindemiddel mellom menneska som kjenner tilknyting til dei same historiske hendingane og dei same minna. Tilgang til kunnskap om eiga og andre si historie kan vere med på å skape respekt for nye og andre måtar å uttrykke seg på og leve saman på.

Det er makt knytt til å definere det kollektive minnet, og det er difor ei utfordring å sikre at dokumentasjon frå eit mangfald av folk og samfunnsliv vert bevart og gjort tilgjengeleg. Spesielt har ein ansvar for å sikre arkiv og gjere tilgjengeleg dokumentasjon av marginaliserte grupper og kulturar i samfunnet. Det er difor ei målsetting å styrke det lokalhistoriske arbeidet gjennom å utvikle lokalhistorisk kompetanse i samarbeid med musea, biblioteka og lokalhistoriske miljø i fylket.

Det ligg eit stort potensial i å utnytte den interessa som frivillige viser i lokalhistoriske foreiningar (slektshistoriske foreiningar og sogelag), for å få kjeldemateriale tilgjengeleg på internett. Det er stor interesse for å registrere (digital transkribering) og gjere anna arbeid for å få historiske kjelder tilgjengelege på nettet. Riksarkivet har lagt til rette for dataregistrering av store nasjonale kjeldeseriar, som til dømes kyrkjebøkene, gjennom Digitalarkivet. Men kjeldemateriale frå kommunal sektor og private arkiv, med lokalhistorisk relevans og interesse, er i liten grad tilrettelagt slik at det kan verte registrert gjennom registreringsdugnader basert på lokalt, frivillig arbeid og faglege retningslinjer. Ei målsetting er å utvikle gode arenaer og møteplassar når det gjeld øving i registrering, produksjon og publisering av kjeldemateriale med lokalhistorisk interesse. Fotografi er eit slikt døme, og arbeidet med dette feltet skal styrkast.

Stadnamn er viktige som kulturminne og identitetsmarkørar i lokalsamfunna i Hordaland. Stadnamnprosjektet ved UiB har som mål å ta vare på dei kulturverdiane som ligg i dei lokale stadnamna og gjere stadnamna tilgjengelege for publikum gjennom digitale temakart. Framleis er det nokre kommunar som ikkje har registrert sine stadnamn og samle inn stadnamnmateriale som ikkje er blitt digitalisert. Det er difor behov for å styrke dette arbeidet både ved UiB og i kommunane, og å utvikla samarbeidet med frivillige lag i Hordaland.

Hordaland har eit spesielt ansvar for å ta vare på hardingefeletradisjonen. Folkemusikkarkiva er og bør vere ein del av det ein i kulturutreiinga av 2014 kalla tradisjonsarkiva.³³ Dei dokumenterer ein folkeleg kulturarv med vekt på kunstnarleg uthyrkk, som forteljingar, musikk og dans. Mykje av materialet i tradisjonsarkiva er lite tilgjengeleg, trass i at det har stor verdi for forsking, formidling og undervisning. I Hordaland er Arne Bjørndals samling på UiB eitt av fire folkemusikkarkiv utan ei geografisk avgrensing, og som i prinsippet dekkjer musikk frå heile landet. Hardanger folkemusikksamling på Hardanger og Voss museum, er eit regionalt arkiv for folkemusikk i Hardanger. Det er behov for å sette i gang eit arbeid for å sjå korleis ein kan gjere dette arkivmateriale betre tilgjengeleg for brukarane, og å samordne materialet i desse arkiva med tradisjonsmateriale frå resten av landet.

25. Fotobevaring

Målsetting: Den nasjonalt viktige rolla som Bergen og Vestlandet har i fotohistorisk tradisjon og forsking skal utviklast vidare

Hordaland og spesielt Bergen står fotohistorisk i ei nasjonal særstilling. Nokre av dei viktigaste fotosamlingane i Noreg er bevarte i , Bymuseet i Bergen, Billedsamlingen UiB og ved Bergen Museum. Ei samlokalisering av desse samlingane vil opne nye moglegheitar for forsking på det fotohistoriske materialet. Det vil gjere synleg dei spesielle ressursane og den unike rolla Bergen har i eldre norsk fotohistorie. Dette vil også kunne vere med å styrke den spesielle rolla regionen har fått i det nyare norske fotografiske miljøet ved at den einaste høgskuleutdanninga for kunstnarleg fotografi i landet er lokalisert ved Kunsthøgskolen i Bergen. Ikkje minst vil ei samlokalisering opne for betre ressursutnytting gjennom å samordne spesifikke konserverings- og bevaringsbehov som knyter seg til kvar av fotosamlingane.

Arbeidet med å bevare, sikre og gjere lett tilgjengeleg fylket sin fotografiske kulturarv, er tilført marginale ressursar. Det er behov for å styrke dette arbeidet, ved at ein systematisk får gjort ei tilstandsvurdering, og får registrert og gjort tilgjengelege samlingane, som er bevarte i dei kulturhistoriske institusjonane i Hordaland.

³³ NOU 2013: 4

Berre ein liten del av fargefotografia tekne dei siste 40-50 åra er bevarte i dei kulturhistoriske institusjonane i Noreg. Det same gjeld digitalt skapte fotografi. Det er difor behov for å setje i gang eit prosjekt for å kartlegge verdien og omfanget av slike fotografi

5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling

26. Vegen inn i kunst- og kulturlivet

Mål: Vegen inn i kunst- og kulturlivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk.

Dei første stega inn i kunst- og kulturlivet vert ofte tatt i skulesamanheng, men også frivillig sektor og familie spelar ei avgjerande rolle for å introdusere barn og ungdom for kunst og kultur . Det er ei målsetting å sikre gode og likeverdige høve for alle til å utøve og oppleve kunst og kultur.

Det er naudsynt å styrke dei estetiske faga i skulen, både når det gjeld omfang og kvalitet. Her spelar det tverrsektorielle prosjektet SamSpel ei stor rolle. Dette prosjektet skal fokusere på utvikling av estetikk, kunst- og kultur i utdanning og opplæring i Hordaland. Det inneber samspele mellom dei ulike aktørane innanfor utdanning, kunst- og kulturfeltet i fylket, noko som vil styrke samarbeidet og kunne opne for auka ressursar til feltet. Prosjektet skal også etablere samhandlingsarenaer mellom skule og kunst- og kulturfeltet som stimulerer ei slik utvikling.

Den kulturelle skolesekken (DKS) vart etablert som nasjonal ordning i 2001. DKS i denne samanheng omfattar også skulekonsertordninga, som er landsdekkande og utgjer i dag musikktilbodet til grunnskulen i DKS. Mange kunstnarar og institusjonar har oppdrag om turnering, verkstad og prosjekt i og med skulane gjennom DKS. Hovudmålsettinga med DKS er å gje elevane møte med profesjonell kunst og kultur i skuletida.

DKS er eit samarbeidsprosjekt mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå. Fylkeskommunen er ansvarleg for koordineringa regionalt, og er rapporteringsinstans og serviceorgan for kommunane.

Forsking har avdekt utfordringar ved ordninga. Nokre av dei sentrale utfordringane omhandlar elevane sin medverknad, lærarane sin kompetanse, og realiseringa av eit likeverdig tilbod til alle. Punkta kan overførast til kunst- og kulturoplæringa generelt.

Det er eit stadig aukande fokus på produksjon og formidling av kunst og kultur retta mot barn og ungdom, både innan DKS-ordninga og utanfor denne. Dei fleste av dei store institusjonane satsar på produksjonar og formidlingsprogram til desse målgruppene, og har etter kvart utvikla høg kompetanse på dette feltet. Dette er ei viktig arbeid som må vidareutviklast og støttast.

Dei kommunale kulturskulane er ein landsomfattande kulturell infrastruktur. Kulturskulane er kommunale, og finansieringa er lokal. Dei tilbyr opplæring i skapande og utøvande kunstformer. Det har ikkje vore mogleg å tilby den etterspurde kompetansen overalt. Av økonomiske årsaker, er tilbod om individuell utvikling og talentutvikling redusert, og ein er ikkje i stand til å gje alle barn som ønskjer det eit kulturskuletilbod.

Kulturskulen er organisatorisk plassert i Kunnskapsdepartementet. Kulturutredningen 2014 peikar på at dette gjer at kulturskulen får mindre tyding som kulturpolitisk verkemiddel enn han bør ha. I ein god del kommunar er kulturskulen forankra i kulturetaten. Kulturutredningen konkluderer med at det både vil sikre kulturskulen si kulturpolitiske styrke og departementet si rolle om ansvaret vert overført til Kulturdepartementet.

Fylkeskommunen har i liten grad vore ein part i kulturskulen sitt arbeid. Ein kunne i utgangspunktet tenke seg at fylkeskommunen hadde ei utviklingsrolle, tilsvarande den lovpålagte rolla fylkeskommunen har på bibliotekfeltet. Dette kunne gitt kulturskulen eit sterkare koordinerande og utviklande ledd på regionalt nivå. Samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane om kulturskulane kan styrke regional utvikling og medverke til kompetanseutvikling, m.a. utvikling av talentprogram og tettare samarbeid med DKS og Ungdommens Kulturmønstring (UKM).

Dei sentrale ordningane har sett fokus på barn og unge, men ein når ikkje ungdomsgruppa i like stor grad som yngre. Hordaland fylkeskommune ser det som særskilt viktig å medverke til at ungdom i større grad skal ta i bruk

kulturlivet. Dette har stor verdi i seg sjølv, og det viktig å vekke ei interesse for kunst og kultur som kan vare livet ut. Mange institusjonar ønskjer unge som sitt publikum, og lukkast i varierande grad. Institusjonane bør i større grad arbeide aktivt med strategiar og tiltak på dette feltet.

Kulturkort for ungdom er eit tiltak som rettar seg direkte mot unge. Kulturkortet skal betra tilgangen for ungdom til eit breitt spekter av kunst- og kulturaktivitetar og –arrangement, gratis eller til redusert pris. Føremålet er å få ungdom i alderen 16-20 år til oftare å nytte seg av kulturtildoda, og å rekruttere nye publikummarar. Fylkeskommunar forvaltar ordninga, og søker Kulturdepartementet om midlar. Det er likevel ikkje kortet i seg sjølv som er hovudmålsettinga, men å sette fokus på tiltak som kan senke terskelen og å arbeide målretta med å innlemme unge i kulturlivet slik at det opplevast som relevant.

Ungdommens kulturmönstring (UKM) er eit nettverk av små, lokale festivalar, der ungdom deltek med alle slags kulturuttrykk. Mönstringa har eksistert sidan 1987 og har utvikla seg til å verte ein av dei viktigaste offentlege satsingane på barne- og ungdomskultur. UKM har størst deltaking der mønstringa er del av ein kontinuerleg prosess, med engasjerte vaksne og unge som medverkar i planlegging og gjennomføring, og der UKM er definert som del av kulturpolitikken for barn og unge.

Fylkeskommunane har ansvar for UKM, med kommunane som lokale arrangørar. UKM Norge er stifta av fylkeskommunane i fellesskap. Kvar kommune sender kvalifisert ungdom vidare til ei fylkesmönstring. Kvart fylke sender i neste omgang deltakarar til den nasjonale UKM-festivalen.

Sentralt er det inngått samarbeidsavtale mellom Norsk kulturskoleråd, UKM, DKS og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa. Målsettinga er å sikre eit best mogleg tilbod av kunst og kultur til barn og unge i Noreg. For å styrke den regionale innsatsen på dette feltet, er det naudsynt å initiere eit meir forpliktande samarbeid mellom Norsk kulturskoleråd, UKM og DKS.

Der er også fleire organisasjonar i fylket som driv omfattande opplæring i ulike kulturuttrykk, som teater, dans og musikk. Desse er eit godt supplement til det offentlege kulturopplæringssystemet.

Når det gjeld å gje høve for ungdom til å steget vidare mot profesjonell kunstuddanning og -yrkesveg er talentutviklingsprogram og tilgangen på utdanningsprogram i estetiske fag i vidaregåande skule essensielt. Der ligg store vinstar ved å ytterlegare styrke dette, m.a. ved å legge til rette for auka samarbeid med det profesjonelle feltet. Slik spesialisert opplæring og oppfølging er enklast tilgjengeleg for ungdom i Bergen, og det bør sjåast på korleis dette elles er fordelt i fylket. Vidaregåande skuler med utdanningsprogram i estetiske fag kan ha ringverknader for heile kulturlivet i lokalsamfunna.

27. Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet

Mål: Vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder

Dei store kunstinstitusjonane i Hordaland opererer på nasjonalt og internasjonalt toppnivå og er i tillegg lokomotiv for all kunst- og kulturutvikling i regionen. Staten har det økonomiske ansvaret for drifta av Bergen filharmoniske orkester (BFO) og Den Nationale Scene (DNS). Drifta av landsdels- og knutepunktinstitusjonar, som Hordaland Teater, Carte Blanche, Bergen Nasjonale Opera, BIT20 og Festspillene, vert oftaast finansiert i eit samarbeid mellom staten og fylkeskommunen, i dei fleste tilfelle saman med Bergen kommune. Nokre institusjonar har fylkeskommunen initiert, og har difor eit særleg finansielt ansvar, dette gjeld til dømes Hordaland Teater, Skrivekunstakademiet og Hordaland Kunstsenter, medan andre som t.d. BIT Teatergarasjen og Kunsthallen, har Bergen kommune historisk hatt eit særleg ansvar for. Det har vore ein vekst i initiativ som har arbeidd seg opp til å få støtte frå fleire forvaltningsnivå og andre kjelder for finansiering, og det ligg sjeldan føre formell fastsett fordeling mellom tilskotsytarane. Dette utgjer ein del av den grunnleggande dynamikken i kulturpolitikken.

Fylkeskommunen skal vere ein sentral støttespelar for kunstinstitusjonar i regionen, og ha ansvar for å medverke til sterke kunstinstitusjonar på kvalitativt toppnivå, både med finanzielle verkemiddel, med hjelp til utvikling av kompetanse og nettverk, og med politisk og fagleg engasjement.

Fylkeskommunen har eit medansvar for å bidra til at regionen byr på gode arbeidsforhold for kunstnarar og kulturarbeidarar, og å motverke kunstnarflukt. Som regional utviklar må fylkeskommunen kunne tilby kompetanse og verkemiddel på kunstfeltet gjennom ein målretta kunstpolitikk. I planperioden er det ei målsetting å styrke det fylkeskommunale engasjementet for å vidareutvikle eit sterkt og sjølvstendig kunstliv i

regionen. Dette gjeld institusjonane så vel som det frie feltet, m.a. gjennom å støtte og utvikle fylkesfemnande tiltak for bransje- og kunstnarutvikling.

Kunsten er lokal og global. Det skal søkast å utvikle eit internasjonalt kunstliv i heile fylket. Det er eit særleg ansvar å utvikle også det smale kunstnarlege uttrykket.

Kunstlivet i heile fylket skal utviklast, og Hordaland fylkeskommune skal ta ein sterkare kunstpolitisk ansvar, med utvikling av ein meir markant kunstpolitikk. Denne satsinga lyt skje i samarbeid med kommunane, institusjonane og organisasjonane. Sjølv om Bergen kommune står i ei særstilling når det gjeld andelen av dei profesjonelle kunstnarane og kunstmiljøa, bør ein også legge til rette for at kunstnarar kan arbeide og bu i andre kommunar i fylket, slik at kunst kan vere ein tydeleg del av livet i lokalsamfunna.

Hordaland har mange og sterke profesjonelle enkeltkunstnarar, institusjonar, større og mindre organisasjoner innan dei fleste delane av kunstfeltet: Musikk, visuell kunst, scenekunst, film, elektronisk kunst og litteratur. Hordaland fylkeskommune har i tidlegare planar sett kulturfeltet breitt og ikkje skild mellom kunst og kultur, mellom profesjonell og amatørkultur/kunst. I PREMISS: KULTUR ser vi framleis på kulturfeltet som ein heilskap, men har også som ein føresetnad at det frivillige feltet og det profesjonelle har ulike mål, slik at dei difor også treng ulike verkemiddel og reiskapar for utvikling.

Det profesjonelle kunstlivet er både institusjonelt og individuelt. Mellom institusjonane og enkeltkunstnarane finst også mindre einingar, som kan vere profesjonelle og ofte er sjølvinitierte. Fleire aktørar innan kunstfeltet krev fleire lokale for produksjon og formidling, og fleire stønadsordningar. Som undersøkingar har vist, kjem Bergen dårleg ut finansielt når det gjeld statlege midlar til kulturinstitusjonar. Når det gjeld prosjektstøtte gjennom Kulturrådet, speglar tilskota betre den store aktiviteten.

Det er viktig å sjå på støtteordninga, ansvarsfordeling mellom ulike forvaltningsnivå og samordning av desse. Hordaland fylkeskommune si satsing på kunstfeltet har i stor grad gått gjennom institusjonar og i mindre grad vore direkte retta mot enkeltkunstnarar. Som nummer to-by har Bergen fleire viktige institusjonar på ulike deler av kunstfeltet. I tillegg er det fleire mindre/mellomstore institusjonar og organisasjonar som har utvikla seg frå å vere svært lågt finansiert og mykje basert på idealisme, til å verte profesjonelle og nyskapande aktørar i eit internasjonalt kunstliv.

Institusjonane har stort potensial til å vidareformidle kompetanse, og det kan ligge store synergieffektar i samarbeid mellom dei større etablerte, og den friare delen av kunstlivet. Det må søkast ein balanse mellom det frie feltet og den institusjonaliserte delen av kunstlivet. Det har vore initiert og satsa på utvikling av kompetansehevande nettverksorganisasjonar, m.a. Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Vestnorsk filmsenter, Kultur Vest, VISp og Proscen. Desse har utviklar seg i aukande grad til å ha eit større regionalt verkefelt. Dette har gjort Hordaland til eit føregangsfylke i norsk samanheng. Som regional utviklar bør Hordaland fylkeskommune satse på fellestiltak og kompetanseutvikling i kunstfeltet, og bidra til fleire arenaer for samhandling og meiningsutveksling.

Når det gjeld fordeling av midlar, vert det ei avveging mellom å gje høve til føreseielege rammer og det å gje rom for nyskaping for nye aktørar. Det skjer mykje nytt når det gjeld organisering i kulturlivet, og det offentlege må ha opning for endringar i sine innretningar og verkemiddel. Større fokus på prosjekt, gjer at kunstnarar og kulturliv i større grad må jobbe prosjektretta med kortare tidshorisont. Ei god side ved dette er at det gjev rom for nye strukturar og initiativ.

Kulturelt utviklingsprogram (KUP) vart etablert av Hordaland fylkeskommune i 2010. Programmet har vist seg å vere eit vellukka kulturpolitiske utviklingsverktøy i regionen og har blitt godt motteke av kulturlivet. KUP må vidareutviklast og styrkast også som eit kunstpolitisk verkemiddel.

I underkant av 80% av alle profesjonelle kunstnarar i Hordaland bur i Bergen. Bergen har også dei fleste større kunstinstutusjonane. Bergen kommune har ein bevisst og god kunstpolitikk, og har fire pilarar for å bygge ei kunstscene: produksjonslokale, produksjonsøkonomi, visnings- og formidlingsarenaer og kompetansemiljø. Ambisjonen er at Bergen skal verte kjent som eit «nordisk tyngdepunkt for den eksperimentelle, modige og fremtidsrettede kunsten». Som nummer to-by har ein høve til å vere eit reelt supplement og motvekt til kunstlivet i hovudstaden. Bergen må fungere som eit kraftsentrum og ein motor.

Fleire av kunstnarane som er busett i kommunar nær Bergen, har arbeidsplass/fagleg fellesskap i byen. Kunstnarar som bur lenger unna, har enkelte stader bygd opp familjø med regional profil. Mellom anna har Hardanger eit kunstnarfellesskap gjennom kunstnarorganisasjonen Harding Puls, som har vorte styrka

ytterlegare gjennom etableringa av Kunstnarhuset Messen i Ålvik. Det er også arbeids- og buplassar for utanlandske gjestekunstnarar i Messen, og slike koplingar mellom lokalt kunstliv og globalt kunstliv kan vere styrkande både for den enkelte kunstnar og lokalsamfunnet. Ein bør også sjå på høve for ytterlegare samarbeid mellom kunstmiljø i Bergen og andre kommunar, eventuelt gjestekunstnarordningar internt i fylket. Ei side av dette er at kommunar utanfor Bergen ofte kan tilby lokale for produksjon til ein lågare kostnad.

Kunstlivet i Hordaland er internasjonalt. Å jobbe internasjonalt har ein fagleg verdi i seg sjølv, og kan i tillegg bidra til at kunstnarar kan få ein større marknad eller publikum som kan gje inntektar. Residencies og gjestateljer er viktig for internasjonaliseringa. Det gjev høve for kunstnarar til å få impulsar og kontaktar i eit anna miljø, og også for mindre lokalsamfunn å møte kunst og kunstnarar utanfrå. Hordaland fylkeskommune ønskjer å spele ei rolle, saman med erfarne aktørar som m.a. Hordland kunstsenter og kulturhuset USF, i kompetanseutveksling/-heving og rettleiing for kommunar og organisasjonar som driv eller ønskjer å drive slik aktivitet.

Kunst i offentleg rom er eit viktig felt av den visuelle kunsten der det statlege organet KORO har utarbeidd regelverk og prosedyre. Det er ei demokratisk form for kunstformidling som opnar for møte med kunsten i dagleglivet til mange fleire enn dei som aktivt oppsøker kunst, og det gjev arbeid til enkeltkunstnarar. Hordaland fylkeskommune vedtok i 2008 at 1,2 % av byggsum på eigne bygg skal gå til kunstnarleg utsmykking. Bergen kommune har Fondet til kunstnerisk utsmykking, som fordeler til saman 1 mill. kr i året. Kunst i offentleg rom er eit felt med faste prosedyrar, og Hordaland kunstsenter kan utviklast til å meir systematisk støtte opp under kommunar som ønskjer å innfri dei statlege føringane. Kunstprogrammet for Bybanen må styrkast og vidareførast slik at det kan oppfylle det potensial som ligg i det. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for at ordninga med ei prosentvis avsetting av byggsummen vert utvida til å gjelde alle vegar, bruar og samferdselsprosjekt. Dette vil gjere Noreg til eit føregangsland.

I utgangspunktet har all kunst ein mogleg marknad – stor eller liten. Fleire av nettverksorganisasjonane har fokus på å auka inntektpotensialet for kunstnarane i organisasjonen, og ser eit høve for å styrke dette m.a. gjennom utvikling av nye salskanalar. Ordningar som Den kulturelle skulesekken, skulekonsertane og Kunst i offentleg rom, gjev oppdrag til enkeltkunstnarar. Trass eigeninntekter, treng dei fleste delane av kunstlivet noko offentleg støtte. Det bør i planperioden sjåast nærmare på korleis ein fordeler ansvar mellom dei ulike forvaltningsnivåa, og korleis ein betre kan samordne dei ulike verkemidla. Fylkeskommunen kan bidra til å initiere tettare dialog innan dei ulike potensielle tilskottspartane, og slik få meir samla satsing der det trengst.

Kunstnarleg verksemd gjev næringsgrunnlag for mange i Hordaland. Ei rekke innspel til kulturplanen fortel at dette kan vere eit skjørt næringsgrunnlag, med låge inntekter. Også Kulturutredningen 2014 kommenterer dette. Det er eit ufråvikeleg krav at kunsten skal vere uavhengig, men dette kan kome i konflikt med økonomiske mekanismar. Nyare nasjonal politikk legg vekt på at kulturlivet i større grad skal finansierast ved sponsormidlar. Kulturplanen tek på alvor dei varske mange innspel framfører i høve dette, særleg knytt til at institusjonane ikkje skal gjere seg avhengig av sponsorinntekter på driftssida.

Det kan, ikkje minst av økonomiske årsaker, vere lettare å ha kunstnarleg verksemd som levebrød i Oslo enn i resten av landet. Ein slik ulikskap må motverkast. Men slik ulikeskap finst også i Hordaland, mellom anna ved at Bergen kommune har kunstnarstipend, som ikkje andre kommunar har. Hordaland fylkeskommune skal ha ein kulturpolitikk som legg til rette for at det skal vere råd å leva som kunstnar overalt i fylket.

Når det gjeld kunstnarstipend det døme på at alle forvaltningsnivå har slike. Det er viktig å sjå desse ordningane i samanheng og i relasjon til andre ordningar, til dømes prosjektilskot, slik at dei kan fungere supplerande til kvarandre og gjensidig styrkar kvarandre. Hordaland fylkeskommune vil i planperioden vurdere innrettinga av fylkeskommunale kunstnarstipend.

I 2014 vart arbeidet med Vestnorsk filmmelding sett i gong. Filmmeldinga skisserer satsingspunkt for filmpolitikken på Vestlandet, og i planperioden vil det stå sentralt å følgje opp dette så vel nasjonalt som regionalt.

28. Amatørkultur

Mål: Det frivillige kulturlivet skal vere mangfoldig, arbeide fritt og sjølvstendig og vere tilgjengelege for alle

Ein amatør er ein som på fritida engasjerer seg i aktivitetar innan til dømes kultur, utan fagutdanning på området og utan å ha det som sitt yrke. Det er ei stor breidde i amatørkulturen, innan eit mangfold av

kulturuttrykk. Amatørkulturen er ein brei og viktig læringsarena, særleg for barn og unge. Alle vaksne og etablerte profesjonelle utøvarar har bakgrunn som amatør i eit kor, korps, eller andre sjangrar.

Amatørkulturen og det frivillige engasjementet står svært sterkt i Hordaland, og utgjør basisen i det lokale kulturlivet, ikkje minst der barn og unge er målgruppa. Eigenaktivitet er grunnlaget for amatørkulturen, og i tillegg kan den gje gode opplevingar til publikum. Eit aktivt amatørkulturliv skaper fellesskap og livskvalitet i lokalmiljøet både for vaksne og born.

I tillegg til den meir tradisjonelle amatørkulturlaktiviteten i regi av etablerte organisasjonar har det utvikla seg eit meir tiltaksbasert amatørkulturliv, ofte knytt til tidsavgrensa arrangement. I Hordaland er det m.a. eit breitt spekter av festivalar som vert arrangert kvart år, og ein ser her kor viktig rolle den frivillige innsatsen spelar for festivalen sitt virke. Festivalane er også eit godt eksempel på møte mellom frivillig engasjement og profesjonell kunst og kultur. Koplinga mellom profesjonelle og amatørar bør utviklast på fleire kulturfelt då dette kan vere med på å utvikle og inspirere begge partar, ikkje minst gjeld dette barn og unge.

Det offentlege skal verdsette og bygge opp under amatørkulturen, og syte for gode og føreseielege rammevilkår. Særleg skal innsatsen retta mot å skaffe gode arenaer og møteplasser til øving, produksjon, og framsyningar. Dette er i første line eit kommunalt ansvar, men det kan søkjast midlar til dette eksternt, og der er fleire fylkesfemnande organisasjonar som tilbyr sin kompetanse på t.d. tilpassing av lokale til musikk, teater ol. Det er viktig å på best mogleg måte nytte og forbetra eksisterande lokale i kommunane, og å halde leigeutgiftene låge for organisasjonane/kulturutøvarane.

Hordaland fylkeskommune har tradisjonelt støtta amatørkulturen og det frivillige feltet gjennom tilskotsmidlar og driftsstønad til fylkesfemnande organisasjonar, som Hordaland Barne- og Ungdomsråd, Norges Musikkorpsforbund-Hordaland, Hordaland musikkråd og Folkeakademiet Hordaland. Driftsstønadsordninga, som mellom anna består av grunnstøtte, er føreseieleg og gjev handlingsrom for organisasjonane.

Tilskotsordningane er eit viktig verkemiddel for å støtte kulturlivet i Hordaland. Dei fylkesfemnande organisasjonane er viktige, og Hordaland fylkeskommune vil halde fram arbeidet med å stø opp om desse organisasjonane. Men med eit organisasjonssamfunn i endring, er det nødvendig å sjå på form og innhald i tilskotsordningane og vurdere endringar som kan gje meir rom for nye aktørar med andre organisasjonsformer. Ein auke av aktivitetstilskot, kan gje større moglegheit for organisasjonar som har mange aktivitetar, men få medlemmer. Det er også viktig å skape møteplasser som femner om ei breidde i aktivitetar og som når fram til alle, uavhengig av om kva tilknyting dei evt har til organisiert organisasjonsliv

Fylkeskommunen vil kople aktørar, oppmuntre og kan også støtte prosjekt der utøvarar og organisatorar av amatørkultur frå ulike kommunar og/eller felt går saman om erfaringsutveksling, kompetansebygging og andre fellestiltak.

Bergen kommune har gjort eit godt grunnarbeid for å ivareta amatørkulturen, gjennom Bergen amatørkulturråd. For amatørkulturlivet i Hordaland kan det vere av stor nytte å etablere lokale amatørkulturråd, etter modell og inspirasjon frå dei lokale idrettsråda, som kan arbeide for eit større og sterkare amatørkulturliv i fylket, og som eventuelt er samordna i eit amatørkulturråd på fylkesplan.

Eit viktig føremål for eit amatørkulturråd er å vere ei samordnande kraft for amatørkulturlaga og organisasjonane i sitt område. Det skal styrke amatørkulturlivets rolle og rammevilkår, vere ein rådgjevar for kommunen, og såleis vere ein møteplass og utviklingsdrivar mellom offentleg og frivillig arbeid.

Det er ei målsetting å prøve ut etablering av lokale amatørkulturråd i samarbeid med nokre kommunar. I neste omgang kan det vurderast danning av eit fylkesfemnande råd, som eit pilotprosjekt for å avklåra trøng for slike råd i heile Hordaland.

5.8 Bibliotek

29. Tilgang til moderne og attraktive bibliotek

Mål: Innbyggjarane i Hordaland skal møte moderne og attraktive bibliotek i kvart regionssenter, kommunesenter (bydelssenter i Bergen), lokalsenter og nærsenter

Regional plan for attraktive senter i Hordaland peiker på kva kvalitetar som kjenneteiknar eit sentrum som møteplass. Det må vere inkluderande og retta mot alle – ungdom, eldre, innvandrarar, barnefamiliar og einslege. Opne og lett tilgjengelege sentrum har offentlege areal og uformelle møteplassar, der ein ikkje er nøydd til å vere betalande kunde for å vere velkommen. Satsing på utvikling av gode bibliotek i arbeidet med attraktive senter, vil gje gode møteplassar, men også skape attraktive arenaer for kunnskap og kultur i lokalsamfunna.

Det finst mange gode døme på at bibliotek er nytta i samband med byfornyng og vitalisering av lokalsamfunn i byar og mindre tettstader. Dansk folkebibliotekpolitikk er bygd på ein modell³⁴ som er eit godt utgangspunkt for å oppfylle føremålsparagrafen i Folkebiblioteklova. Modellen skildrar fire «rom» eller univers, som overlappar kvarandre. Romma kan vere både fysiske og digitale.

- Læringsrommet er basert på å oppdage og lære nytt. Det inneholder f.eks. uformelle læringskurs, e-læringsfasilitetar, foredrag, tilgang til kunnskapsressursar og spørjetenester.
- Inspirasjonsrommet er basert på opplevelingar. Det vil typisk innehalde tilgang til litteratur, kunst, film, musikk, underhaldning og spel, til arrangement med kunstnarar og liknande.
- Møterommet er basert på deltaking. Det spenner frå å delta på arrangement om (lokal)politiske spørsmål eller aktuelle problem til lese- og studiesirklar og tilrettelegging for ulike nettverk.
- Det performative rommet blir brukt om kreative, skapande aktivitetar som blir utfalda av brukarane. Det er aktiv skapande verksemd, men også kreative og estetiske læringsrom. Her er det snakk om workshops av forskjellige slag; skriveverkstader, aktivitetar med kunstnarar, filmverkstader osv.

For å verte meir moderne og attraktive, treng fleire av biblioteka i fylket å gjennomgå endringsprosessar av større eller mindre omfang. Erfaringar har vist at strategisk bruk av små summar frå fylkeskommunen, til eksperimenterande prosjekt i biblioteka, har svært god effekt. Det er ønskeleg å halde fram med ei slik ordning.

Fylkeskommunen ønsker å samarbeide med kommunane om å få til minst eit modellbibliotek i kvar av samarbeidsregionane, fornying av biblioteklokale og «meiropne» bibliotek, dvs. at ein gjer lokalet tilgjengeleg utanom betjent opningstid. Eit døme er Lindås kommune, som har eit «meiropne» bibliotek i Lindåshallen. Biblioteket er sjølvbetjent i hallen si opningstid, medan bibliotekpersonalet er til stades to dagar i veka.

Bibliotekbygg og lokale for bibliotek skal vere med i ei samla vurdering av kva arenaer det er trond for i fylket, sjå Innsatsområde: Arenautvikling – infrastruktur.

Bibliotekstrukturen i fylket bør kartleggast og evaluerast, og det bør lagast ein heilskapleg plan med omsyn til befolkningstettleik og beteningspunkt for bibliotektenester. Særleg mange av dei minst mobile gruppene, som barn og eldre, har lang veg til biblioteket. Ei løysing er tettare samarbeid med t.d. skulebiblioteka og utvikling av mobil bibliotekverksemd (bokbuss/bokbåt), gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunane.

Bokbåten starta i Hordaland i 1959. Samarbeidet med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal begynte då «Epos» blei bygd i 1963. Tilbodet er eit viktig supplement til kommunale skule- og folkebibliotek. På små plassar er det ofte det einaste bibliotektilbodet som blir nytta av innbyggjarane. Fylkeskommunen skal halde fram med å drifte og utvikle bokbåten som eit utjamnande bibliotektilbod, i kombinasjon med kommunale og interkommunale tilbod.

³⁴ Folkebibliotekerne i vidensamfunnet: Rapport fra Udvælget om folkebibliotekerne i vidensamfunnet. Styrelsen for bibliotek og medier.

30. Biblioteka som uavhengig møteplass og arena for offentleg debatt

Mål:

1. *Folkebiblioteka skal vere arenaer for kulturopplewingar, offentleg samtale og debatt for alle*
2. *Tal på arrangement og besök i biblioteka skal aukast*

Biblioteklova legg vekt på folkebiblioteka sin rolle som uavhengig møteplass. Forsking³⁵ viser at biblioteket er ein etnisk og sosial integrasjonsarena og har eit mangfold av bruksmåtar. Det blir brukt både som ein første stad (familien), andre stad (jobben) eller et tredje stad (nøytralt) – ofte av same brukar. Bibliotekbruken er ei vandring mellom livssfærar. Det nyttast i samband med ulike livsroller, både som forelder, ven, arbeidstakar og samfunnsborgar. Personar med lågare hushaldningsinntekt, ikkje-vestleg språk- og kulturbakgrunn og lågare utdanning, brukar biblioteket meir som variert møteplass enn andre grupper. Møteplassfunksjonen i biblioteket har potensiale til å utvikle fellesskap på tvers av sosiale, økonomiske og etniske ulikskapar.

Biblioteket blir brukt av folk frå alle samfunnslag. Generell bibliotekbruk aukar med høgre utdanning, medan møteplassfunksjonen har ein annan og ofte motsett sosioøkonomisk profil. I utvikling av ulike sentrumsområde, skal biblioteka vere vitale aktørar som kunnskaps- og kultursenter og offentlig rom.

Eit mål på at biblioteka utviklar seg, er auka besök og fleire arrangement i biblioteket. Bergen har både eit litteraturhus og eit aktivt folkebibliotek, som fungerer side om side. Biblioteka i Nordhordland har erklært seg som «Litteraturhusa i Nordhordland». Dei samarbeider om arrangement og lagar ein felles aktivitetskalender, som vert distribuert til alle husstandane kvart halvår. På Voss har ein etablert samarbeid med frivillige organisasjonar for å få til arrangement i biblioteka. Modellane kan nyttast til å etablere fleire regionsvise «litteraturhus». Biblioteka må profesionalisera som arrangørar av debattar og kulturprogram. Det bør etablerast samarbeid om produksjonar og samarbeid med frivillige organisasjonar. Ansvaret for å gjennomføre dette innsatsområdet, ligg hjå kommunane og dei regionale biblioteksamarbeida. Fylkeskommunen kan bidra med koordinering, arrangementstøtte og ved å sende utstillingar og turnear til biblioteka. Tilboda i Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken bør også gjerast tilgjengelege for folkebiblioteka.

Sosiale media legg til rette for dialog, involvering og brukarmedverknad, og kan medverke til å opne forvaltinga og gje eit levande lokaldemokrati. Dei til ein kvar tid aktuelle sosiale teknologiane og nettsamfunna spelar ei viktig rolle i dialogen med brukarane og marknadsføringa av tilboda.

Biblioteka nyttar eit breitt spekter av kanalar for å profilere arrangement og bygge opp under merkevaren *bibliotek*. Satsing på felles profilering og strategisk marknadsføring skal utviklast vidare. Biblioteknettstadene og kommunikasjon i sosiale media er viktige kanalar for å profilere arrangement i biblioteka, og kan også fungere som digital møteplass for brukarane. Prosjekt som «Digital debatt», der brukarane vert inviterte til å debattere på nettet i samband med arrangement i biblioteka, kan bidra til å introdusere fleire for denne type samfunnsdebatt og deltaking.

Folkebiblioteka kan også spele ei viktig rolle som møteplass for eksperimentering og nyskaping. Fleire stader nyttar innbyggjarane folkebiblioteka som kreative verkstader (makerspaces) for læring, inspirasjon, livsutfolding og brukarskapt innovasjon. Mellom anna i Danmark har ein gode erfaringar med å legge til rette for folkelaboratorier (kalla folkelab) der ein kan møte andre med same interesser på tvers av alder og føresetnader, for å skape noko sjølv til dømes av gamalt materiell.

31. Bibliotek til barn og ungdom

Mål:

1. *Barn og ungdom skal ha tilgang til gode skulebibliotek*
2. *Barn og ungdom skal ha tilgang til bibliotek, som ein stad for læring, oppleving og fantasi*

Gode skulebibliotek høyrer med i utforminga av ein skule for framtida, der kvalitet og trivsel er sentrale verdiar. Skulebiblioteka er samansett av attraktive lokale, digitale tenester, aktuelle samlingar, høgt kvalifisert personale og eit klart pedagogisk oppdrag. Både grunnskule og vidaregåande skule treng bibliotek med tilrettelagt fysisk og digitalt innhald, personale med bibliotekfagleg kompetanse, føremålstenelege og trivelege biblioteklokale og gode modellar som kan påverke utviklinga i fylket. Utdanningsbiblioteka kan vere eit viktig verkemiddel i samband med fråfallsproblematikk og inkludering av minoritetsspråklege.

³⁵ PLACE, Public Libraries – Arenas for Citizenship. Eit samarbeid mellom forskarar frå HiOA, Universitetet i Tromsø og Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, støtta av Norges Forskningsråd frå 2007-2012

Skulebiblioteka i grunnskulen manglar stort sett bibliotekfagleg personale eller personar med bibliotekfagleg utdanning tilsvarende minst ei halvårseining. I fleire kommunar, som t.d. Øygarden, har folkebiblioteket eit fagleg ansvar for biblioteka i grunnskulen. Det er ein god modell, då det ikkje er realistisk å få fagutdanna personale i alle bibliotekeiningar. Mange kommunar har bibliotek, som er kombinasjonar mellom folke- og skulebibliotek. Eit godt døme er biblioteket i kulturhuset i Etne, som både er folkebibliotek og skulebibliotek for grunnskule og vidaregåande skule. Ved å samle ressursane, får ein eit godt tilbod til fleire målgrupper. Fleire skulebibliotek i Hordaland har vore med i Program for skolebibliotek, som vart avslutta i 2013. Evalueringssrapporten³⁶ slår fast at programmet har hatt stor verdi for skulane som deltok, men at det framleis er store utfordringar når det gjeld nasjonal satsing på skulebibliotek. Spreiing av kunnskap om dei ulike modellane som er prøvd i fylket, kan fremje ei utvikling i Hordaland.

Det har vore ei markant betring av skulebiblioteka på dei vidaregåande skulane sidan *Strategisk handlingsplan for skulebiblioteka i vidaregåande skular i Hordaland* blei vedtatt av fylkestinget i 2004³⁷. I 2013 er det 24 skular som har fagutdanna bibliotekar i halv stilling eller meir. I samarbeid med Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen, skal det i planperioden arbeidast vidare med at alle elevar i vidaregåande skule i Hordaland skal ha tilgang til like gode bibliotek.

Lesing er ein grunnleggjande dugleik i Kunnskapsløftet, og arbeid med lesestimulering og leseferdigheit er sentralt for skulebiblioteka. Det bør leggast til rette for eit meir heilskapleg, systematisk arbeid med lesing i grunn- og vidaregåande skule. Elevane bør møte tiltak og ha litteratur på alle nivå, slik at dei kan bli betre lesarar og få opplevingar på det nivået dei er – og stimulerast til å ta progresjonen til neste nivå. Folkebiblioteka spelar også ei viktig rolle når det gjeld lesestimulering og formidling av litteratur til barn og ungdom. Både staten og kommunane gjennomfører jamleg lesepogram og –kampanjar. Fylkeskommunen har ei rolle i å koordinere og spreie desse tiltaka til flest mogleg.

Universitet og høgskular arbeider mykje med informasjonskompetanse; det å kunne kjenne eit informasjonsbehov og så finne, vurdere og nytte dei rette kjeldene. Dette er ein grunnleggande ferdigheit, som ein møter i heile utdanningsløpet. Fylkeskommunen kan ta initiativ til å utarbeide ein heilskapleg plan for bibliotek- og brukaropplæring frå grunnskule til universitets- og høgskulenivå, med klære læringsmål for kvart skulenivå.

32. Digitale ressursar – tilgjenge, brukarmedverknad og nyskaping

Mål:

1. *Biblioteka i Hordaland skal gje innbyggjarane lik tilgang til aktuelle og relevante digitale ressursar, utstyr og hjelpe til å nyte dei*
2. *Biblioteka skal utvikle nye tilbod i dialog med brukarane*

Mange aktørar tilbyr digitale ressursar og nettverk til kommunikasjon og informasjon i skule, arbeidsliv, fritid, leik og daglege utfordringar. Biblioteka kan spele ei viktig rolle i å utjamne skilnader og tilby profesjonell hjelpe for å gje innbyggjarane tilgang til aktuelle og relevante ressursar.

Digitale media er ein del av materialet som skal stillast til disposisjon ved eit folkebibliotek, og innbyggjarane nyttar i aukande grad tilboda om digitale media frå biblioteka. Organisering i konsortium og deling på felles nettstader og på tvers av bibliotektypar, skal sikre innbyggjarane lik tilgang til digitale oppdaterte ressursar for litteratur, kunnskap og kultur.

Utlån av e-bøker, filmar og lydbøker direkte frå biblioteknettstadene krev brukarvenlege løysingar og kontinuerleg vidareutvikling. Bruk av mobil til alle gjeremål på nettet aukar særskilt. Det krev at innhald er tilpassa, og gjev også nye opningar for tenesteutvikling i biblioteka, til dømes med bruk av app'ar til formidling og profilering, og meir service via sms.

Bibliotektilsette skal møte brukarane der dei er, og aktuelle sosiale teknologiar spelar ei viktig rolle i dialogen med brukarane og marknadsføringa av tilboda. Å nyte innspel om behov, idear og tilbakemeldingar frå brukarane, kan sikre at tilboda alltid er relevante og aktuelle.

³⁶ Utdanningsdirektoratet. Skolebibliotek – evaluering av utviklingsprogram

³⁷ Planen er vidareført i: Hordaland fylkeskommune. *Skolebibliotek for kunnskap og trivsel: Strategisk plan for bibliotek i vidaregåande skule i Hordaland 2011-2015*

Teknologiske nyvinningar gjer det mogleg å stadig utvikle nye løysingar og tenester i biblioteka. Biblioteka bør stå for kontinuerlig vidareutvikling av tilbod og nyskaping i dialog med brukarane. Fylkeskommunen kan bidra med kompetanseheving og utviklingsprosjekt i samarbeid med kommunane.

33. Lesing og formidling av litteratur

Mål:

1. *Biblioteka skal fremje lesedugleik*
2. *Biblioteka skal drive aktiv formidling og tilby samlingar med kvalitet, aktualitet og breidde*

Å kunne lese og forstå kva ein tekst seier, er ein grunnleggjande dugleik i eit demokrati. Eit lesande menneske kan sjølv danne seg ei oppfatning, kan sjølv ta stilling til ei sak. Misser vi evna til å lese, risikerer vi dei demokratisk-prinsippa. Litteratur er også kunst, og han treng ikkje vere til for noko anna enn seg sjølv. Både folke- og skulebiblioteka er naturlege og viktige arenaer for å stimulera til lesedugleik og lesegled. Mange bibliotek har program og kampanjar som skal auka lesekompentansen til ulike målgrupper, som Leseknappen i Bergen kommune og Sommarles, som fleire av kommunane tek del i. Litteraturlibbet til forskulebarn bør vere godt. Leselyst kan vekkast tidleg, og legge basis for gode leseferdigheiter i skulealder.

Biblioteka skal i tilboda til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidigkeit og aktualitet, og dei har ei viktig samfunn messig rolle i å fremme lesedugleik i befolkninga. Ei av hovudoppgåvene til folkebiblioteka, er å vere ein attraktiv arena for litteratur- og kulturformidling, og eit viktig oppdrag er å gje tilgang til eit mangfald av skjønn- og faglitteratur. Endring i lov om folkebibliotek, legg vekt på at biblioteket skal drive meir aktiv formidling. Biblioteka sitt tilbod vil i aukande grad også omfatta ulikt digitale utlån, noko som stiller nye krav til formidling og tenesteutvikling. Til grunn for all formidling, ligg gode fysiske og digitale samlingar.

Den tradisjonelle ein-til-ein-formidlinga vil stadig vere ein verdfull og viktig formidlingskanal. Side om side med dette, vil andre formidlingsformer stadig bli viktigare:

- Bibliotekaren som formidlar – gjennom vidare kompetanseoppbygging skape gode formidlarar i samvær og samtale kring kunnskap og litteratur.
- Bibliotekrommet som formidlar – skape innbydande og inspirerande bibliotekrom.
- Biblioteknettstaden som formidlar – vidareutvikle biblioteknettstaden som samlingspunkt for lesegled og leseinteresse, kunnskap og debatt.
- Arrangementet som formidlar – gjennom god arrangørkompetanse og turneverksemd skipe til t.d. bokkafear, litteraturkveldar, temakveldar og lesegrupper.
- Formidling i samarbeid med andre: Formidle god litteratur gjennom ulike aktørar i den enkelte kommune eller region, som t.d. lokalavisar, aktuelle lag og organisasjonar som sogelag, mållag og folkeakademie.

Samlinga av skjønn- og faglitteratur er eit grunnelement i biblioteket si formidlingsverksemd, og ei god og oppdatert boksamling er basis i alle bibliotek. Biblioteka samarbeider om utlån frå kvar andre sine samlingar og Nasjonalbiblioteket har ein særskild oppbevaringsfunksjon. Fokus kan dermed vere på aktualitet, formidling og inspirasjon framom oppbevaring av størst mogleg boksamling. Aktiv uttak av mindre aktuell litteratur, fører til at det som er att kjem meir i fokus, samstundes som det vert plass til aktivitetar i lokala.

Innkjøp av bøker bør bere preg av at ein er kjent med og i forkant av aktuelt litteratur, både med omsyn til fag- og skjønnlitteratur, uavhengig av kva format materialet finnast i. E-bok Hordaland er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane og biblioteka, og innkjøpet av fysiske bøker bør sjåast i lys av kva titlar biblioteka har tilgjenge til digitalt. Ei tettare koordinering av innkjøp av digitalt materiale via konsortium og avtaler om bruk av forskingsbasar og anna spesialisert faglitteratur vil gjøre det oppnåeleg for mindre bibliotek å tilby dette til sine lånarar. Ei utfordring for biblioteka vil vere å ha gode formidlingsstrategiar for digitalt materiale, slik at det vert meir synlege for brukarane.

34. Forpliktande biblioteksamarbeid

Mål: *Styrking og utvikling av forpliktande biblioteksamarbeid skal gje innbyggjarane i Hordaland eit betre bibliotektilbod*

Gjennom prosjektet *Biblioteklandskap i endring* (2011-2013), har fylkeskommunen i samarbeid med 30 kommunar i fylket, etablert forpliktande biblioteksamarbeid i fem regionar. Samarbeida er baserte på

interkommunale partnarskapsavtalar og partnarskapsavtale med fylkesbiblioteket. Samarbeidsregionane er stort sett lik regioninndelinga i Hordaland.

Målet for biblioteksamarbeida er at biblioteka skal utfylle kvarandre, og saman gje eit best mogleg tilbod i sin region. Dei samla personal- og samlingsressursane vert nyttar betre, og folkebiblioteka vert meir synlege som kultur- og kunnskapsformidlarar på tvers av kommunegrensene. Eit synleg resultat av dette er felles nettstader, som gir auka kvalitet og meir innhald for brukarane enn ein kommune kan utvikle og oppdatere på eige hand.

Fleire biblioteksamarbeid har utarbeidd felles trykt og digitalt profileringsmateriell, som nyttast i det daglege arbeidet og til felles lesekampanjar, utstillingar, turnear osb. I Nordhordland har dei felles arrangementskalender og marknadsfører seg som "Litteraturhus Nordhordland". Ved å gå vidare med regionale marknadsføringsplanar og systematisk satsing på felles profiling, kan vi styrke synleggjeringa og omdømma til biblioteka.

Fylkeskommunen må framleis bidra med initiering, koordinering og spisskompetanse inn i samarbeida. I tillegg har ein i prosjektperioden gjeve årleg støtte til prosjekteiing og kompetanseheving. Det er ønskeleg å halde fram med partnarskapsavtalane og innlemme dei to siste kommunane utanom Bergen i eit av samarbeida.

Gjennom felles nettstader har dei regionale biblioteksamarbeida gode utgangspunkt for å vidareutvikle meir aktiv digital formidling, innhaldsproduksjon og marknadsføring. Biblioteknettstaden skal formidle tilboda i både det fysiske og digitale bibliotekrommet og vere samlingsstad for kommunikasjon mellom brukarane og dei bibliotektilsette.

Alle dei offentlege fag – og folkebiblioteka i fylket må involverast for å få til betre bibliotektenester. I tillegg til bruk av nasjonalt lånekort, som dei fleste bibliotek alt brukar, og felles regionalt søk i biblioteka sine samlingar, bør ein få på plass «ein felles transportordning» av materiale (bøker og andre media) mellom biblioteka. Ved å få på plass den vil ein kunne få til betre og meir tenelege løysingar for å utnytte dei samla bibliotekressursane, og dermed vil brukarane få eit betre samla bibliotektilbod.

35. Kompetanse i biblioteka

Mål: Bibliotekpersonale skal ha den kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane.

Endra roller og nye krav, gjev behov for å fordjupe og fornye kompetanse i biblioteka. Bibliotek- og informasjonstenester er i endring på fleire plan. Kunnskapssamfunnet fører til meir spesialisering, og folk har større forventningar til kvalitet, effektivitet og service. Biblioteka endrar rolle frå å vere rom for individuell fordjupning, til å verte rom for aktivt og sosialt fellesskap. Dei bibliotektilsette går frå å vere passive formidlarar, til å verte aktive produsentar av innhald og opplevingar.

Kompetanseutvikling er ei av fylkesbiblioteka sine hovudoppgåver. For å kunne gje eit relevant tilbod, er det naudsynt til ei kvar tid å vere oppdatert på kompetansebehaldninga og kompetansebehovet i biblioteksektoren i fylket. I 2010 gjennomførte fylkesbiblioteket ei kartlegging av dette. *Strategi for kompetanseutvikling i folkebibliotek og skulebibliotek i Hordaland (2011-2015)* er politiske vedteken, og i ferd med å bli gjennomført. Dei strategiske innsatsområda i planen er formidling, marknadsføring, digital kompetanse og endringsleiing/endringskompetanse.

Biblioteka i fylket er organisert i fem biblioteksamarbeid. Aktive nettverk av kollegaer som deler eit særskilt praksisområde, kan fungerer som faglege fellesskap for kunnskapsdeling og kompetanseutvikling. Slike praksisfellesskap identifierer taus og erfaringsbasert kunnskap samstundes som dei skapar eit forum for samarbeid og deling av beste praksis. Praksisfellesskap³⁸ kan vere ein effektiv måte å identifisere og utnytte kunnskapsressursar, og innehavar eit stort læringspotensiale.

³⁸ Wenger, E. *Communities of Practice*, 1998.

5.9 Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

36. Fysisk aktivitet

Mål:

1. *Fleire barn og ungdom skal vere i minimum 60 minutt dagleg fysisk aktivitet.*
2. *Fleire vaksne skal vere i fysisk aktivitet minimum 150 minutt per veke med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet.*

Grunnlaget for god helse vert lagt tidleg i livet. Regelbunden fysisk aktivitet er avgjerande for funksjonsnivå og livskvalitet. Tre fjerdedelar av befolkninga oppgjev at dei trenar eller driv fysisk aktivitet ein eller fleire gonger i løpet av ei veke. Den største utfordinga, og som gjev størst helsegevinst, er å få dei inaktive aktive.

Hovudfokus er på befolkningsretta tiltak som når mange. Det er avgjerande at dei aktive og sunne vala er enkle å velje, og såleis redusere helsekildnaden mellom sosiale lag, etniske grupper og kjønn.

Haldningar og aktivitetsmønster vert innarbeidd i barne- og ungdomsåra. Det er ein klar samanheng mellom fysisk aktivitet som ung og helse som voksen. Helsedirektoratet tilrår minimum 60 minutt dagleg aktivitet for barn og ungdom. Av 6-åringane er 96% av gutane og 87% av jentene tilstrekkeleg aktive, av 9-åringane er 86 % av gutane og 70 % av jentene aktive nok, medan blant 15-åringane innfrir 58 % av gutane og 43 % av jentene målet³⁹. Ein ser eit stort fråfall blant ungdom frå dei frivillige organisasjonane. Fleire og yngre ungdom nyttar tilbod i kommersielle treningsentre⁴⁰. Såleis er det særleg viktig å utvikle rimelege og uforpliktande aktivitetstilbod for ungdom. Det er ei stor samfunnsutfordring at mange elevar i den vidaregåande skulen ikkje får godkjent vitnemål på grunn av manglande karakter i kroppsøving.

For å tilrettelegge for at alle barn og ungdom kan vere aktive 60 minutt kvar dag er skulen den arenaen ein når alle. Varierte og utfordrande uteområde og turløyper ved barnehagar og skular gir gode vilkår for ein aktiv kvar dag. Organiserte aktivitetar kan implementerast i skulen gjennom kroppsøving, uteskule, SFO, trivselsleikar, den aktive skulesekken og samhandling med andre fag. Allsidig aktivitet gir elevane betre motorikk, konsentrasjon, læring og sosialt fellesskap. Idretten og friluftsorganisasjonar kan vere viktige bidragsytarar i høve dette arbeidet. Høgskolen i Bergen er vertskap for Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Senteret skal støtte opp om det arbeidet som vert gjort i barnehagar og skular, og bidra til at barn og unge får auka fysisk aktivitet og eit sunt kosthald gjennom meir kunnskap og tidlegare innsats. God symjeopplæring er avgjerande for at alle kan ta del i eit trygt friluftsliv i og ved vatn. Den aktive kvardagen for barn og unge vert også stimulert gjennom trygge gang- og sykkelvegar til barnehage, skule og fritidsaktivitetar. Det er eit nasjonalt mål om at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til skulen⁴¹. I 2017 skal VM i sykling arrangerast i Bergen i samarbeid med fylkeskommunen og kommunane Øygarden, Fjell, Sund og Askøy. Fram mot arrangementet er det eit mål om å auke bruk av sykkel til rekreasjon, trening og transport.

Tre av ti vaksne oppfyller Helsedirektoratet si tilråding om å vere aktive minimum 150 minutt per veke med moderat intensitet eller 75 minutt med høg intensitet⁴². Eigenorganiserte aktivitetar dominerer. Folk med høg utdanning og høg inntekt er meir aktive enn dei med lite utdanning og låg løn. Kvinner er meir aktive enn menn. Dette endrar seg med aukande alder der aktivitetsnivået er synkande for heile gruppa, men meir for kvinner enn menn.

For å lukkast med å auka kvardags og fritidsaktivitetar er det naudsint med samarbeid mellom kommunar, fylke, stat, helseføretak, høgskule, universitet, private og frivillige aktørar. Regionale og kommunale planar bør sikre areal, infrastruktur og anlegg som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet. Lågterskelaktivitetar er avgjerande for å aktivisere fleire inaktive, fleirkulturelle, funksjonshemma, personar med psykiske lidingar og eldre. Organisert idrett og friluftsliv kan vere ein god måte å inkludere grupper med behov for særleg tilrettelegging, men dette utfordrar det tradisjonelle medlemsomgrepene. Auka kompetanse hos personar som jobbar med desse gruppene er viktig. «Energisenter for barn og unge» på Haukeland Universitetssjukehus skal frå 2016 vere eit kompetansesenter for fysisk aktivitet blant barn og ungdom med særskilte behov i heile Hordaland. Målet med senteret er å betre livskvalitet og livsutsikter mellom anna gjennom fysisk aktivitet til barn og ungdom med kronisk sjukdom eller funksjonshemmning. Frisklivssentralar er etablert i fleire kommunar i Hordaland og er eit strukturert henvisnings- og oppfølgingssystem for personar med behov for å endre helseatferd, primært fysisk aktivitet, kosthald og røykeslutt. I høve det å aktivisere og involvere fleire

³⁹ Helsedirektoratet 2014 - Kunnskapsgrunnlag fysisk aktivitet.

⁴⁰ Meld.St.26 (2011-2012) Den norske idrettsmodellen

⁴¹ Nasjonal transportplan (2014-2023)

⁴² Helsedirektoratet 2014 - Fysisk aktivitetsnivå blant voksne og eldre i Norge

fleirkulturelle er det naudsynt med god samhandling mellom interesseorganisasjonar, kommunar og frivillige organisasjonar.

37. Idrett

Mål:

1. *Barn, ungdom og personar med særskilde behov skal få eit variert aktivitetstilbod i idretten.*
2. *Unge, lovande idrettsutøvarar og toppidrettsutøvarar skal få utvikle seg i lokalmiljøa/regionen.*

Idrett spelar ei viktig rolle og er sterkt forankra i lokalsamfunna. Idrettslaget skapar sosiale fellesskap, trygge oppvekstmiljø og levande lokalsamfunn. Hordaland idrettskrets har 208 476 medlemsskap i over 1100 idrettslag. Årleg gjennomfører medlemmene 2600 årsverk i frivillig arbeid, med samla verdi på om lag kr 1.1 mrd. kr. Nesten ein av tre nordmenn gjer gratisarbeid for idretten, og 35-44-åringar med barn er dei mest aktive.⁴³ Den frivillige innsatsen på idrettsområde er veldig stabil, men det er likevel ei utfordring å rekruttere nye leiarar.

Visionen for Norges idrettsforbund er «Idrettsglede for alle». Målet er å skape opne, inkluderande og varige aktivitetstilbod i idrettslaget, med særleg fokus på barn og ungdom. Funksjonshemma skal også ha eit tilpassa aktivitetstilbod. Idrettsforbundet er den største ungdomsorganisasjonen i Norge, men dei har ei utfordring med stort fråfall i denne aldersgruppa. Aktivitetstilboden bør femne om dei som vil trenere ein gong i veka og dei som vil konkurrere på høgt nivå. Tilbod om nye idrettar bør vurderast der forholda ligg til rette for det. Gjerne i samarbeid mellom fleire idrettslag og kommunar. Idrettslag tek på seg eit utvida samfunnsansvar gjennom å tilby aktivitetar til fleire enn eigne medlemmar. Gjennom samarbeid med kommunar (t.d. skule/SFO, frisklivsentralar, treningskontaktar og institusjonar) kan inaktive, fleirkulturelle og personar innan psykisk helsevern få ein meir aktiv kvardag og vere ein del av eit idrettsmiljø. Det har ein meirverdi at aktiviteten føregår i idrettslag med sosiale fellesskap og demokratisk organisering. Det å aktivisere nye grupper, som ikkje nødvendigvis er motivert til aktivitet, krev kompetanse og kapasitet, som den frivillige idretten kanskje ikkje har.

Kontinuerleg trenar- og leiarutvikling i idrettslaget er avgjerande for å kunne vere denne samfunnsaktøren. Idrettens hus er eit viktig service- og kompetansesenter for å støtte dei frivillige i deira arbeid. Olympiatoppen Vest-Norge (OLTV) er det regionale organet for toppidretten i Hordaland. Dei driv med kompetanseutvikling retta mot unge lovande utøvarar, toppidrettsutøvarar og trenarar. Unge lovande utøvarar, kan kombinere satsing i idretten med vidaregåande skule på toppidrettslinene på Voss og i Bergen, idrettsliner og særlege undervisningsopplegg ved ulike vidaregåande skular i fylket. OLTV medverkar til kompetanseheving i desse tilboda. Fokus på utvikling av trenarar og leiarar i vidaregåande skule, vil gje nyttig tilleggskompetanse og rekruttering av tillitsvalte til idretten. Eit tett samarbeid med Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen, kommunen og fylkeskommunen er sentralt for å utvikle relevant FoU-arbeid, studietilbod/kurs, testing m.m. Samlokalisering av fleire av desse aktørane på Minde gir høve til styrking av kompetansemiljøa og vidareutvikling av området i samarbeid med Sportsklubben Brann.

Alle kommunar med meir enn tre idrettslag skal ha idrettsråd, som skal målbere idretten sine ønske og behov lokalt. Idretten er ein viktig høynings- og samarbeidspart på lokalt og regionalt nivå i høve planarbeid og utvikling av aktivitet og anlegg.

Store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet. Sykkel VM 2017 i Bergen vil bidra til utvikling av sykkelsporten i heile fylket og gi frivillige frå mange idrettar nyttig arrangementskompetanse og inspirasjon til vidare engasjement. Idrettsutøvarar i mange idrettar markerer seg med gode prestasjoner både nasjonalt og internasjonalt, og set Hordaland på kartet. Stipend til unge lovande utøvarar og trenarar, og markering av OL og VM medaljørar (senior) er med å stimulere og inspirere til vidareutvikling i sin idrett.

Verdiarbeid er ein kontinuerleg prosess som idretten har stort fokus på. Organisasjonen arbeider aktivt for å skape eit breitt og variert tilbod til barn og ungdom, motarbeide topping av lag i barneidretten, trakassering, juks og ekskludering. Utfordringar knytt til doping har fått ekstra fokus gjennom eit samarbeid med fylkeskommunen knytt mot dei vidaregåande skulane i fylket.

⁴³ Wollebæk og Sivesind. *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997–2009*

38. Friuftsliv

Mål:

1. Fleire skal delta i friuftsliv på jann og varig basis, med særleg fokus på barn og ungdom
2. Sikre og legge til rette fleire og betre anlegg for friuftsliv. Alle tettstader og byar skal ha maksimalt 500 meter til nærmeste turløype

Friuftsliv er ei viktig kjelde til glede, allsidige naturopplevingar, rekreasjon og mestring. Fysisk aktivitet i friuft kan alle drive med eit minimum av tilrettelegging og personleg utstyr, og det kan tilpassast dei aller fleste ferdighetsnivå. Omgrepet friuftsliv vert nytta i ein vid samanheng, med stort mangfald av aktivitetar i eit breitt spekter av område. Tilrettelegging for aktivitetsskapande byrom, parkar og grøntområde, er eit nytt fokusområde for at fleire skal kunne delta i friuftslivet. Kort avstand til turløyper og friuftsområde, og skilting frå bustadar er viktig for å auke bruken hjå dei lite aktive. Staten har mål om at alle byar og tettstader skal ha maksimalt 500 meter frå bustad til nærmeste turveg.⁴⁴ Trygge, attraktive og samanhengande gang- og sykkelvegar frå bustad til skule og arbeid aukar kvardagsaktivitetene.

Ni av ti nordmenn går på tur eller driv med andre former for friuftsliv ein eller fleire gonger i året. Det er ein liten nedgang i deltaking i ungdomsgruppa. Omtrent to tredjedelar, inkludert dei lite aktive, oppgjer turar i natur og nærmiljø som det dei føretrekker å gjere meir av dersom dei skulle bli meir aktive.⁴⁵ Grunnlaget for gode friuftsvanar vert skapt i ung alder. Gjennom aktiv deltaking i friuftsliv, kan ein få eit engasjement for å ta vare på natur og miljø og ei forståing for felles natur- og kulturverdiar. I barnehage og skule vil friuftsliv kunne fremje god trivsel og godt læringsmiljø i undervisninga. Med nærmiljøet som læringsarenaer, kan ein hauste kunnskap og ferdigheiter i friuftsliv. Ved å involvere ungdom, kan friuftsanlegg for eit variert og attraktivt aktivitetstilbod utviklast. Nærturar i kvarldagen stimulerer til utøving av friuftsliv i skogen, i fjellområde og ved kysten. Personar med nedsett funksjonsevne, inaktive og personar med minoritetsbakgrunn er andre prioriterte målgrupper. Tilrettelegging for friuftsliv i form av turvegar, friuftsområder, merking og gradering av turløyper (nasjonal standar), overnattning, kart og informasjon er avgjerande for å senke terskelen for deltaking. Barn i skulealder har ein gjennomsnittleg aksjonsradius på kring 200-300 meter og er avhengig av at tilbod finst i nærmiljøet. Areal for fysisk aktivitet for ungdom kan ligge lengre frå bustad, men føreset at anlegga gir varierte og attraktive utfordringar.

Allemandsretten og friuftslova er grunnleggande føresetnader for friuftslivet. Det viktig å unngå dispensasjonspraksis som kan øydelegge viktige innfallsportar til friuftsareal og ferdsel i strandsona. Allemandsretten er ein rett for alle til å ferdast fritt i naturen på land og til sjøs. Hordaland har unike vilkår for flotte naturopplevingar og landskapsverdiar med fjell, brear, fjordar, skjergard, sjø og vassdrag. Det er ei stor utfordring å ta vare på desse kvalitetane, og å sikre område som skal vere allment tilgjengelege. All tilrettelegging for friuftslivsaktivitet, skal vere naturvenleg og ta omsyn til miljø og biologisk mangfold. Hordaland er landets største småbåtfylke, og fisking i sjø og fjellvatn er ein aktivitet som engasjerer mange. Byfjella i Bergen bør sikrast som natur- og friuftsområde, for å gje varierte naturopplevingar og for å hindre aktivitetar som kan øydelegge for eit aktiv og nært friuftsliv.

Regionalt samarbeid om friuftsliv er viktig for å ivareta heilskapen i felles friuftsverdiar. I 2008 vart regionale friuftslivsområde i Hordaland kartlagt og verdsett⁴⁶. Desse områda vert sett i samanheng med andre verdiar knytt til landskapet i «Regional plan for landskap, grønstruktur og friuftsområde i Hordaland» med oppstart i 2015. Eit samla oversyn vil vere stort føremón i arbeidet med å søke statlege midlar til sikring og tilrettelegging av friuftsområde. Nokre kommunar har kartlagt og verdisett friuftsområder, og frå 2018 vurderer staten å innføre dette som eit krav for å kunne søke statleg medverknad til sikring. Det vert også stilt krav om forvaltningsplanar knytt til eigna allmenn bruk og tilretteleggingsbehov. Kartlegginga vil gje eit betre kunnskapsgrunnlag for avgjerder som er knytt til friuftsverdiar i kommunane si samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova. I dag er det 365 sikra eigendommar på 186 områder i Hordaland. 76% av desse områda ligg utanfor tettstader. 79% av befolkninga i Hordaland bur i og ved byar og tettstader⁴⁷. Sikring og tilrettelegging av friuftsområder i byar og tettstader vil såleis bli prioritert for å nå dei delane av befolkninga som er lite fysisk aktive og i liten grad deltek i friuftsliv. Eit nettverk av grøne ganglinar gjer det meir attraktivt å bevege seg til fots eller på sykkel. Det «blå» elementet med ope vatn kan vere ein viktig del av grønstrukturen. Mange byar og tettstadar i Hordaland har ei historisk grunna lokalisering ved sjøen, og det å utvikle blå-grønne kvalitetar som t.d. strandline eller strandpromenade gir stor effekt. Bebygd, strategisk plasserte eigendommar

⁴⁴ Miljøverndepartementet (2013) «Nasjonal strategi for et aktivt friuftsliv 2014-2020»

⁴⁵ Rekreasjonsareal og nærturterreg, 2011. Statistisk sentralbyrå.

⁴⁶ Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland 2008

⁴⁷ Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friuftsområder, Miljøverndepartementet 2104-2020

kan statleg sikrast for å skape tilgjenge for allmenta. Allemannsretten i strandsona kan styrkast ved kartlegging og oppfølging av tiltak som hindrar allmenn ferdsel.

Alle sikra friluftsområder og startpunkt for turvegar bør oppgraderast med nødvendig tilrettelegging t.d. parkering og universell utforming, for å auke bruken og redusere silitasjen på områda og ivareta natur- og kulturminneverdiar. I dette arbeidet har dei interkommunale friluftsråda ei pådrivande og koordinerande rolle. Bergen og Omland Friluftsråd og Friluftsrådet Vest representerer til saman 23 kommunar i fylket. Gjennom deira arbeid får om lag 470 000 innbyggjarar i Hordaland tilrettelagt for friluftslivsopplevingar året rundt. Alle kommunar som ønskjer det bør kunne vere med i eit interkommunalt friluftsråd. Forvaltinga av kystfriluftsområda i Hordaland og Rogaland vert utvikla gjennom Vestkystparken.

Bergen og Hordaland Turlag er Vestlandet sin største friluftslivsorganisasjon med meir enn 25 000 medlemmer og 12 lokallag. Dei arbeider for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv og for sikring av friluftslivet sitt natur- og kulturgrunnlag. Visjonen er naturopplevingar for livet. Turlaget tilbyr ulike aktivitetar for alle aldersgrupper gjennom heile året. Mange av aktivitetane er opne for dei som ikkje er medlemmer, t.d. 3-fjellsturen for alle 8.-klassingar. DNT-ung Bergen har allsidige tilbod for ungdom, men utfordringa er å inkludere enno fleire i friluftsaktivitetar. Kontinuerleg kompetansebygging for eigne tillitsvalde og andre aktørar er avgjerande for å kunne inkludere fleire i eit aktivt friluftsliv. Bergen og Hordaland Turlag forvaltar eit omfattande nettverk av turstiar og har driftsansvar for mange opne hytter i og utanfor fylket. Om lag 56 000 dugnadstimar vert nytta for å gjennomføre desse aktivitetane.

Det er mange andre friluftsorganisasjonar som også gir eit breitt og variert tilbod. M.a. Hordaland jeger og fiskeforbund, Hordaland Røde Kors og speidarorganisasjonar. Gjennom samarbeid med kommunar kan friluftsorganisasjonane tilby aktivitetar til fleire enn sine eigne medlemmer. Inaktive, fleirkulturelle og personar innan psykisk helsevern kan få ein meir aktiv kvardag og vere ein del av eit aktivt friluftsliv. Friluftslivets år 2015 gir ein moglegheit til å sette fokus på all den positive aktiviteten som finnast rundt om i fylket. Målet er at Friluftslivets år skal gi varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga og vere med på å gi friluftslivet auka merksemd. Prioritert målgruppe er barn, unge og barnefamiliar.

Friluftslivets hus gjev nyttig informasjon om friluftsliv til det offentlege, næringsliv, medlemmar av ulike lag, privatpersonar og turistar. Det kan vidareutviklast som regionalt informasjons- og kompetansesenter for miljø-, natur- og friluftsliv, m.a. som møtestad for fleire interesseorganisasjonar innanfor fagfelta. Forum for natur og friluftsliv (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonar i Hordaland. Formålet er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteressene i aktuelle saker i fylket.

Friluftsorganisasjonane må delta aktivt for at areal for friluftsliv vert planforankra og at friluftsanlegg kjem med i dei kommunale planane for idrett og friluftsliv. Friluftsorganisasjonar bør vere ein formell høyrikspart på lik linje med idretten både lokalt og regionalt.

39. Anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Mål:

1. *Anlegg for fysisk aktivitet og friluftsliv skal vere tilgjengelege for folk i deira nærmiljø*
2. *Anlegg for idrett bør vere knytt til skular og idrettsparkar*
3. *Utvikle anlegg som tilfredsstiller særidrettslege toppidrettsbehov der det kan arrangerast nasjonale og internasjonale meisterskap*

Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen «aktiv kvar dag» for folk i Hordaland. Prioriterte målgrupper er barn (6-12 år) og ungdom (13-19 år). For barn er det viktig med anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller deira behov for fysisk aktivitet i organiserte og eigenorganiserte former. For ungdom treng ein anlegg som gir utfordringar og variasjon, og som legg til rette for nyare og meir eigenorganiserte aktivitetar. Særleg fokus bør ein ha på tilrettelegging av anlegg for å auke jenter si deltaking. Ungdom må få høve til å medverke i utforminga av anlegg. Personar med nedsett funksjonsevne og inaktive skal kunne delta i idrett og fysisk aktivitet ut frå sine ønske og føresetnader. Bruken av offentlege idrettsanlegg bør vere gratis for barn og ungdom. Anlegga bør fungere som gode sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Anlegg med stort brukspotensial og som stimulerer til eit mangfold i aktivitetstilbod skal prioriterast. T.d. open hall gjev eit tilbod om eigenorganisert aktivitet på tvers av alder, kjønn, idrett og sosial bakgrunn. Ei god anleggsutvikling tek omsyn til demografi, aktivitetsprofil i befolkninga og anleggsstatus. Gjennom ei heilsakleg anleggsutvikling, kan ein innby til aktivitetar med låg terskel, allsidig friluftsliv, nye idrettar og tradisjonell konkurranseidrett og toppidrett.

Det er dei lokale behova som i utgangspunktet avgjer kva for anlegg som skal byggjast. Kommunar, i samhandling med idrettsråd, friluftsråd og turlag, må prioritere anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ut i frå målet om ein "aktiv kvar dag". Prioriteringane skal forankrast i kommunale planar som gjev fylkeskommunen og Kulturdepartementet eit reelt oversyn over anleggsbehova. Hordaland ønsker å vere eit føregangsfylke innan universell utforming ved å skape eit samfunn med plass til alle i alle livsfasrar. Universell utforming av anlegg og område for fysisk aktivitet skal sikrast gjennom brukarmedverknad. Av omsyn til miljø og drift, bør anlegg samlokalisera.

Når det vert bygd vidaregåande skular er det viktig å tilrettelegge for ein aktiv skulekvardag, både med idrettshall og attraktive uteområder. For at flest mogleg barn og ungdom skal kunne vere aktive og bør det vere gratis bruk av fylkeskommunale idrettsanlegg og gymsalar på kveldstid og i helger.

Fram til 2013 er det 4340⁴⁸ eksisterande anleggseininger i Hordaland som har fått tildelt spelemedilar. Fylkeskommunen fordeler spelemedilar til anlegg til idrett og fysisk aktivitet/friluftsliv. Søknadsmengda om tilskot viser at det er store lokale behov og investeringsvilje for å utvikle fleire anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Hordaland er blant dei fylka som har lengst ventetid på tildeling til ordinære idrettsanlegg, med gjennomsnittleg 4,5 år ventetid. Hordaland har dei seinaste åra hatt ei auke i tilskotet frå dei statlege spelemidlane, men det vil likevel bli arbeidd for å redusere ventetida på tildeling av spelemedilar.

Naturen er den viktigaste arenaen for fysisk aktivitet. Tilrettelegging for friluftsliv i form av friluftsområder, turvegar, turstiar, merking og gradering, turkart og informasjon er avgjerande for å senke terskelen for å vere aktiv. Fleire idrettslag søker om spelemedilar til turvegar og stiar i tilknyting til ordinære idrettsanlegg. Det er eit nasjonalt mål at alle som bur i by eller tettbygd strøk bør ha maksimum 500 meter til ei turløype. For å auke bruken av eksisterande løyper bør desse lyssetjast. Friluftslivsanlegg skal prioriterast ved tildeling av spelemedilar. I Hordaland er det få kombinasjonsanlegg som ein m.a. kan bruke til trygg aktivitet på rulleski og sykkel.

Nærmiljøanlegg er viktige i høve til å utvikle gode sosiale møteplassar. På basis av behovsanalyse bør det vurderast å utvikle nærmiljøanlegg som legg til rette for fleir bruk, t.d. skatepark, turløype, hinderløype og utandørs treningsapparat. Ballbingen er utvikla som ein arena der barn og ungdom skal kunne drive med allsidig eigenorganisert aktivitet. Erfaring viser at fotball er den dominerande aktiviteten, og det er flest gutter som er brukarar. I 2013 var det 258 ballbingar i Hordaland. God drift og vedlikehald er avgjerande for at ballbingen skal tolde stor og variert bruk. Ballbingar knytt til skular og anleggsparkar vil verta prioritert i planperioden.

Idrettshallar gir varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitet. Tradisjonelle hallidrettar som handball, volleyball, basketball og turn opptek mykje av brukstida. I 2013 er det 96 fleirbruksenheter i fylket, 46 av desse ligg i Bergen. Åtte kommunar i Hordaland har ikkje idrettshall; Fusa, Samnanger, Ulvik, Granvin, Masfjorden, Ullensvang, Øygarden og Jondal. Særskilt i Bergen og omlandskommunane er kapasiteten i hallane sprengt. Noko av dette kan rettast opp ved utvida og meir fleksible opningstider. Toppidrettsutøvarar har behov for tilgang på anlegg når dei er stengde for allmenn bruk t.d. tidleg om morgonen og på fridagar. I planperioden vil Bergen kommune, andre presskommunar og kommunar som ikkje har idrettshall verte prioriterte for tilskot frå spelemidlane. Det er føremålstenleg at det vert bygd idrettshallar med aktivitetsflate på 25m x 45m då denne storleiken gjev størst moglegheit for variert aktivitet. For å sikre ei god ressursutnytting, bør nye idrettshallar plasserast sentralt, og vere knytt til skular. Basishall er ein arena der fleire idrettar kan drive grunntraining, og bør byggast i tilknyting til idrettshallar. Kampidrettar har trong for særleg tilrettelagte lokale. Det er behov for ein byarena for innandørsidrettar. Bergen kommune vil i planperioden arbeide for å lokalisere tomt til formålet og gjennomføre nødvendige reguleringsmessige tiltak, samt vurdere erverv av areal.

Det er store kostnader knytt til bygging, drift og vedlikehald av symjebasseng. I 2013 var det 103 bad- og symjeanlegg i Hordaland. I løpet av planperioden er det planlagt nye symjeanlegg m.a. på Voss, i Kvam, Meland, Sveio, Børnmo og Masfjorden. Rehabilitering av eksisterande symjeanlegg vert prioritert. Der rehabilitering er særskilt kostnadskrevjande eller ikkje funksjonelt i høve til behov, bør ein bygge nytt anlegg. Behov for bad- og symjeanlegg må særskilt vurderast ut frå kravet om å gje alle elevar i grunnskulen elementær symjeopplæring/ livbergingskunnskap. Eksisterande anlegg skal haldast opne minimum 9 månadar i året.

⁴⁸ Anleggsregisteret til Kulturdepartementet, idrettsanlegg.no

Det er to ishallar i Hordaland, Bergenshallen og Iskanten (med curlinghall). Utandørs isbaner finst i Bergen og på Stord. Det er ønskeleg å vidareutvikle Slåtthaug Idrettspark i Bergen, slik at det vert eit endå meir attraktivt og tilrettelagt aktivitetsanlegg for folk i heile Bergensregionen.

Den største auken i tal på søknader om spelemidlar i Hordaland har dei siste åra vore til kunstgrasbaner. Med ei omlegging frå naturgras til kunstgras, vil brukstida på fotballanlegget auke både for organisert og eigenorganisert aktivitet. I 2013 er det 157 aktivitetsflater med kunstgras i Hordaland. Det er 4 kommunar som ikkje har kunstgrasbane. Utfordringa med anlegg med kunstgrasdekke er god drift og vedlikehald. Dette er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar til rehabilitering etter minimum 10 år. I planperioden vil det verte eit stort behov for rehabilitering av kunstgrasbaner.

Golfanlegg er arealkrevjande. Eigna areal for golf er ofte attraktivt for landbruk og friluftsliv. I tillegg kan aktuelle areal innehalde verneverdige element som mellom anna kulturminne og biologisk mangfald. I 2013 er det 3 18-hols golfbaner i Hordaland: i Meland, på Sveio og i Bergen. Det vert ikkje prioritert å gje tilskot frå spelemidlane til nye 18-hols baner i planperioden, men det vert vurdert å gje tilskot til delanlegg knytt til anleggsparkar.

Eikås motorsenter er Hordaland sitt største motorsportsenter, der store meisterskap som NM kan arrangerast. På Bømlo og Stord er det regionale anlegg som kan vere vertskap for nasjonale stemner. Utvikling av lokale/interkommunale motorsportsanlegg vil vere positivt for å kunne gje eit breiast mogleg aktivitetstilbod til ungdom.

Det er 21 friidrettsanlegg med kunststoffdekke i Hordaland, anten små delanlegg eller fullverdige 400-meters baner. Det er ikkje behov for fleire nye fullverdige friidrettsanlegg i planperioden, men det vert gitt spelemidlar til vidareutvikling av eksisterande anlegg, rehabilitering og delanlegg friidrett knytt til anleggsparkar. Friplassen er eit nytt anlegg som kan nyttast til allsidig aktivitet som t.d. friidrett, turn, innebandy og klatring.

Hordaland har gode anlegg både for langrenn, alpint, hopp og fristiløvingar. Voss kommune har vore vertskap for fleire nasjonale og internasjonale meisterskap dei seinare åra, og har utvikla fylket sine største anlegg innanfor skisport i Myrkdalen, i Bavallen og på Skutle-/Herresåsen. Kvamskogen er eit viktig utfartsområde for innbyggjarar frå fleire kommunar.

Toppidretten har sterke særidrettslege krav til anleggsbygging og -utvikling. For at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikle seg vidare i fylket, og at Hordaland skal kunne vere vertskap for større nasjonale og internasjonale senior meisterskap, må det byggast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi.

For å sikre at prioritering av spelemidlar til kommunane vert gjort på best mogleg grunnlag, må kommunane ha planar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Drift og vedlikehald av anlegga skal vere ein del av denne planen. Det er ulike modellar for drift og vedlikehald av idretts- og friluftslivsanlegg i kommunane i Hordaland. Ein realistisk langsiktig driftsplan er påkrevd for at anlegget skal tilfredsstille funksjonskrav i minimum 10 år, og for at ein kan søke spelemidlar til rehabilitering av anlegget.

Interkommunalt samarbeid om anleggsutvikling gir 30% ekstra tilskot frå spelemidlane. I Hordaland er det i 2014 ingen slike anlegg. Sunnhordaland har i fleire år hatt ein felles plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg, der dei prioriterer større anlegg i regionen. Dette er eit nytig arbeidsverktøy for samarbeidskommunane og for fylkeskommunen si prioritering av tildeling av fylkeskommunalt investeringstilskot. I løpet av planperioden er det føremålstenleg at alle regionane i fylket har eit slikt samarbeid.

Frå 2014 får fylkeskommunen tildelt ein samla sum spelemidlar, og skal prioritere tildeling til ordinære idrettsanlegg og til nærmiljøanlegg. Kommunar med høg godkjend søknadssum vert prioritert, og vekta saman med folketal. For å utjamne ventetida på spelemidlar mellom kommunane, må godkjende søknadar til ordinære anlegg rekne med ventetid før første tildeling. Alle kommunar som søker får tildelt midlar til minimum eitt nærmiljøanlegg, og om lag 50% av nærmiljøsøknadane skal få tildeling.

Bergen har låg dekning av anlegg for idrett og fysisk aktivitet/friluftsliv rekna etter innbyggjartal. Kommunen har mange spesialanlegg som også vert nytta av omliggande kommunar. I tillegg er Bergen ein av dei største studentbyane i Noreg. Ulike bydelar har ulikt resultat i levekårsundersøkinga og tal på innbyggjarar, som krev ei differensiert anleggsutbygging ut frå ulike behov. I planperioden skal om lag 40 % av spelemidlane kvart år gå til bygging og rehabilitering av ordinære anlegg i Bergen kommune, om deira godkjende søknadsmasse tilseier det.

Kunnskap og kompetanse er viktig for å kunne planlegge, bygge og drifta anlegg tilpassa trendar og behov til innbyggjarane. Gjennom konferansar, samlingar og synfaringar vert det delt erfaringar og skapt nettverk som gir eit godt grunnlag for vidare samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor for å tilrettelegge for ein aktiv kvardag i Hordaland.

6. PLANPROSESSEN

Planprogram for Regional kulturplan 2015-2025 vart vedteke av Fylkesutvalet i 22. november 2012, etter å ha vore på høyring i tidsrommet 8.juni 2012 til 20.september 2012. Det kom inn 33 høyringsinnspel.

Høyringsutkast til Regional kulturplan 2015-2025 vart vedteke av fylkesutvalet 19. juni 2014, og sendt ut på høyring med høyringsfrist 26. september 2014. Endeleg plan skal vedtakast av fylkestinget 9.-10. desember 2014.

Saksordførar

Nils Marton Aadland (H) har vore saksordførar, og følgje planarbeidet, delteke i plankomiteen etter behov og orienterert om planarbeidet i ulike politiske organ og offentlege samanhengar.

Kultur- og ressursutvalet (KURE) – styringsgruppe

Kultur- og ressursutvalet har vore styringsgruppe for planarbeidet, og har hatt til oppgåve å

- gje innstilling til fylkesutvalet om planprogram, planforslag og planvedtak.
- følgja planarbeidet gjennom meldingar, orienteringar og deltaking i innspelsmøte.
- gje politiske styringssignal og mandat til arbeidsgruppa.
- føreslå mindre endringar i framdrift og planprogram etter behov.

Plankomit  med sekretariat

Plankomiteen har vore samansett av: Fylkesdirekt r kultur og idrett Anna Elisa Tryti (leiar), fylkesbiblioteksjef Ruth Ørnholts, fylkesarkivar Anne Aune, fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld, fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd, utviklingssjef/seksjonsleiar for seksjon for kunst og kulturformidling Ronny Skaar. Knut Markus var sekret r for planarbeidet i perioden fr v November 2012 til mars 2014. Ved kultur- og idrettavdelinga har det i vore sett ned eit sekretariat. Heile kultur- og idrettsavdelinga har vore aktive i utarbeidninga av planen og s rleg ved registrering og bearbeidning av høyringsinnspel.

Faggrupper

Fem faggrupper, med brei representasjon fr v heile kulturfeltet har:

- utgreidd fagomr det og gjeve tilråding til plankomiteen.
- kome med faglege innspel til planen.
- bidrege til   konkretisera m l, visjon, prioriteringar, tiltak p  fagomr da, handlingsprogram.

Arbeidet i faggruppene har i hovudsak g tt f re seg p  tre temasamlingar i Bergen. Faggruppemedlemer har ogs  kome med innspel mellom samlingane.

Referansegruppe

Ei breitt samansett referansegruppe p  77 personar har gjeve r d til planarbeidet. Referansegruppa har hatt ei eiga ungdomsavdeling med 12 personar.

Referansegruppa har:

- Kome med innspel gjennom ei sp rjeunders king i november 2013.
- Vorte orientert om planarbeidet og kome med innspel p  eige initiativ.

Regionale innspelsm te

Kultur- og ressursutvalet har gjennomf rt fem regionale innspelsm te der kommunar og representantar for kultursektoren elles har delteke. M ta vart haldne i Lind s, Fjell, Kvam, Stord og Bergen. Gjennom desse fem samlingane har alle dei 33 kommunane og kulturlivet i Hordaland vore inviterte. Ei stor mengd innspel kom inn p  og i etterkant av m ta.

I tillegg har det gjennom heile planprosessen vore gjennomf rt m te med kommunar, institusjonar, statlege organ, bransjenettverk, lag, organisasjonar og private akt rar.

9. REFERANSAR

Fleire av kjeldene finst i fulltekst på internett.

Arkivlova med forskrift. *Lov om arkiv av 4. desember 1992 nr 126.*

Arnestad, Georg. Offentlege kulturutgifter på Vestlandet under Kulturløftet 2005-2012. Mai 2013 (upublisert). Bergen kommune – Bergen Byarkiv, «Det som har vært – og det som kan bli. Arkivutfordringar for Bergen kommune», 2008 - 2017

Folkebibliotekerne i vidensamfunnet: Rapport fra Udvælget om folkebibliotekerne i vidensamfunnet. Styrelsen for bibliotek og medier: København, 2010.

Folkebiblioteklova. *Lov om folkebibliotek av 20. desember 1985 nr. 108.*

Folkehelselova. *Lov om folkehelsearbeid av 24. juni 2011 nr. 29.*

Friluftslova. *Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr 16.*

Helse- og omsorgsdepartementet. «Folkehelsemeldingen : God helse – felles ansvar.» St.meld. nr 34 (2012-2013). Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet, 2013.

Helse- og omsorgsdepartementet. «Frivillighet for alle.» St.meld. nr 39 (2006-2007). Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet, 2007.

Helse- og omsorgsdepartementet. «Nasjonal helse- og omsorgsplan : 2011-2015.» St.meld. nr 16 (2010-2011). Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet, 2011.

Helse- og omsorgsdepartementet. «Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller.» St.meld. nr 20 (2006-2007). Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet, 2007.

Helse- og omsorgsdepartementet. Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted – til rett tid. St.meld. nr 47 (2008-2009). Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet, 2009.

Helsedepartementet. «Resept for et sunnere Norge.» St.meld. nr 16 (2002-2003). Oslo: Helsedepartementet, 2003.

Helsedirektoratet. «Anbefalinger fysisk aktivitet og stillesitting». Henta 19.05.2014.

<http://www.helsedirektoratet.no/folkehelse/fysisk-aktivitet/anbefalinger/Sider/default.aspx>

Hordaland fylkeskommune. *Bibliotek med dugleik for framtida. Strategi for kompetanseutvikling i folkebibliotek og skulebibliotek i Hordaland 2011-2015.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2011.

Hordaland fylkeskommune. *Deltaking for alle – universell utforming. Fylkesdelplan 2006-2009.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2006.

Hordaland fylkeskommune. *Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2007

Hordaland fylkeskommune. *Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012. Aktiv kvar dag.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2008.

Hordaland fylkeskommune. *Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 1999.

Hordaland fylkeskommune. *Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2002 (revisjon av plan er i gang).

Hordaland fylkeskommune. *Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 (forlenga inntil vidare).* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2005.

Hordaland fylkeskommune. *Klimaplan for Hordaland 2010-2020.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2010.

Hordaland fylkeskommune. *Kulturminneplan i kommunane 2013-2016.* Saksframlegg. Henta 19.05.2014.
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling>ShowUtvalgBehandlingDocument/293/SaksFremlegg>

Hordaland fylkeskommune. *Musea i samfunnet. Regional plan for museum 2011-2015.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2011.

Hordaland fylkeskommune. *Kartlegging og verdisetting av regionalt viktige område i Hordaland 2008.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2008.

Hordaland fylkeskommune. *Oversikt over offentleg støtte til kulturformål i Hordaland.* Aud-rapport nr 8-13, versjon 2. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2013.

Hordaland fylkeskommune. *Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel (under arbeid, revisjon av fylkesdelplan).*

Hordaland fylkeskommune. *Reiselivsstrategi for Hordaland 2009-2015.* Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2009.

Hordaland fylkeskommune. *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (Under arbeid)*

- Hordaland fylkeskommune. *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2013.
- Hordaland fylkeskommune. *Regional plan for folkehelse. Fleire gode leveår for alle 2014-2025*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2014.
- Hordaland fylkeskommune. *Skulebibliotek for kunnskap og trivsel. Strategisk plan for bibliotek i vidaregåande skular i Hordaland 2011-2015*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2010.
- Hordaland fylkeskommune. *Spørjeundersøking om sentrumsområde: Befolkningsundersøking i Hordaland 2013*. AUD-rapport nr 1-13. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2013.
- Hordaland fylkeskommune. *Den store kultur- og idrettsundersøkinga 2013 : kunnskapsgrunnlag for regional kulturplan 2014-2024*. Aud rapport 10-13. Bergen: Hordaland fylkeskommune, 2013.
- Idrettsanlegg.no, anleggsregisteret til Kulturdepartementet. Henta 19.05.2014. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/Kampanjer/idrettsanlegg/Startsiden.html?id=487437>
- Ifla og Unescos flerkulturelle bibliotekmanifest. Henta 19.05.2014. <http://norskbibliotekforening.no/2011/11/ifla-og-unescos-flerkulturelle-bibliotekmanifest/>
- Kleppe, Bård. *Norsk kulturindeks*. Bø: Telemarksforsking, 2011. Tala er frå ein underindeks laga for Hordaland fylkeskommune.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. *Digital agenda for Norge. IKT for vekst og verdiskaping*. Meld. St. 23 (2012–2013), Kommunal- og moderniseringsdepartementet
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. «Den europeiske landskapskonvensjonen. CETS no 176. Henta 19.05.2014. <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kmd/tema/plan--og-bygningsloven/plan/landskapskonvensjonen.html?id=410080>
- KS «eKommune 2012 - lokal digital agenda», 2008
- Kultur- og kyrkjedepartementet. «Bibliotek : kunnskapsallmenning, møtestad og kulturarena i ei digital tid.» St.meld. nr 23 (2008-2009) Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet, 2009.
- Kultur- og kyrkjedepartementet. «arkitektur.nå : norsk arkitekturpolitikk» (V-0949). Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet, 2009.
- Kultur- og kyrkjedepartementet. «Framtidas museum.» St.meld. nr 49 (2008-2009). Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet, 2009.
- Kultur- og kirkedepartementet. *Veiviseren. For det norske filmløftet*. St.meld. nr. 22. (2006-2007) Oslo, 2007
- Kulturdepartementet. «Arkiv.» St.meld. nr 7 (2012-2013). Oslo: Kulturdepartementet, 2012.
- Kulturdepartementet. «Fra grunder til kulturbedrift. Handlingsplan frå Kulturdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet.» Oslo: Kulturdepartementet, 2013.
- Kulturdepartementet. «Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2013» (V-0732). Oslo: Kulturdepartementet, 2013.
- Kulturdepartementet. «Kjelder til kunnskap og oppleveling. Om arkiv, bibliotek og museum i ei IKT-tid og om bygningsmessige rammevilkår på kulturområdet.» St.meld. nr 22 (1999-2000). Oslo: Kulturdepartementet, 1999.
- Kulturdepartementet. «Kultur og næring.» St.meld. nr 22 (2004-2005). Oslo: Kulturdepartementet, 2005.
- Kulturdepartementet. «Kultur, inkludering og deltaking.» St.meld. nr 10 (2011-2012). Oslo: Kulturdepartementet, 2011.
- Kulturdepartementet. «Kulturell skulesekk for framtida.» St.meld. nr 8 (2007-2008). Oslo: Kulturdepartementet, 2007.
- Kulturdepartementet. «Den kulturelle skulesekken.» St.meld. nr 38 (2002-2003). Oslo: Kulturdepartementet, 2003.
- Kulturdepartementet. «Den norske idrettsmodellen.» Meld.St. nr 26 (2011-2012). Oslo: Kulturdepartementet, 2012.
- Kulturdepartementet. *Veiviseren* St.meld. nr. 22. (2006-2007) Oslo: Kulturdepartementet, 2007
- Kulturdepartementet. *Åpen Framtid – en utredning om økonomien og pengestrømmen i filmbransjen*, Ideas2evidence rapport 7/201, 2014
- Kulturdepartemente. *Utredning om incentivordning for film- og tvproduksjon*. Utarbeidet for Kulturdepartementet av Oslo Economics, 2014
- Kulturlova. *Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemnd* av 29. juni 2007 nr 89.
- Kulturminnelova. *Lov om kulturminne* av 9. juni 1978 nr 50.
- Kulturskoleutvalget. «Kulturskoleløftet – Kulturskole for alle.» Oslo: Kulturdepartementet, 2010.
- Kyrkle- og undervisningsdepartementet. «Om organisering og finansiering av kulturarbeid.» St. meld. nr 8 (1973-74), 1973.
- Kyrkle- og undervisningsdepartementet. «Ny kulturpolitikk.» St. meld. nr 52 (1973-74), 1974.
- Miljøverndepartementet. «Framtid med fotfeste : Kulturminnepolitikken». St.meld. nr 35 (2012-2013). Oslo: Miljøverndepartementet, 2013.
- Miljøverndepartementet. «Framtid med fotfeste.» Meld.st. 35 (2012-2013). Oslo: Miljøverndepartementet, 2013.

- Miljøverndepartementet. «Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet.» St.meld. nr 39 (2000-2001). Oslo: Miljøverndepartementet, 2001.
- Miljøverndepartementet. «Leve med kulturminner.» St.meld. nr 16 (2004-2005). Oslo: Miljøverndepartementet. 2005.
- Miljøverndepartementet. «Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging - i medhold av § 6-1 i plan- og bygningsloven. T-1497» Oslo: Miljøverndepartementet, 2011.
- Miljøverndepartementet. «Nasjonal handlingsplan for statleg sikring og tilrettelegging av friluftsområder 2014-2020. T-1534» Oslo: Miljøverndepartementet, 2013.
- Miljøverndepartementet. «Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv 2014-2020.» Oslo: Miljøverndepartementet, 2013.
- Miljøverndepartementet. «Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand». St.meld. nr 8 (1999-2000). Oslo: Miljøverndepartementet, 1999.
- Miljøverndepartementet. «Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand». St.meld. nr 26 (2006-2007). Oslo: Miljøverndepartementet, 2007.
- Pengespellova. *Lov om pengespill mv. av 28. august 1992 nr 103.*
- PLACE, Public Libraries – Arenas for Citizenship. Eit samarbeid mellom forskarar frå HiOA, Universitetet i Tromsø og Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo, støtta av Norges Forskningsråd frå 2007-2012. Henta 19.05.2014. <http://spacesofperformance.blogspot.no/2009/04/place-public-libraries-arenas-for.html#!> Og <http://muniin.uit.no/bitstream/handle/10037/3099/article.pdf?sequence=5>
- Plan og bygningslova. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling* av 27. juni 2008 nr. 71.
- Rekreasjonsareal og nærturterreng, 2011. Statistisk sentralbyrå. Henta 19.05.2014. <http://www.ssb.no/natur-og-miljo/statistikker/arealrek/hvert-2-aar/2012-07-03#content>
- Samferdselsdepartementet. «Nasjonal transportplan 2014-2023.» Oslo: Samferdselsdepartementet, 2013.
- Norsk monitor. Ulike undersøkingar om treningsvanar.
- NOU 1999: 13. *Kvinner helse i Norge.* Oslo: Sosial- og helsedepartementet.
- NOU 2013: 4. *Kulturutredningen 2014.* Oslo: Kulturdepartementet.
- Unesco. *Konvensjon om vern av verdens kultur- og naturarv.* 1972. 16.05.2014. <http://unesco.no/wp-content/uploads/2012/12/UNESCOs-konvensjon-av-1972-om-vern-av-verdens-kultur-og-naturarv1.pdf>
- Utdannings- og forskingsdepartementet. «Ei blot til lyst.» St.meld. nr 39 (2002-2003). Oslo: Utdannings- og forskingsdepartementet, 2003.
- Utdanningsdirektoratet. Skolebibliotek – evaluering av utviklingsprogram. Henta 19.05.2014. <http://www.udir.no/Tilstand/Forskning/Rapporter/NIFU/Skolebibliotek--evaluering-av-utviklingsprogram/>
- Utanriksdepartementet. «Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven». St.ppr. nr 75 (2005-2006). Oslo: Utanriksdepartementet, 2006.
- Utanriksdepartementet. «Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 20. oktober 2005 om å verne og fremme et mangfold av kulturredtrykk.» St.ppr. nr 76 (2005-2006). Oslo: Utanriksdepartementet, 2006.
- Vestfold fylkesbibliotek. *Brukerundersøkelse 2013: kvantitativ telefonundersøkelse mai-juni 2013.* Henta 19.05.14. http://www.vfk.no/Documents/vfk.no-dok/Kultur/Styringsdokumenter/Vestfold%20fylkesbibliotek_Brukerunders%C3%B8kelse%202013_ekster_n.pdf
- Wenger, E.. *Communities of Practice.* Cambridge: Cambridge University Press, 1998.
- Wollebæk og Sivesind. *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997–2009.* Oslo: Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor, Rapport 2010:3.